

Gol kommune



Handlingsprogram

med tekstdel til

Økonomiplan 2012 – 2015

og

Årsbudsjett 2012

Avdelingane sine framlegg til politisk behandling

INNHALD

0. GRUNNLAG FOR ARBEIDET MED HANDLINGSPROGRAMMET

0.1.	Kommuneplan for Gol – samfunnsdelen; mål for kommunen	s	5
0.2.	Generelt om arbeidet med Handlingsprogrammet	s	7
0.3.	Budsjettdirektiv for arbeid med Økonomiplan 2009-2012 og Budsjett 2009	s	9

1. ØKONOMIPLAN 2009-2012

1.1.	Behovsoversikt investering – avdelingane sine framlegg	s	11
	1.1.1. Stab		
	1.1.2. Sektor for Natur og næring		
	1.1.3. Sektor for Kultur og Levekår		
	1.1.4. Gol Byggedrift Kommunalt Foretak		
1.2.	Behovsoversikt drift – avdelingane sine framlegg	s	15
	1.2.1. Stab		
	1.2.2. Sektor for Natur og næring		
	1.2.3. Sektor for Kultur og Levekår		

2. FRAMLEGG FRÅ AVDELINGANE

2.1.	STAB	s	19
	2.1.1. Økonomiavdelinga		
	2.1.2. Løns- og personalavdelinga	s	21
	2.1.3. Sekretariatet	s	23
	2.1.4. Plan og utvikling		
	IKT-avdelinga	s	25
	Skulefagleg rådgjevar		
	Kommuneplanleggjar		
2.2.	NATUR OG NÆRING		
	2.2.1. Næringsavdelinga	s	27
	2.2.2. Utbyggingsavdelinga	s	31
	2.2.3. Kommunalteknisk avdeling	s	35
2.3.	KULTUR OG LEVEKÅR		
	2.3.1. Gol barnehage	s	39
	Felles for grunnskulen	s	43
	2.3.2. Herad skule	s	47
	2.3.3. Gol skule	s	51
	2.3.4. Gol ungdomsskule	s	57
	2.3.5. Gol vaksenopplæring	s	63
	2.3.6. Omsorgsavdelinga	s	67
	2.3.7. Sosialavdelinga	s	71
	2.3.8. Barnevernet	s	73
	2.3.9. Helseavdelinga	s	75
	2.3.10. Kultur- og informasjonsavdelinga	s	83

0. GRUNNLAG FOR ARBEIDET MED HANDLINGSPROGRAM 2012-2015

0.1 Kommuneplan for Gol – samfunnsdelen – vedteken 16.06.09 i K-sak 36/09.

Visjon Gol 2008 - 2020: Samarbeid formar framtida

OVERORDNA MÅL

- ☺ Gol kommune skal vera styrt i pakt med natur og menneske i eit langsiktig perspektiv.
- ☺ Utvikling av Gol kommune som samfunn skal ta vare på behova til komande generasjonar.
- ☺ Gol kommune skal vera ein kommune som folk trivst i, flyttar til og blir integrerte i.
- ☺ Gol kommune har bruk for aktive, kreative, deltakande og skapande innbyggjarar.

1. BU- OG LEVEKÅR

Gol kommune skal vera ein kommune det er godt å vekse opp i, bu i og bli gammal i.

Bustad og bummiljø

Gol kommune skal leggje til rette for eit variert bustadtilbod med trygge, sunne og sikre nærmiljø.
Gol kommune skal vera ein føregangskommune for mangfald og fleirkulturell sameksistens.
Gol kommune skal leggje til rette for trivsel, samhandling og godt sosialt miljø.

Oppvekst

Alle vaksne skal vera medansvarlege for å gje barn og ungdom ein god oppvekst.
Gol kommune skal leggja til rette slik at barn og unge skal kunne opphalde seg og ferdast trygt.
Alle skal ha høve til å delta i varierte og meningsfylte fritidstilbod.

Omsorg

Alle skal oppleva å bli møtt med respekt og tillit.
Ulike behov skal møtast med individuell tilrettelegging.

Arbeid

Alle skal ha økonomisk tryggleik, primært gjennom inntektsgjevande arbeid for alle arbeidsføre.
Alle skal oppleva å vera til nytte gjennom yrkesliv eller annan meningsfylt aktivitet.

2. NATUR OG KULTUR

Gol kommune skal ta vare på natur og miljø.
Gol kommune skal ta vare på og vidareutvikle kulturarv og tradisjonar i eit fleirkulturelt samfunn.

Natur

Naturlege biotopar for vilt, planter, fugleliv og fisk skal takast vare på.
Gol kommune skal medvirke til heilskapleg forvaltning av naturressursane gjennom forvaltningsplanar og konkrete tiltak.
Skånsam tilrettelegging skal gjera det attraktivt å nytte naturen.

Kultur

Kulturminne skal sikrast gjennom vern og bruk.
Gol kommune skal leggje til rette for mangfald og kvalitet i kulturtilbodet med Hallingmo som naturleg midtpunkt.
Gol kommune skal medverke til å styrkje sosialt fellesskap gjennom tilrettelegging for aktivitet i frivillige lag og organisasjonar.
Gol kommune skal leggje til rette for fysisk aktivitet, både som førebyggjande helsearbeid, som fritidssysse og som profilering av Gol som attraktiv bu- og reiselivskommune.

3. LÆRING OG KUNNSKAPSUTVIKLING

Gol kommune skal vera blant dei fremste i landet når det gjeld læringsmiljø og kunnskapsutvikling.
Gol kommune skal vera eit sentrum for spennande kunnskapsbedrifter og kreative fagmiljø.

Læringsmiljø

God grunnutdanning og livslang læring skal sikre velferd og livskvalitet for innbyggjarane i kommunen.
Eit godt barnehage- og skuletilbod skal sikre kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv/arbeidsliv.
Det skal leggjast til rette for eit inkluderande læringsmiljø med rom for mangfald slik at alle kan oppleve meistring, utvikling og vekst i eit stimulerande miljø.
God fagkompetanse i barnehage og skule skal sikrast ved aktive rekrutteringstiltak.

Kompetanseheving og fagmiljø

Gol kommune vil arbeide for at kunnskapsbedrifter og fagmiljø skal kunne etablere seg i kommunen.
Kommunen vil vera med å leggja til rette for at vidareutdanning og kompetanseheving skal vera tilgjengeleg for alle.
Gol kommune skal leggja til rette for kompetanseheving for alle sine tilsette.

4. FOLKEHELSE

Gol kommune skal arbeide målretta for god og likeverdig helse i heile befolkninga. Kommunen skal motivere til og legge til rette for fysisk aktivitet og friluftsliv både for innbyggjarane og for tilsette.

Helse i plan

Det skal takast omsyn til helse i all planlegging.

Bygningar og tilrettelagt uteareal skal vera tilgjengelege for alle (universell utforming).

Førebygging

Gol kommune skal arbeide for å fremje god helse i heile befolkninga i arbeid og fritid.

Livsstilssjukdommar skal førebyggjast gjennom fokus på kosthald, rus, tobakk, psykisk helse, kultur og fysisk aktivitet.

Kommunen skal gje tenestetilbod som brukaren i størst mogleg grad kjenner til, som skaper tryggleik, og der brukaren er aktivt medverkande.

Behandling og rehabilitering

Kommunen skal tilby nødvendig helsehjelp som dekkjer behov for pleie, omsorg, behandling og rehabilitering.

Det skal arbeidast tverrfagleg for å samordne tilbod til menneske med psykiske vanskar, med særleg vekt på barn og unge.

5. NÆRING OG SAMFERDSEL

Gjennom tilrettelegging av moderne infrastruktur skal kommunen vera samarbeidspartnar i utvikling av eit variert, konkurransedyktig og berekraftig næringsliv (landbruk, industri, reiseliv, handel og tenesteyting).

Landbruk

Produksjonsareala skal ikkje takast i bruk til andre føremål utan at andre svært viktige samfunnsinteresser tilseier det.

Kommunen skal ha fokus på landbruket som viktig verdiskapar av mat, kulturlandskap og miljø.

Det tradisjonelle landbruket skal vidareutviklast som nyskapande næring, gjensidig nytteverdi med reiselivet og rolla for busetnad.

Utnyttinga av jord- og skogressursane skal skje på ein berekraftig måte.

Industri

Gol kommune skal ha tilgjengeleg areal for nyetablering i og utanfor sentrum.

Reiseliv, handel og tenesteyting

Gol kommune skal stimulere til eit framtidretta reiseliv og til samarbeid mellom aktørane.

Gol skal vera den fremste staden i Hallingdal for detaljhandel og privat og offentleg tenesteyting.

Gol skal vera attraktivt som framtidretta reisemål.

Gol-på-tvers-modellen blir kommunen sin hovudstrategi for å etablere ein "utviklings-motor" for Gol.

Samferdse

Kollektive transportmiddel skal vera viktigast for persontransport til og frå Hallingdal.

Gol kommune skal arbeide for raske og effektive transportkorridorar på både veg og bane

Kommunalt vegnett skal ha normal god standard.

6. REGIONSENTER

Gol som regionsenter skal arbeide for å utvikle funksjonar, tenester og tilbod som styrkjer heile Hallingdal.

Regionalt samarbeid

Gol kommune skal bidra aktivt i regionalt samarbeid i utvikling og gjennomføring av Strategisk plan for Hallingdal.

Gol kommune vil arbeide for å etablere nye regionale tilbod som betrar kvaliteten på tenestene til innbyggjarane i Hallingdal.

Reine administrative funksjonar skal samordnast i størst mogleg grad.

Regionale funksjonar

Gol kommune vil arbeide for at eksisterande statlege og fylkeskommunale oppgåver blir i Hallingdal.

Nye statlege, fylkeskommunale og interkommunale funksjonar som skal dekkje heile Hallingdal, skal lokaliseras til Gol så langt det er føremålstenleg.

Gol kommune skal i samarbeid med dei andre kommunane samordne, utvikle og tilby tenester for heile regionen.

0.2 Generelt om arbeidet med Handlingsprogrammet

Kommuneplanen er eit styringsverktøy for korleis kommunens naturressursar, økonomi og organisasjon samla skal nyttast for å løyse oppgåver for fellesskapet.

Det må vera ein klar samanheng mellom måla i kommuneplanen, økonomiplan og årsbudsjett. Denne samanhengen skal synleggjerast i handlingsprogrammet. Handlingsprogrammet med tilhøyrande økonomiplan er ein 4-årig rullerande plan for korleis avdelingane/kommunen vil realisere måla som er uttrykte i kommuneplanen. Årsbudsjettet viser prioriterte tiltak.

Gjennom dokumentasjon i årsmeldinga blir samanhengen rapportert, dokumentert og sikra. Vedtekne mål skal prioriterast i handlingsprogrammet med økonomiplan og rapporterast på i årsmeldinga slik at det gir styringssignal for utviklinga vidare. I neste handlingsprogram blir mål og tiltak rullerte og justerte.

Det følgjande dokumentet er avdelingane sine framlegg til Handlingsprogram med tekstdel til Økonomiplan 2012-2015 og Årsbudsjett 2012.

Føremålet med dette dokumentet er å gje politikarane oversikt over avdelingane sine behov på eit så tidleg tidspunkt som råd.

Samtlege avdelingar har sett opp forslag til driftsbudsjett for 2012 og økonomiplan for 2012-2015 i samsvar med budsjett for 2011, reknskap for 2010, vedtekne endringar og budsjettdirektiv datert 10.06.11.

Driftsbudsjettets taldel for 2012 er lagt inn i Økoplan-systemet.

Lønsbudsjettet er lagt inn med vedtekne stillingsheimlar og baserer seg på avlønning per august 2011.

Alle beløp i tabellane er i 1 000 kroner

Dei fleste avdelingane har ikkje fullført arbeidet med årsbudsjettet. Derfor kan det koma justeringar i forhold til taldelen – også sett i forhold til gjennomføring av eventuelle innsparingstiltak.

I enkelte avdelingars framlegg er det eit eige avsnitt med konsekvensar av innsparingane i 2010 som er vidareført for 2011.

Delen som tidlegare omfatta Måloppnåing, er utelaten i det avdelingane viser til Årsmelding 2010.

Rådmannen sitt samla framlegg kjem seinare.

Endeleg Handlingsprogram, Økonomiplan 2012-2015 og Årsbudsjett 2012 blir utarbeidd etter den politiske behandlinga.

Gol, 01.07.2011

Notat

Til : Avdelingsleiarar
Kopi til : Gol Byggdriфт K/F, Skatteoppkrevarer, GKE A/S, Gol Kyrkjeleg Fellesråd
Frå : Hege Mørk, Astrid M. Rust, Svein Thorsnes
Sak : **ÅRSBUDSJETT 2012, HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2012-2015**

Saksnr./Arkivkode
11/1681 - 145

Stad
GOL

Dato
10.06.2011

BUDSJETTDIREKTIV FOR ÅRSBUDSJETT 2012 OG HANDLINGSPROGRAM 2012 - 2015 MED ØKONOMIPLAN

For å kunne presentere eit budsjett og ein økonomiplan i balanse for formannskapet i november, er det naudsynt å starte prosessen med Handlingsprogrammet og Økonomiplan m/budsjett no. Dette budsjettdirektivet er utarbeidd på bakgrunn av dei signala vi har fått i økonomikonferansen og kommuneproposisjonen.

Budsjett og økonomiplan skal utarbeidast med basis i Handlingsprogram med økonomiplan 2011 – 2014 og Årsbudsjett 2011 og vedtekne endringar gjennom eigne kommunestyrevedtak. Utover dette skal avdelingane i utgangspunktet leggje inn eit budsjettforslag som berre vidarefører eksisterande drift med dei føresetnader som elles går fram av dette skrivet.

Dette medfører at det vil vere dei reduserte rammene kommunestyret vedtok for 2011, som skal vidareførast. Avdelingane må gjere greie for korleis desse rammene kan vidareførast i planperioden, og kva tiltak og endringar i drift, organisering og tenestetilbod som kan gjere det mogleg å drive innanfor slike rammer. Avdelingane må i sine Handlingsprogram / tekstdelen til økonomiplan og årsbudsjett beskrive desse tiltaka og konsekvensar av tiltaka. Sektorutvala vil få tilsendt handlingsprogramma til første møteveke etter ferien. Det er også eit ønskje frå utvala at avdelingane sine framlegg til nye betalingssatsar, gebyr og liknande vert lagt fram for utvala under budsjetthandsaminga.

Lønsbudsjett

- Lønsbudsjettet skal leggjast inn med dei stillingsheimlane/rammetimane som er vedtekne – korrigert for reduksjonane i 2010 og 2011. Det betyr at stillingar som vart tekne ut under saldering av budsjetta for 2010 og 2011 framleis ikkje skal med.
- Løn per august 2011 skal leggjast til grunn med regulativløn per august 2011. Lønsendringar etter dette tidspunktet blir lagt inn sentralt. Løns- og personalavdelinga vil så snart som råd, utarbeide nødvendige rapportar til hjelp ved budsjettering per avdeling/arbeidsstad og sende desse elektronisk til respektive avdelingsleiarar.
- Pensjonspremiar skal budsjetterast med:
 - KLP skalt førebels haldast uendra på 12,5 % for arbeidsgjevars del.
 - Statens Pensjonskasse (lærarane) blir no **11,24 %** som arbeidsgjevars del.

Vi har ikkje fått prognosane frå KLP enno. Dersom tilrådde satsar blir endra, vil vi gje melding om det.

- Arbeidsgjevaravgift skal budsjetterast med 10,6 % for alle arbeidstakarar.
- Feriepengar er 12 % av grunnlag for arbeidstakarar under 60 år.
Dette utgjer 1,23 % i påslag på brutto årsløn. (Brutto årsløn – (månadsløn X 30/26)) x 112/100.)

For arbeidstakarr over 60 år er feriepengane 14,3 % av grunnlag.

Dette utgjer 1,11 % i påslag på brutto årsløn. (Brutto årsløn – (månadsløn X 36/26)) x 114,3/100.)

Alternativt kan det nyttast eit påslag på 1,20 % i gjennomsnitt for alle arbeidstakarar.

- Økonomisjefen vil leggje inn sentral pott for lønsjusteringar per 1 mai 2012.

Eventuelle endringar i driftsnivået for 2012 og vidare utover økonomiplanperioden vil bli utrekna så snart statsbudsjettet er lagt fram.

2. Driftsbudsjett

- Prisstigning på kjøp av varer og tenester skal leggjast inn med **2,5 %** auke i forhold til 2011.
- Kommunal deflator, dvs auke i prisen på kommunale tenester og gebyr er sett til **4 %** (eigenbetaling). For avgifter på vatn, avlaup og renovasjon skal kommunalteknisk avdeling rekne ut og budsjettere ut frå oppdaterte utrekningar. Desse avgiftene må vurderast mot dekningsgrad og sjølvkost og justerast etter dette.
- Kjøp av elektrisk energi skal haldast på same nivå som i 2011 dersom forventa forbruk er uendra.
- Forslag til budsjettvedtak vil bli lagt inn som dokument i endeleg budsjettsak. Avdelingane er ansvarlege for endringar som må gjerast i forhold til forrige budsjettvedtak. Dette legg avdelingane fram for sine sektorutval. Forslaga frå desse skal med i det avsluttande budsjettarbeidet når endeleg forslag til budsjettvedtak skal formulerast.

3. Investeringsbudsjettet

I utgangspunktet skal prioriteringane i gjeldande økonomiplan/handlingsprogram vidareførast. Dersom avdelingane ser behov for å justere eller endre prioriteringane for sine prosjekt, skal dette grunnleggjast særskilt i forslaget frå avdelinga. Nye tiltak skal beskrivast, og dei skal i utgangspunktet bli føreslått lagt inn i siste år i planperioden.

Ønskje ut over investeringsramma skal beskrivast og stipulerast økonomisk (investering og drift) under nye tiltak.

4. Handlingsprogram med tekstdel til Økonomiplan 2012-2015.

Økonomiplan for 2012 - 2015 skal utarbeidast i faste prisar.

Som i fjor tek vi sikte på å utarbeide Handlingsprogram med tekstdel til Økonomiplan 2012 – 2015 og Årsbudsjett 2012 i eit samla dokument der første året vil vere årsbudsjettet for 2012.

Avdelingane blir bedne om å utarbeide sine program med framlegg til nye tiltak etter den malen som framgår av endeleg Handlingsprogram med tekstdel til Økonomiplan 2011-2014.

Heile fjorårsdokumentet er å finne under

R:\Gol\Felles\Handlingsprogram\2012-2015\Handlingsprogram 2011-2014.

Fjorårets utgåve er splitta opp og lagt avdelingsvis på

R:\Gol\Felles\Handlingsprogram\2012-2015\Avdelingsvis 2011-2014, utg.pkt for 2012-2015.

Når avdelingane har framlegget til Handlingsprogram med tekstdel til Økonomiplan 2012-2015 klart, legg dei det i mappa

R:\Gol\Felles\Handlingsprogram\2012-2015\2012-2015 Framlegg frå avdelingane

Det er meininga at det skal vera ein klar samanheng mellom måla i kommuneplanen, økonomiplanen og årsbudsjettet. Denne samanhengen blir synleggjort i handlings-programmet. Gjennom dokumentasjon i årsmeldinga blir samanhengen rapportert, dokumentert og sikra. Når desse to dokumenta fungerer saman på denne måten, fell behovet for den tidlegare måloppnåingsdelen i handlingsprogrammet bort. Siste handlingsprogrammet hadde ikkje dette med.

Dei som likevel meiner det er nødvendig å vise måloppnåing i samband med handlings-programmet, lagar ein måloppnåingsdel for si avdeling tilsvarande den frå tidlegare år i eige dokument og legg i mappa R:\Gol\Felles\Handlingsprogram\2012-2015\Måloppnåingsdel

Saksnummeret som skal brukast i ESA, er **11/1681**

Frist for ferdigstilling av framlegg frå avdelingane er fredag 24.juni 2011.

Forslag til nye tiltak og ekstraordinær auke i avdelingane sine Handlingsprogram vil bli lagt inn i detaljert budsjett av økonomisjefen når kommunestyret eventuelt har vedteke å ta dei inn.

ÅRSBUDSJETT 2012

Økonomisjefen vil i løpet av juli klargjere budsjettssystemet i Økopl. Dersom nokon føler behov for meir opplæring, må dei kontakte økonomisjefen.

Dersom det er spørsmål til korleis budsjettpremissane er å forstå, kan ein kontakte rådmann eller økonomisjef. Spørsmål vedr innlegging av detaljbudsjett i Økoplansystemet skal rettast til økonomisjefen.

Avdelingane må ha lagt inn sine forslag til detaljbudsjett 2011 seinast innan

Måndag 5. september 2011

Forslaga frå dei interkommunale verksemdene samt Kyrkjeleg Fellestråd, GB-KF og GKE A/S må også vere klare til denne dato. Dersom ein ikkje har vore gjennom styrebehandling, ber vi om å få oversendt dei administrative forslaga innan 5. september 2011.

Avdelingane sine forslag til handlingsprogram vil bli klargjort for trykking i løpet av juli. UKL og UNN skal ha desse tilsendt til møteveka i august. Utvala planlegg sjølv gjennomgangen av forslaga. Avdelingane må likevel vere budde på at gjennomgangen av handlingsprogramma kan ta til i utvala i august.

Den vidare behandlinga er planlagt slik:

- Statsbudsjettet vert lagt fram i første halvdel av oktober.
- Budsjett og Økonomiplan blir presentert for heile kommunestyret på ein budsjettkonferanse 20. oktober
- Formannskapet behandlar budsjettet første gang 20. oktober i etterkant av budsjettkonferansen. Ytterlegare bestillingar til avdelingane/sectorutvala kan bli bestemt der.

- Behandling i UNN og UKL er planlagt i 2 rundar:
 - 25. og 26.oktober
 - 15. og 16. november

- Sluttbehandling i formannskapet er sett til 24. november, og kommunestyrebehandling 20. desember.

Hege Mørk
Rådmann

Astrid M. Rust

Svein Thorsnes

1. ØKONOMIPLAN 2012 - 2015

1.1. Behovsoversikt investering - avdelingane sine framlegg til investering

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
LØNS- OG PERSONALAVDELINGA					
	Ingen framlegg til nye investeringar.				
SEKRETARIATET					
	Ingen framlegg til nye investeringar.				
PLAN- OG UTVIKLING, IKT-AVDELINGA					
	Nye behov lokalt, tilknytingar og fellestiltak	200	200	200	200
	IKT-Hallingdal	600	600	600	600
NÆRINGS-AVDELINGA					
	1. Gardskartprosess	100			
	2. Investering i eit nytt og betre kartgrunnlag for framtidig planlegging som eit ledd i ny skogbruksplan	100			
	3. Rev. næringsplan og reiselivsplan for Gol	?	?		
	4. Utarbeiding av ny beitebruksplan i Gol	90			
	5. Revisjon av nykartlegging av biologisk mangfald i Gol	50	50		
UTBYGGINGSAVDELINGA					
3030	Innspel til 2014 prosjekter og Geodataplan			250	
3030	Nytt GPS målesystem m. CPOS	200	20	20	20
3020	Interkommunal tilsynsordning (vidareføring)	200	210	220	230
KOMMUNALTEKNISK AVDELING					
Vidareføring av tiltak – jf. Økplan 2010-2013 med nye tiltak og endringar (<i>i feitt skrift og kursiv</i>)					
0.4310	<u>Vassforsyning</u> 1. Sanering/rehabilitering ledningsnett 2. Utskifting hovudledning del III (prosjekt 124) 3. Utviding av Heslasvingen høgdebasseng 4. Oppgradering trykkaukingsstasjonar i Briskevegen og Steinvegen. 5. Utskifting traktor driftsavd. (delfinans.)	350 1 900 50	350 200	350	350 4 000
0.4320	<u>Avløp</u> 1. Sanering/rehabilitering ledningsnett 2. Ny innløpsrist Golsfjellet RA 3. Kjøp av slamcontainere Gol RA 4. Utskifting bil driftsoperatør 5. Utskifting traktor driftsavd. (delfinans.)	350 250 150 50	350 200	350	350
0.4330	<u>Renovasjon</u> 1. Nytt returpunkt Rekkjeset. Erstatning for Kambenkrysset og bom Golsfjellet aust.		200		
0.4350	<u>Kommunale vegar</u> 1. Trafikktryggleikstiltak kommunal eigendel (frå drift) 2. Utskifting av traktor (delfinansiering)- sjå vatn/avløp 2010/12 3. Utskifting av utstyr til traktor. 4. Asfaltering av p-plass v/austre avkøyering Rv7 5. Rehabilitering Eiklid bru	100 350 200 120 1 000	100 200	100	100 350

	6. Utskifting bil driftsavdeling				
GOL BARNEHAGE					
3132- Vesterhuset	Utbygging av ei ny avdeling og personalavdeling, oppussing/påbygging av to avdelingar, og utbetring av uteleikeplassen og parkering, spesielt høgare gjerde	2 500	4 000		
3133- Breidokk	Oppsetting av faldevegg, Høgare gjerde rundt delar av barnehagen, motorvarmare	120	30		
3134- Rotneim	Utbetre ventilasjon, solskjerming, påbygging av garderobe for barn og tilsette inkl. takoverbygg, div. renovering inne/måling ute	500	700	800	
3135- Åsgardane	Utbetre kloakk, støydemping, garderobe og toalett tilsette, takoverbygg til vogner, måling utvendig, utvide parkering	80	200	100	20
3136- Øygdane	Solskjerming og ventilasjonsanlegg (enkelte rom og/eller nytt anlegg), utbetring av tett kloakk, branntrapp, utvendig takoverbygg, snøfangere, utvide parkering, måling utvendig	400	400	400	500
3137- Hallingmo	Ny varmekabel for vasstilførsel, utbetring av gjerdet, vegg og dør i garasjen i staden for garasjeportar, asfalt, parkering	50	20	100	30
3138-Fagerlund	Klatrestativ	30			
HERAD SKULE					
	Utbygging av skulekjøkken (ikkje prissett)				
	Utbygging av kroppsøvd. (ikkje prissett)				
	Klasserom og grupperom (ikkjeprissett)				
	Solskjerming mot rv.7	75			
	Oppgradering av sløydsal (ikkje prissett)				
3112.2021	Digitalt utstyr. Ny maskinvare og digitalt utstyr for å gjennomføre bruk av digitale verktøy som basisferdighet jf. Kunnskapsløftet	40	40	40	
GOL SKULE					
3111.2221	Ombygging/utbygging		5 000	5 000	5 000
	Utskifting av gjerde på storskulen. Pris ferdig oppsett gjerde.	80	75		
	Måling i dusjanlegg kroppsøvingsavd.	10			
	Solskjerming i undervisningsrom mot aust Glitrehaug.	20			
	Ny markiseduk på storskulen	125			
	Gjerde mot Hemsedalsvegen på Glitrehaug	60			
3111.2021	Innkjøp av tilleggsmodul til skuleadm. system	10			
	Naturfagsutstyr	20	20		
	IKT-utstyr: Utskifting og supplering	180	180	180	
	Trivselsprogrammet	20	12	12	12
	Nye lærebøker RLE	50			
3111.2151 SFO	Brannsikringstiltak SFO jf. Tilsynsrapport 15.07.03 (ikkje kostnadsrekna)				
	Varmtvassberedar	18			
GOL UNGDOMSSKULE					
3114 2021	Nye lærebøker i samband med Kunnskapsløftet.	50	70	100	100
	Ny maskinvare og digitalt utstyr for å gjennomføre bruk av digitale verktøy	300	300	300	300

	som Basisferdigheit, jf. Kunnskapsløftet				
	Leige av brakke, nytt klasserom	70	70	70	70
	Datanett til alle undervisningsrom, jf. bruk av digitale verktøy som basisferdigheit i Kunnskaps-løftet. Oppgradering av det trådlause nettverket.	40	40	40	40
	Realfagsutstyr	40	30	10	10
3114 2221	Måling av korridorar og undervisningsrom	20	10	10	10
	Utskifting av vindauge	500	500	300	
	Solskjerming i undervisningsrom	40	20		
	Opprusting av personalavdeling	50	50		
	Renovering av elev-toalett	100	100		
	Grupperom	50	50	20	20
	Vask fysikksal og ventilasjon	80			
	Avtrekk lakkrom	80			
	Avtrekk vaskerom - reinhald	20			
LÆRINGSSENTERET GOL VAKSENOPLÆRING					
1230031502134	Måling fasade Lysbo	110	110	110	
1200031502134	Elevpultar. Utskifting. 15 stk pr år	20	20	20	20
3150	Husleige-Drift Lysbo	510			
3150	Husleige - drift andre lokalitetar		1 800	1 800	1 800
OMSORGSDELINGA					
3400	Ombygging av Gol helsetun – ny inngang, resepsjon, kontorlokale og møterom	2 500			
3410	Utviding og utbetring av institusjonskjøkkenet		800	0	0
3410	Kjøkkenmaskinar	150		0	0
3420	Ombygging Gol helsetun til rehabiliterings- og korttidsavdeling.	*			
3420	Alarm-/ringjesystem på Gol helsetun	1 000	0	0	0
3431	Personalfasilitetar i Helsetunvegen		*		
SOSIALDELINGA (NAV)					
	Ingen framlegg til nye investeringar.				
BARNEVERNET					
	Frå 2011 vart Ål kommune vertskommune for dei 5 andre kommunane i Hallingdal. Det skal heretter kvart år gjerast vedtak om eit samla budsjett for barneverntenesta. Dei faste driftutgiftene som lokale, personale, offentlege avgifter m.m. skal fordelast etter den vedtekte fordelingsnøkkelen for regionen. Kvar kommune har det økonomiske ansvaret for tiltak og andre eksterne kostnader knytta til barnet i den enkelte kommune.				
HELSEDELINGA					
3220.2411	NØDNETT	100			
3220.2411	Framkallermaskin. Legekontor utskifting	200			
3220.2411	IT-utstyr. Legekontor utskifting			120	
3220.2411	Helsenett	100			
3221.2413	Tredemølle		60		
3221.2413	Behandlingsbenk ekstra breidde			44	
3220.2411	Leasingbil legekontor	72			

KULTUR- OG INFORMASONSAVDELINGA					
3510	Gol bibliotek – utbygging				40 000
3510	Gol bibliotek - skifte/oppgradering av nedslitt inventar		100		
3510	Gol bibliotek – skifte av golvbelegg	230			
3531	Hallingmo idrettspark – rehabilitering av fotballbane og løpebane.	3 300			2 100
	Prosjektet utløyer tilskot frå spelemidlane	-1 000			-700
3541	Ungdomsklubb – oppgradering av uteområdet med paviljong og sandvolleyballbane		100	100	
3560	Sceneelement	45	45		
3580	Gol kulturskule – renovering av undervisningsrom og toalett	150	150		
3580	Gol kulturskule – utvida undervisningsareal og konsertlokale	Ikkje kostnadsrekna			
3580	Gol kulturskule –spesialutstyr til dans/teater/musikk/visuell kunst/matkultur og musikkstudio	60	60		
3580	Gol kulturskule - tilhenger og utstyr til turneverksemd	90			

1.2. Behovsoversikt drift – avdelingane sine framlegg til drift

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
LØNS- OG PERSONALAVDELINGA					
2200.1204	AGS 2020 - kompetanseutvikling	200	200	200	200
2200.1204	Lærlingar helsefagarbeidar, netto	330	330	330	330
2200.1204	Seniorpolitiske tiltak	300	300	300	300
2200.1208	Opplæring, regionalt samarbeid, netto	100	100	100	100
2200.12.04	Tilskot til bedriftsintern attføring i avd.		200	200	200
SEKRETARIATET					
2100.1206	Vurdere oppg. og organisatoriske spm	50	50	50	50
2100.1206	Utvikling og komm.-reg. samarb.	100	100	100	100
PLAN- OG UTVIKLING, IKT-AVDELINGA					
	Ingen framlegg til drift.				
NÆRINGS-AVDELINGA					
	Oppretthalde støtte til Nlr	30	30	30	30
	Miljøfyrtårn	50	50	50	50
	Enøk fond	450	450	450	450
UTBYGGINGSAVDELINGA					
1206	Løn ny medarb., (Prosjektlear) Eigedomsskatt	560	200?	210?	220?
1206	Eigedomsskatt	?	?	?	?
KOMMUNALTEKNISK AVDELING					
4310/4320	<u>Vassforsyning og avløp</u> Innleie av konsulent for registrering av ledningskartverk.	30	30	30	30
4330	<u>Renovasjon</u> Drift/vedlikehald av returpunkt i Gol	50	150		
4350/4351/ 4352	<u>Kommunale vegar</u> Asfaltering/utbetring av vegar Auke i drift/vedlikehald kommunale vegar og bruer	1 100 400	1 100 400	1 100 400	1 100 400
GOL BARNEHAGE					
3130- 3138	IT-utstyr/digitalt verktøy tilsette IT-utstyr til bruk for barna jf. krav i rammeplan Trådløst nettverk og naudsynt utstyr til dette	50 40 30	50 40	50 40	50 40
3130-3138	Oppstart av Friskliv igjen for Gol barnehage med frukt og grønt, trim, stressmestring	60	60	60	60
3130-3138	Klesgodtgjering for tilsette med 500 kroner i året	30	30	30	30
3132-3138	Utsifting av større uteleiker ved alle barnehagane	60			
HERAD SKULE					
3112.2021	1. Vidareføring av lærarstilling	420	420	420	420
	2. 75% assistentstilling – inkl. leksehjelp med 110 000 kroner	305	305	305	305
	3. Kompetanseheving jf. Kunnskapsløftet. (vikarressurs)	30	30	30	30
	4. Drift av IKT-nettverk/elevmaskiner	100	100	100	
GOL SKULE					
3111.2021	1. Auka timerressurs for betre tilpassa opplæring.	2 200	2 200	2 200	2 200
	2. Auka timerressurs for særskilt norskopplæring av minoritetsspråklege	200	200	200	200

	elevlar.				
	3. Ny time frå 2010.	115	115	115	115
	4. Leksehjelp 1.-4.kl	320	320	320	320
	5. Leksehjelp 5.-7. kl.	25	25	25	25
	6. Overgang til 5-dagars-veke for alle årstrinn	530	530	530	530
	7.Administrasjonsressurs til Glitrehaug.	132	132	132	132
	8. Kompetanseheving jf. Kunnskapsløftet. (vikarressurs)	100	100	100	100
	9. Tid til medråderett Glitrehaug	20	20	20	20
	10. Auke i post for fritt skulemateriell	7	7	7	7
	11. Auke i post for arbeidsmateriell	9	9	9	9
	12. Drift av fysisk aktivitet	60	60	60	60
3111.2151 SFO	1. Ikkje auke i satsar for foreldrebetaling	40	40	40	40
	2. SFO-tilbod i feriane	100	100	100	100
	3. Heildagstilbod for 1.og 2. klasse	45	45	45	45
GOL UNGDOMSSKULE					
3114 2021	Auka timerressurs for å gi elevlar som startar på Gol ungdomsskule 2010 tilpassa opplæring og undervisning, jf. uttale frå PPT	1 200	1 200	1 200	1 200
	Drift av datanettet,.innkjøp nye maskinar	300	300	300	300
	Kompetanseheving, jf. Kunnskapsløftet	90	90	90	90
	Drift av IL@skolen	148	148	148	148
	Vedlikehald og oppgradering av datamaskinar	100	100	100	100
	Utvide ekskursjonsbudsjettet for å fylgje årsplanar for fag	100	100	100	100
	Utvide bibliotekarstilling	120	120	120	120
	Utdanningsvalg	40	40	40	40
	Drift av MOT	30	30	30	30
LÆRINGSENTERET GOL VAKSENOPLÆRING					
131502751	Introduksjonsprogram	100	100	100	100
131502131	Grunnskuleopplæring etter opplæringslova §4A1	500	500	500	500
131502133	Spesped opplæringslova §4A2	900	900	900	760
131502133	Logopedi Spesped oppl. lova §4A2	117	117	117	117
OMSORGSAVDELINGA					
3400	Stillingsheimlar for faste vikarar	0	0	0	0
3400	Opplæring	200	200	200	200
3400	Modul i turnusprogrammet Notus	130	27	27	27
3400	Saksbehandlar omsorgstjenester	300	300	300	300
3400	Driftsansvarleg og superbrukere Gerica	500	500	500	500
3400	Automatisk tilgangsstyring Gerica	70			
3410	Driftsauke kjøkken, 0,9 årsverk	450	450	450	450
3411	Utvida tilbod om; (jf. Omsorgsmeldinga) BPA (borgarstyrt personleg assistanse), omsorgsløn, støttekontakt, privatavlastning og skoleavlastning	200	250	300	300
3411	Utvikling av alternative arbeidstilbod; Inn på tunet/Grøn omsorg – tiltak (sjå Næringsavdelingas tiltak), jf. Omsorgsmeldinga.	300	300	300	300
3412	Nattevakt omsorgsbustader Torstadvegen 1,7 årsverk	1 100	1 100	1 100	1 100
3420	Korttidsavdeling, 10 plassar				
	- Bemanning 6 årsverk	3 000	3 000	3 000	3 000
	- Mat	300	300	300	300

	- Medisin	150	150	150	150
	- Medisinsk utstyr	150	50	50	50
	- Medisinske forbruksvarer	30	30	30	30
	- Auka utgifter til Gol Byggdrift KF	250	250	250	250
3430	Ny stilling i heimetenester	500	500	500	500
3431	Stillingsheimel avlastning	500	500	500	500
SOSIALAVDELINGA (NAV)					
3300242110100	100 % st., tiltakskonsulent for KVP/arbeid for sosialhjelp	400	400	400	400
3300242110100	Del av regional stilling som gjeldsrådgjevar	93	93	93	93
BARNEVERNET					
HELSEAVDELINGA					
3221.2413	Kommunefysioterapeut/Friskliv 100 % st	510			
3221.2413	Fastlønstilskot fysioterapeut 100 % st.	-150			
3211.2322	Psykiatrisk sjukepl. frå 50 til 100 % st.	255			
8311 2331	Miljøretta helsevern 60 % stilling	57			
3220.2411	Sjukepl. legekontor 20 % st diabet.oms.		100		
3211.2322	Helsesøster 100 % stilling	510			
3212.2415	Miljøarb.1x100 % st. rusomsorg e. prosj.periode		415		
3221.2413	Ergoterapeut 50 % stilling		255		
3220.2411	Fagstilling legekontor 100 % stilling			415	
3212.2415	Miljøarbeider 1 x 100 % stilling	415			
3234 24	Jordmor frå 20 til 50 %			160	
3212.2415	Gjenopprette st. for ruskonsulent frå 50 til 100 %		255		
3212.2415	Nye behov for driftsmidlar til rusomsorgen	100			
KULTUR- OG INFORMASJONSAVDELINGA					
3520	Kulturminneplan (Fylkeskommunen gir tilskot til arbeidet med inntil 50%)	200	150		
3521	Hallingdal museum - auke driftstilskotet	15	15	20	20
3531	Idrettsanlegg - auke investeringstilskotet. Jf. K-sak 97/08	90	110	140	140
3560	Hallingdal teaterverkstad – auke driftstilskotet	26	26	26	26
3560	Oppsetjing av konsert/dans/teater		100	100	
3560	Barnas Verdensdager	80	80	80	80
3580	Gol kulturskule – auke pedagogisk ressurs	250	250	405	620
3580	Skulekorps jf. F-sak 55/10 og K-sak 60/10	195	223		

2.1. STAB

Rådmannens stab er organisert utanfor lina og utfører oppdrag både frå rådmannen og leiarane for avdelingane.

Staben prioriterer sjølv oppgåvene i samråd med rådmannen.

Rådmannen kan også gje overordna oppgåver/oppdrag til staben.

Staben har eit breitt fagleg ansvar og skal ha spisskompetanse i forhold til heile organisasjonen.

Staben skal støtte rådmannen i arbeidet med å

1. drive og utvikle Gol kommune i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar
2. sjå til at dei sakene som blir lagde fram for folkevalde organ, er forsvarleg utgreidde og at vedtak blir iverksette.

I tillegg skal staben støtte rådmannens arbeid når det gjeld å

- sørge for at dei folkevalde har tilfredsstillande vilkår for å utføre sine oppgåver
- gjera kommunen til ein effektiv, fleksibel, utviklingsfokusert og nyskapande organisasjon
- sikre at kommunen har eit åjourført planverk
- bidra til at avdelingane når sine mål
- utvikle rutinar for rapportering og kvalitetssikring av tenestene kommunen skal yte
- sikre at kommunen har ei tilfredsstillande økonomiforvaltning både på kort og lang sikt
- framstå som ein attraktiv arbeidsgjevar som legg til rette for å rekruttere og behalde kompetente medarbeidarar
- leggje til rette for utvikling av godt arbeidsmiljø i alle avdelingane
- utvikle positiv identitet og godt omdømme
- gjera kommunen til ein aktiv medspelar og pådrivar i regionalt samarbeid for administrative og tekniske fellesløyser.

Alle stabseiningane skal

- delta aktivt for å utvikle regionalt samarbeid innan alle fagområda
- utvikle egne stab-/støttefunksjonar lokalt.

Mål 2012 - 2015

- Evaluere og vurdere organiseringa av rådmannens stab.
Hovudpunkt i dette arbeidet skal vera:
 - erfaringane etter omorganiseringa i 2003
 - gjennomføring av kommuneplanen sine overordna mål for staben
 - utfordringar i forhøld til kompetanse, kapasitet og sårbarheit.

2.1.1 Økonomiavdelinga skal

- utvikle kompetansen innanfor avdelinga sine fagområde
- gje råd og støtte til resten av organisasjonen innanfor egne fagområde
- rapportere korrekt og innan gjeldande fristar
- delta aktivt i vidareutvikling av det regionale samarbeidet for avdelinga sine fagområde
- delta aktivt for å utvikle og effektivisere stabs- og støttefunksjonane i Gol kommune.

2.1.2 Løns- og personalavdelinga - sjå dokumentet frå avdelinga side 21

2.1.3 Sekretariatet - sjå dokumentet frå avdelinga side 23

2.1.4 Plan og utvikling

IKT-avdelinga -

sjå dokumentet frå avdelinga side 25

Skulefagleg rådgjevar skal

- ivareta den skulefaglege kompetansen i kommuneadministrasjonen over skulenivå
- representere kommunen på skuleområdet både i regionen og i fylkessamanheng
- fremje saker til politisk avgjerd innan område som felles utvikling og drift av grunnskulane i kommunen
- ivareta fellesoppgåver knytta til utvikling, planlegging og drift av grunnskulane i kommunen
- koordinere skulane si faglege utvikling
- rettleie og støtte rektorane innanfor deira ansvarsområde.

Kommuneplanleggjar skal

- ha ansvar for utarbeiding og revisjon av overordna planverk
- utarbeide tekstdelen til kommuneplanen
- gje avdelingsleiarane hjelp og støtte ved utarbeiding og revisjon av delplanar
- representere kommunen i regionalt planarbeid på overordna og sektorovergripande nivå.

2.1.2 LØN- OG PERSONALAVDELINGA

Mål 2012 - 2015

Løns- og personalavdelinga skal

- bidra til ein arbeidsgivarstrategi som kan møte utfordringane mot 2020
- ha spisskompetanse innan arbeidsgjevar- og lønsspørsmål
- gje avdelingane rådgiving og støtte
- samarbeide med arbeidstakarorganisasjonane
- utvikle og delta i regionalt samarbeid innanfor fagområdet løn og personal
- bidra til utarbeiding av planar for rekruttering; dette er også del av det regionale samarbeidet
- initiere og delta i regionale utviklings- og opplæringstiltak
- ha fokus på opplæring, utvikling og kompetansebygging, utarbeide ein opplæringsplan for Gol kommune
- koordinere kvalitetsprosjektet i Gol kommune
- utarbeide og revidere retningsliner og reglement, her under lønspolitisk plan
- leggje til rette for arbeidet med helse, miljø og sikkerheit (HMS) også som ein del av arbeidet med å skape helsefremmande arbeidsplassar.
- ha fokus på Gol kommune som helsefremjande og inkluderande arbeidsplass, følgje opp IA-avtala.

Desse måla må justerast og samordnast i det overordna arbeid med å evaluere og organisere rådmannens stab i planperioden.

Økonomiplan 2012 - 2015

INVESTERING - Løns- og personalavdelinga ser ikkje behov for store investeringstiltak i planperioden.

DRIFT – Løns- og personalavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
2200.1204	AGS 2020 - kompetanseutvikling	200	200	200	200
2200.1204	Lærlingar helsefagarbeidar, netto	330	330	330	330
2200.1204	Seniorpolitiske tiltak	300	300	300	300
2200.1208	Opplæring, regionalt samarbeid, netto	100	100	100	100
2200.12.04	Tilskot til bedriftsintern attføring i avdelingane		200	200	200

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2012-2015

Generelt

Alle framlegg til nye driftstiltak er gjort med utgangspunkt i ei totalvurdering av dei utfordringane Gol kommune står framfor dei næraste åra når det gjeld utvikling, kompetanseheving, å auke nærværet og å rekruttere og behalde medarbeidarar.

2200.1204 Utarbeiding av arbeidsgivarstrategi (AGS 2020) og Rekrutteringsplan

Det blir føreslått å setje av midlar i budsjett/økonomiplan til rekrutteringsarbeid. Ei arbeidsgruppe bør få som mandat å utarbeide eit framlegg til arbeidsgivarstrategi 2020, slik at kommunen kan møte gapet mellom ressursar og forventningar - og mellom behov og tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Detaljert kostnadsbehov vil følgje av ein rekrutteringsplan og må innarbeidast i økonomiplanen for neste fireårsperiode.

Det bør også setjast av midlar til ulike prosjekt slik at Gol kommune i samarbeid med kommunane i Hallingdal og regionrådet kan vera meir aktiv og tilstades for å marknadsføre kommunen og regionen som ein attraktiv arbeidsplass.

2200.1204 Lærlingar

Dersom kommunen skal klare å levere tenester i framtida, trengs det rekruttering til fleire fagarbeidaryrke. Det er difor svært viktig at kommunane kan tilby læreplassar innan barne- og ungdomsarbeidar og helsefagarbeidar, IKT og kontorlag.

Det blir budsjettert med inntak av tre nye lærlingar kvar haust i økonomiplanperioden.

Utrekna beløp er brutto, rekna ut frå inntak hausten 2010 med eit løp som følgjer hovudmodellen med prosentvis opptrapping av løna. Gol kommune får tilskot til ordninga frå Kommunenes Opplæringskontor. Denne blir budsjettert som inntekt.

2200.1204 Livsfase-/seniorpolitikk

Gjennom Hovudtariffavtala kap. 3. pkt. 3.2.3 er kommunen forplikta til å utvikle virkemiddel for å motivere medarbeidarar til å stå lenger i arbeid. Eitt av dei viktigaste måla i IA-avtala er også å hindre utstøying frå arbeidslivet og utsetje pensjoneringsalderen. Til no er dette det målet i IA-avtala der kommunane har lukkast best. Det er viktig at Gol kommune held fram dette arbeidet.

Den delen av *"Livsfasepolitisk plan med vekt på seniorar"* som omhandlar seniorpolitikken, vart revidert i juni 2010. Økonomiske tiltak som ligg i planen, er skilt ut som eigen budsjettpost frå og med 2011. Budsjettposten for tilleggsløyvingar blir redusert i samsvar med dette.

2200.1208 Opplæring, utvikling og leiaropplæring

Kommunane i Hallingdal vil halde fram samarbeidet om ulike opplæringstiltak. Ein ny runde med coaching og relasjonsleiing del 1 vil bli vurdert i 2012. Det er ein føresetnad at kommunen får OU-midlar frå KS. Gol kommune har saman med dei andre kommunane i Hallingdal tatt initiativ overfor regionrådet for å lage ein felles strategi for rekruttering av arbeidskraft til regionen.

Gol vil saman med dei andre kommunane i Hallingdal halde fram med å samarbeide om opplæringstiltak og føreslår derfor å vidareføre denne budsjettposten i planperioden.

Årsbudsjett 2012

Nytt tiltak

Det blir sett av eit beløp for å stimulere avdelingane til å ta imot arbeidstakar på bedriftsintern attføring. Gjennom IA avtala får kommunen dekkja mykje av kostnadene til tilretteleggingstiltak for sjukemelde gjennom NAV. Denne nye budsjettposten er tenkt som eit supplement for å stimulere avdelingane ytterlegare til å la tilsette får prøve seg i nytt arbeid når ein ikkje kan gå tilbake til sin gamle arbeidsplass på grunn av sjukdom eller nedsett funksjonsevne.

Kommentar til årsbudsjettet

Unnateke det som er ført opp som nye tiltak, vil Økonomiplan 2012-2015 for Løns- og Personalavdelinga vera ei framskrivning av budsjett 2011/14 i samsvar med merknader ovanfor og årlege justeringar i rådmannens budsjettdirektiv. På noverande tidspunkt er det ikkje andre kjende behov for nye eller endra tiltak enn det som er sett opp og kommentert over.

2.1.3 SEKRETARIATET

Mål 2012 - 2015

Sekretariatet skal

- ha mottak og utsending av post
- ha ei felles post- og arkivteneste for kommunen
- ha heilskapleg fagansvar for og koordinering av all arkivteneste
- ha fagkompetanse på sentrale lovverk innan kommunal forvaltning og offentleg innsynsrett
- klargjere saker praktisk/teknisk til politiske utval når dei er ferdigstilte for handsaming og ha rådgjevande funksjonar i saksførebuing og saksgang av generell karakter
- syte for politisk sekretariat til styre, nemnder og råd, støtte og rådgje medlemene av desse
- bistå i utvikling av samarbeidsforhold mellom politikk og administrasjon og vera politisk sekretariat, spesielt for ordførar og politiske organ i kommunen
- effektivisere vedtak som er kurante, og som ikkje krev oppfølging frå avdeling og ansvarleg sakshandsamar
- vera med å leggje til rette for utvida bruk av Matrikkelen og andre registre som er retta mot generell bruk i kommunen
- vera med å leggje til rette for meir effektiv innbyggjardialog ved å gjera tenester som handtering og innsyn i saker og dokument elektronisk tilgjengelege
- effektivisere intern dokumentflyt og tilgang på dokument, inkludert elektronisk/digitalt
- som vertskommune, ha regionalt ansvar for og vidareutvikle felles kontorstøtte for sak/arkiv

Tiltak 2012 - 2015

Bemanning, kontor, arbeidsoppgåver

Sekretariatet har i 2012 hatt andre året med hovudbasen for arbeid med posthandtering, arkiv og praktisk/teknisk arbeid med møteinnkalling til dei fleste folkevalde organa samla med fem arbeidsplassar i eitt team i 2.etasje på kommunehuset.

Omleggingar med sentralisering av post, dokument, arkiv reint fysisk, og på same tid overgang til meir bruk av elektronisk dokumentflyt er krevjande. Alle blir berørt, og alle har både like og ulike føresetnader og roller, arbeidsoppgåver, og "rammevilkår" for å handtere også desse endringane. Forventningar er forskjellig, og også her er det økonomi og ressursbruk som tel med. Der sekretariatet og funksjonane står i dag, vil framleis vera i endring.

Den digitale dokumentflyten er eitt av fleire element som tilseier at også organisatoriske og administrative vurderingar vil bli gjort i 2011, som var noko førebudd i 2010. Ein endra faktor er at Utbyggingsavdelinga vil overta funksjonen Eigedomsskattekontor i kommunen, utan at det i seg sjølv er vesentleg for sekretariatsfunksjonane elles.

Rollene til sekretariat har tidvis vore fokusert ut frå forventningar frå "avdelingane". Det er ein faktor blant mange som er relevant både for sekretariatet og for stabsfunksjonane elles. Det er like fullt eit spørsmål om å prioritere oppgåver som kommunen har, eller påtek seg, med post, saker og dokument, om dei er digitale, inn og ut i kommunen, arkiv, samhandling og dokumentflyt, og forholdet til eigen administrativ organisasjon, politisk organisering og i høve til innbyggjarar, publikum og media.

Tiltak og arbeid som følgjer ymse eigne eller felles prosjekt i Hallingdal, og som skal kommunisere med post-/arkivsystema, krev stadig meir arbeid i utgreiingsfasen, og i og etter gjennomføring, driftsmessig. Integrasjon som dette er så viktig at det er framleis behov for å minne om det.

Nytt sak/arkivsystem og programvare med oppstart i 2011 vil krevje ekstra innsats og merksemd inn i 2012 og vil i større eller mindre omfang vera ei utfordring for heile organisasjonen. Det er forventningar til at dette vil ha mindre brukar- og driftsproblem enn dagens system.

Gol kommune oppretta i 2010 ei (prosjekt)stilling der prioritert oppgåve var førebuing av utviding av eigedomsskatt, nytaksering av dagens skattepliktige og ny taksering ut frå utvidinga til heile kommunen. Utskriving av skatt etter nytakseringa vart gjennomført i 2011, men arbeidet tok noko lenger tid enn rekna med. Sjølv om ikkje talet på klager er mange, så vil etterarbeid totalt gå ut 2011. Frå 2012 vil Eigedomsskattekontoret i mindre grad vera knytta til sekretariatet. Basen for kontoret vil vera Utbyggingsavdelinga.

Målet er å ha nytakseringa på plass for 2011, men erfaringar som andre gjer på slike løft, er meir arbeid og god tid etterpå, iallfall ut 2011. Utan omsyn til dette måtte Gol kommune nytaksere nå, fordi 10-årsregelen for ny taksering krev det, slik at arbeid og kostnader er langt i frå på grunn av utvidinga av eigedomsskatten aleine.

Ideelt sett burde sekretariatet/kommunen på annan måte ha midlar budsjettet til følgjande, som her er meir signal-beløp og postar enn konkrete, grunngjevne beløp:

DRIFT – Sekretariatet sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
2100.1206	Vurdere oppg. og organisatoriske spm	50	50	50	50
2100.1206	Utvikling og kommunalt-regionalt samarbeid	100	100	100	100

Kommentar til tiltak i økonomiplanperioden 2012-2015

Forslag til ei utvida ramme til sekretariatet er ei vidareføring av kva som var presentert i tidlegare handlingsprogram, eit årleg ikkje-spesifisert beløp på driftssida. Dette kan godt liggje på formannskapetets disposisjonskonto. Tidlegare konkret mål om å få på plass låsbare "postboksar" til folkevaldes interne posthyller for papirpost er framleis eit mål som ikkje er gjennomført.

I løpet av 2011-12 vil kommunen på nytt ha ei vurdering av bemanning, arbeidsoppgåver og organiseringa i staben.

Mål 2012 - 2015

IKT – HALLINGDAL

Dei fleste av tenestene på IKT er flytta over til sentrale løysingar i Hallingdal. Dette tyder at løysingane er basert på felles serverpark, felles nettverk, same type utstyr og felles utnytting av IKT-personell.

LANGSIKTIGE MÅL FRÅ STRATEGIPLAN IKT

Kommunane i Hallingdal skal aktivt utnytte moderne informasjons- og kommunikasjons-teknologi til å skapa tilgjengeleg og effektiv forvaltning og gode tenester til innbyggjarane og næringslivet.

Moderne programvare og infrastruktur skal nyttast for å gje dei tilsette i kommunane gode verktøy og for å gjere data tilgjengeleg på ein sikker og effektiv måte.

IKT-kompetansen hjå kommunalt tilsette skal vidareutviklast.

Kommunens IKT-system og utstyr skal driftast på ein kostnadseffektiv måte.

REGIONALT ARBEID

IKT-arbeid i kommunane

- Gjennomføre regionale prosjekt i samsvar med budsjett
- Vidareutvikle regional infrastruktur og regionalt nettverk
- Oppdatere alle regionale IKT-system etter vedteke budsjett, jf. planar frå faggruppene
- Bidra til høgare kompetansenivå for brukarane
- Vidareutvikle det eksisterande samarbeidet gjennom dei regionale faggruppene.

Digitale tenester

Fylgjande områder skal prioriterast:

- Sørge for oversiktleg og oppdatert informasjon for ulike brukargrupper på kommunanes nettsider/portal
- Gjere flest mogleg av kommunane sine tenester tilgjengelege på nett eller andre elektroniske medium (eServicetorg)
- Nytte elektronisk signatur for å tilby informasjon og tenester på ein sikker måte
- Tilpassing av nettsidene til kommunane til Min side
- Tilpassing mot andre forvaltningsorgan
- Auka kommunikasjon med innbyggjarane via elektroniske medium
- Tilrettelegging for auka deltaking for innbyggjarane i den politiske prosessen via elektroniske medium.

Tiltak 2012 - 2015

IKT - lokalt

- Tilknytingar etter behov (kontorplassar, oppgradering av kabelanlegg med meir på avdelingar)

IKT - Hallingdal

- Felles turnussystem
- Samhandlingsreformen
- E-handel
- Politiske prosesser via elektroniske medium
- Elektronisk samhandling med publikum.

Økonomiplan 2012 - 2015

INVESTERING – IKT-avdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
	Nye behov lokalt, tilknytingar og fellestiltak	200	200	200	200
	IKT-Hallingdal	600	600	600	600

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2012 – 2015

Investeringsbudsjettet for IKT-Hallingdal er basert på ei investeringsramme på ca 3 mill kroner fordelt etter fordelingsnøkkelen.

Kommentar til driftsbudsjettet i økonomiplanperioden 2012 – 2015

Driftsbudsjettet er stabilt med ei liten auke kvart år. Det er på ca 20 mill kroner for Hallingdal og utgjør for Gol kommune ca 5 mill kroner.

Mål 2012 - 2015

Næringsutvikling

- Tilføre Næringsavdelinga meir ressursar
- Utarbeide ein næringsplan/reiselivsplan
- Følgje opp målsetjingane i ei til kvar tid gjeldande planar
- Følgje opp prioriterte tiltak i Utviklingsplan Gol tettstad sitt handlingsprogram
- Tilby potensielle og etablerte gründerar kvalifisert etablerarrettleiing og informasjon gjennom Hallingdal Etablerarsenter
- Gol skal vera blant dei fremste reiselivskommunane i landet.

Jordbruk

- Lage gardskart for alle landbrukseigedomar
- I samsvar med nasjonale føringar skal Gol kommune ha eit sterkt fokus på jordvern i forvaltninga
- Utarbeide beitebruksplan for Gol kommune
- Gjennomføre prioriterte tiltak i revidert "Handlingsplan for landbruket i Gol"
- Næringsavdelinga skal fylla ei viktig rolle som formidlar av informasjon til landbruksnæringa innanfor fagområdet
- Støtte opp under prosjekt med fokus på auke mjølk- og kjøttproduksjon
- Vera tilgjengeleg og serviceinnstilt og ha fokus på brukarane og Gol-samfunnet.

Skogbruk, vilt- og fiskeforvaltning

- Utarbeide ein ny oversiktsplan for skogbruket i Gol med bakgrunn i ny skogtakst
- Bidra til kontinuitet i utsiktsryddeprosjekt gjennom å få halde vegetasjon nede i samsvar med avtale
- Oppretthalde hogstkvantumet og auke plantinga! slik at ein kan auke den framtidige produksjonen av kvalitetsvirke samt auke skogens opptak av CO₂ i samsvar med ønsket frå klimaplanen
- Utreie mulegheitene gjennom skogtakst for utvikling av effektive system for utnytting av fjellbjørke-skogen i bioenergisamanheng
- Ta omsyn til MIS-registreringane i skogen, viltkartet, bestandsplanane for hjortevilt og driftsplanen for Hallingdalselva i planarbeid
- Syte for balansert hjorteviltforvaltning der omsyn til skog, biologisk mangfald og trafikksikkerheit er teke vare på
- Vurdere område som kan vera aktuelle for frivillig vern og bidra til å gjera ordninga kjend for skogeigarar i Gol.

Naturforvaltning og miljøvern

- Ta omsyn til registreringane av biologisk mangfald i planarbeid
- Revider datagrunnlag for biologisk mangfald
- Utarbeide energi og klimaplan for Gol kommune og gjennomføre tiltak etter vedtatt handlingsprogram
- Følgje opp arbeidet med registrering og tilsyn av aktuelle ureiningskjelder
- Auka satsing på opprydding av gamle bilvrak
- Stimulere og motivere bedrifter og verksemder til å verte Miljøfyrtårn
- Gje innbyggjarane i Gol kommune god tilgang på miljøinformasjon
- Medverke til forvaltingsplan for Hallingdalsvassdraget og Åbjøravassdraget i samsvar med vassdirektiv frå EU.

Tiltak 2012 - 2015

- Det pågår eit arbeid nasjonalt i regi av Statens landbruksforvaltning med å lage gardskart for alle landbrukseigedomar. Gol fekk gardskarta i 2.halvår 2010 utsendt til alle landbrukseigedomar med svarfrist 01.07.2011. Det vil bli eit betydeleg arbeid med oppfølging etter at gardskarta blir produserte. Dette arbeidet vil pågå utover i 2011 og 2012. Kommunen får ein frist på ca 1,5 år etter mottak av gardskart på utsending av kart til grunneigarar og gjere nødvendige endringar
- Utarbeiding av næringsplan/reiselivsplan er sett på vent inntil resultat fra transportøkonomisk institutt sin rapport om kva betydning reiselivet har for Hallingdal og Gol, føreligg
- Utarbeide ein ny oversiktsplan for skogbruket i Gol med bakgrunn i ny skogtakst
- Auke skogens opptak av CO₂ i samsvar med ønsket frå klimaplanen gjennom å stimulere til auka planting av skog. Dette føreset lovnad om kommunalt tilskot og ein større kontroll i samsvar med skoglov og foryngelsesplikt
- Vurdere område som kan vera aktuelle for frivillig vern og bidra til å gjera ordninga kjend for skogeigarar i Gol
- Sjå til at utsiktrykdeprosjektet blir vidareført i samsvar med avtaler for å halde vegetasjonen nede. Om muleg bruke den malen til ei utviding av ønska rydda strekningar
- Gjennomføre prioriterte tiltak i revidert handlingsplan for landbruket
- Utarbeide beitebruksplan for Gol kommune
- Bidra med eigeninnsats i klima- og energiplan for Hallingdal og Valdres
- Utarbeide kommunedelplan for energi og klima med eige handlingsprogram
- Fullføre miljøfyrtårnsertifisering av kommunale verksemdar. Få på plass tilfredsstillande kjeldesortering
- Stimulere og leggje til rette for realisering av bioenergisentral(ar) i Gol kommune
- Gjennomføring av revidering av biologisk mangfald-data og kartleggje nye naturtyper/ortar
- Rydde opp i gamle og ulovlege avfallsplassar.

Økonomiplan 2012 – 2015

Generelt

Dei føreslåtte drifts- og investeringstiltaka er hovudsakleg oppfølging av politiske vedtak gjort dei siste fem åra, og desse må derfor innarbeidast i budsjettet for økonomiplanperioden 2012-2015.

INVESTERING - Næringsavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
	1. Gardskartprosess	100			
	2. Investering i eit nytt og betre kartgrunnlag for framtidig planleggjing som eit ledd i ny skogbruksplan	100			
	3. Revidere næringsplan og reiselivsplan for Gol	?	?		
	4. Utarbeiding av ny beitebruksplan i Gol	90			
	5. Revisjon av nykartlegging av biologisk mangfald i Gol	50	50		

Kommentar til investeringsstiltak i økonomiplanperioden 2012-2015

Beitebruksplan (politisk behandla)

- Vedtak: Utarbeiding av beitebruksplan i Gol kommune vert fullført i tråd med vedtak UNN sak78/09, men med fylgjande endring vedkomande finansiering av arbeidet: Det vert engasjert prosjektmed-arbeidar/sekretær til prosessen. Det blir sett av inntil kr 90 000 til arbeidet, og midlane vert løyvd med- inntil 45 000 kroner frå Næringsfondet i Gol kommune og inntil 45 000 kroner frå Næringsfondets frie kapital. Mandatet for gruppa er å utarbeide forslag til beitebruksplan for Gol kommune. Planen skal ha ein kartdel og ein tekstdel, og vera eit godt forvaltningsverktøy for administrasjon og politikarar i Gol kommune. Endeleg plan skal vedtakast av Gol kommunestyre i løpet av 1 halvdel av 2012.

Næringsplan (politisk behandla)

- Arbeidet med næringsplan for Gol er sett på vent inntil rapporten om betydninga av reiselivet i Gol føreligg. Dette er venta å kome i gang att hausten 2011. Utgifter vil i første omgang vere kostnader knytta til innleigd konsulent for utabeiding av planen. Kostnaden vil sortere direkte under rådmannen. Eventuelle andre utgifter vil måtte takast hand om etter kvart.

Tiltak i reviderte "Handlingsplan for landbruket i Gol" (politisk behandla)

- Gol kommune skal arbeide aktivt for eit landbruk som opprettheld ei tradisjonell landbruksdrift basert hovudsakleg på mjølk- og kjøttproduksjon. Tiltak Ansvar Finansiering Framdrift Ta lokalt og regionalt initiativ for aktiv påverknad mot Storting og Regjering.
- Oppretthalde stønad til Norsk landbruksrådgiving østafjells med 30.000 kroner årleg. Dette er en fast post på budsjettet hjå næringsavdelinga - endringa er nytt namn, men same sak.
- Tilskot til fjellveggar/stølsveggar i kommunen. 208 000 kroner årleg
- I handlingsplanen for landbruk er det føreslått at kommunen skal innføre årleg tilskot til fjellveggar/støls-veggar i kommunen. Her har kommunalteknisk avdeling ein sum til viktige fjellveggar/gjennomfartsveggar. Det er ikkje budsjettert med midlar utover dette
- Utarbeide vegetasjonskartlegging for heile kommunen og bruke denne aktivt i forvaltninga. 400 000 kroner innan 2012.

Gardskart (ikkje politisk behandla)

- Det pågår eit arbeid nasjonalt i regi av Statens landbruksforvaltning, med å lage gardskart for alle landbrukseigedomar. Gol fikk gardskarta i 2. halvår 2010 utsendt til alle landbrukseiendommer med svarfrist 01.07.2011. Det vil bli eit betydeleg arbeid med oppfølging etter at gardskarta blir produsert. Dette arbeidet vil pågå utover i 2011 og 2012. Kommunen får ein frist på ca 1,5 år etter mottak av gardskart på utsending av kart til grunneigarar, til å gjere nødvendige endringar. For og imøtekome denne prosessen er det behov for meir ressurser i den perioden dette pågår.

Investering i nytt å betre kartgrunnlag for framtidig planlegging som ledd i ny skogbruksplan (ikkje politisk behandla)

- Det vil i 2011 (2012) koma nye planar for skogbruket i Gol. Desse planane vil kvar enkelt skogeigar få tilbod om å kjøpe til ein redusert pris ved bruk av ulike ordningar; - skogfond, sentrale midlar gjennom Geovekst og rentemidlar av skogfond. I samsvar med Geovekst-samarbeidet er også kommunen med og betaler sitt bidrag. Dette bidraget er det utbyggingsavdelinga som betaler ut frå kva det er dei ønskjer og kartleggje. Kort fortalt så har utbyggingsavdelinga og næringsavdelinga blitt einige om og kartleggje heile Gol med ein god kvalitet som bidrar til og gjera alle framtidige vedtak betre, sikrare og enklare. Skogbruket har i utgangspunktet sagt seg villig til å dekkje dei kostnadene som går med til å dekkje skogen heilt opp til tregrensa. Det som er over tregrensa, må kommunen dekke. Eksakt sum for dette er i skrivande stund litt usikkert, men det er stadfesta at dette beløpet kan delast opp og betalast over ein 3-årsperiode.
- Registrering av total biomasse i Gol kommune gjennom skogtakst vil gi kommunen verdfull info om den totale CO₂-opptaket. Dette er eit tilleggsprodukt som er tilbode gjennom skogplanen, og som vil koste ca 35 000 kroner.
- Registrering av skadeomfang påført skogen av hjortevilt er også eit tilleggsprodukt som vil kunne gi verdifull dokumentasjon for bruk til utrekningar av verditap i skog.

Revisjon av nykartlegging av biologisk mangfald i Gol (ikkje politisk behandla)

- Fylkesmannen i Buskerud har sett i gang prosjekt for kommunane i Buskerud som gjeld ny kartlegging av biologisk mangfald og kvalitetsikring av kartlagte data i DNs naturbase. Det er sett av ca 100 000 kroner til kvar kommune som vil vera med, øymerka "biologisk mangfald", pluss noko til viltkartlegging. Gol kommune vil vera på dette. Det er samstundes høve for kvar kommune til å gå inn i prosjektet med eigne midlar og dermed få utvida omfanget av arbeidet. Sett i lys av naturmangfaldet i Gol og med stadig utbyggingspress, vil det vera klokt av Gol kommune å få god og oppdatert kunnskap om dei naturverdiane kommunen har.

DRIFT - Næringsavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE endringar	2012	2013	2014	2015
	Oppretthalde støtte til Nlr	30	30	30	30
	Miljøfyrtårn	50	50	50	50
	Enøk fond	450	450	450	450

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2012 - 2015

Miljøfyrtårn (politisk behandla)

- Dette er eit tiltak som Gol kommune har vedtatt å ta i bruk, og som vil føre til kostnader hjå kvar enkelt avdeling i kommunen. Det er derfor mest rett at den einstilte avdeling har den kostnad dette vil medføre, i sitt driftbudsjett. Tanken bak er at gjennom å vere bevisst på handtering av søppel og avfall, vil vi spare utgifter på å handle mer i samsvar med miljøet. Kostnaden med å etterleva Miljøfyrtårn-sertifiseringa som Gol kommune har vedtatt, blir inntil vidare belasta Næringsavdelinga.

Kommunedelplan klima og energiplan (politisk behandla)

- Kommunestyret vedtok 14.12.2010 sak 60/10, årsbudsjett 2011, handlingsprogram og økonomiplan 2011 - 2014. Eit av tiltaka i økonomiplanen er oppretting av miljøfond, heretter kalla enøkfond på 450 000 kroner per år. Dette skal hentast frå næringsfondet og dekkjast inn att av kraftinntekter.

Mål 2012 - 2015*Merkantilt*

- Halde fram med opplæring av servicetorget, eigenerklæringar, konsesjonsfritiakt, nabooppgåver og planopplysningar til meklarar
- Betre fakturerings- og purreutinar – får hjelp av økonomiavdelinga til dette. Opplæring av ny byggjesaksbehandlar slik at systemet ikkje blir så sårbart, og avdelinga har høve til at fleire kan fakturere og kontrollere innbetalningar
- Vidareført BTV samarbeid, rammeavtalar for arkitekt, prosjekterings- og rådgivingstenester, ytterlegare 2 år
- Vidareført regionalt samarbeid innan plan- og byggjesak. Oppstart av arbeid med felles gebyrregulativ. Målsetting: Felles regionalt plankontor
- Fått tildelt "ansvar" når det gjeld å følgje opp prosjekt med eigedomsskatt – taksering hausten 2010. Her kjem det først ein del utgifter før ein kan få inntekter, så som innkjøp av nye modular til kart-programmet, opplæring av takseringspersonale med meir.

Geografiske informasjonssystem

På veg inn i ein digital kvardag: For å yte fullgod service til brukarane og publikum, har det vore nødvendig å etablere kart- og geografiske informasjonssystem.

- Opplæring og kursing GIS/LINE, ulike modular og felles applikasjon for åjourhald av kartdatasett
- Overgang til ny matrikkel i 2009 og 2010 har ført til at alt "kartarbeid" tek stadig meir tid i form av kontinuerlig arbeid med "kartet" – kart har vorte "ferskvare", og utbyggingsavdelinga er i ein evig rundgang med sjekking av data både i høve til eige arkiv, byggjesaker og liknande. Utsending av skogplanar (2010) og gardskart (2011) frå næringsavdelinga, har ført til at grunneigarar oppdagar feil ved kart og grenseliner, og dette fører til behov for nye oppdateringar og rettingar av kartet – ein evig runddans som likevel fører til at Matrikkelen stadig vert betre!
- Scanna ytterlegare 22 reguleringsplanar innan heile Gol - og slik at desse kjem på digital form
- Etablert og åjouhalde digitalt planarkiv.
- Regionalt samarbeid om felles geodataløysing (Hallingkart.no)
- Generelt regionalt samarbeid på plan- og byggesak
- Gjennomført matrikkelkontroll i førekant av konvertering til ny matrikkel.
- Initiert nytt Geovekst-prosjekt felles med Ål kommune. Fotografering utsett frå 2011 til 2012
- Engasjert GIS medarbeider i 40 % stilling. Utviding av engasjementet til 5 år
- Drifting av eigedomsskattekontor, registrering av nybygg/tilbygg og andre endringar. Tidlegare prosjekt med nytaksering og utviding er gjennomført.

Bustadbygging

Gjennom planskildring og føresegner for kommunedelplan 2006 for Gol tettstad har kommunen lagt til rette for:

- Differensiert tilbod på bustadtypar
- Meir konsentrert utnytting i sentrumsnære område
- Avsett nye framtidige bustadområde med utbyggingsrekkefølge
 - Gol vest, 4 område
 - Gol nord Petterbråten
 - Gol aust, 3 område, inklusiv Vikojordet
 - Robru bustadfelt, 11 nye einingar
 - Diverse reguleringsendringar i etablerte felt. Omregulering til leilegheiter og terrassert bustadbygging
 - Dispensert frå plankrav leilegheiter Hjallevogen (6 einingar)
- Fokus på tiltak mot radon i alle typer byggesaker.
- Fokus på bustadmiljø og ulike bustadtilbod tilpassa marknaden. – ser ut til at det er større etterspurnad etter leiligheiter – både store og små

- Oppstart planarbeid bustadområde Hagaskogen og Kilden
- Golbergremmen panorama, - 25 leiligheter

Andre reguleringsplanar innafor kommunedelplanen

- Reguleringsplan Kremmartunet kjøpesenter
- Dispensert frå plankrav, Lensmannsgarden, fleire kontor – førebels ikkje iverksett per juni 2011.

Bustadområda er gjennom kommunedelplanen nummererte. Utbyggingsrekkefølge for større og nye bustadområde skal vera i samsvar med nummerering på plankartet. Bustadområde b1, b2 og b3 kan utbyggjast parallelt. Kommunen kan vedta parallell utbygging av fleire nye bustadområde. Bustadfelt b4, b5, b6 og b8 blir ikkje tillatt utbygd før det er utarbeidd ein felles analyse av trafikkale konsekvensar på fylkesveg/riksveg.

Fritidshusvære/hyttebygging

Framtidig hyttebygging skal lokaliserast og utformast med vekt på landskap, miljøverdiar, ressursbruk og estetikk. Kommunen vil sikre store samanhengande areal utan store tekniske inngrep, særleg i høgareliggjande fjellområde.

I sakshandsaming av reguleringsplanar for hytter og reiseliv har kommunen lagt slike føringar:

- Lagt til grunn soneringstankegang i forhold til kostnader til infrastruktur og miljøkonsekvensar
- Respektert overordna nasjonale prinsipp for hyttebygging
- Unngått nedbygginga av kulturlandskap og hyttebygging på stølsvollar
- Godkjende planar for hyttebygging/ reiseliv og utvikling:
 - Vedteke reguleringsplan for Skutuset, 67 nye tomter
 - Vedteke reguleringsplan for Golsfjell fjellstue, 5 nye tomter for fritidshusvære og 4 for turistbedrift/utleige
 - Vedteke reguleringsplan for Auenhauglia, 255 nye tomter for fritidsbustader
 - Vedteke reguleringsplan for Storefjell, 168 einingar for leilegheit
 - Vedteke reguleringsplan for massetak Ørnehovda.
 - Vedteke reguleringsplan for Tunnetjern, 44 tomter
 - Buo – mindre reguleringsendring
 - Kamben – F6 – mindre reguleringsendring
 - Kamben – hovedplanen – mindre reguleringsendring
- Prinsippsak om bruk av Utbyggingsavtale i samsvar med Plan- og bygningslova § 64a
- Godkjent Utbyggingsavtalar for samtlege hytteplanar
- Prinsippsak – Næringsføremål – sal eller utleige – ulike modellar
- Godkjent og tatt i bruk mottakskontroll av arealplanar
- Vedteke nytt gebyrregulativ i samsvar med ny plan- og bygningslov og mal for regulativ utarbeidd av KS.

Tiltak 2012 – 2015

- Prosjekt Eigedomsskatt – over i driftsfasen, mindre aktivitet, men likevel ein fast stillingsdel knytta til dette arbeidsområdet. Bør sjåast i samheng med kommunaltekniske/kommunale avgifter og ikkje minst kommunens eiga “eigedomshandling”
- Adresseringsprosjekt innan 2016 – bør ha nær 100 % vegadresser i kommunen – truleg etter pålegg frå Statens Kartverk
- Kontinuerleg oppdatering av Matrikkelen – resultat av prosessar med Skogplan og Gardskart
- Kontinuerleg oppgradering av Matrikkelen – i form av innmåling av eldre eigedomar som vert berørte/er naboar til nye eigedomar/frådelingar – nyttar høvet til koordinatfesting av eldre grensepunkt
- Bidra til slutføring og gjennomføring av kommuneplanens arealdel
- Vidareføre/slutføre kommunale områdereguleringar
 - Gol næringspark
 - Område o3 Hahaug, Storøyne med omegn
 - Gol sentrum Vest

- Oppstart områderegulering – fortettingspotensiale på Glitre.

Økonomiplan 2012 - 2015

INVESTERING - Utbyggingsavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
3030	Innspel til 2014 prosjekter og Geodataplan			250	
3030	Nytt GPS målesystem m. CPOS	200	20	20	20
3020	Interkommunal tilsynsordning (vidareføring)	200	210	220	230

Kommentar til investering i økonomiplanperioden 2012 – 2015

Gol kommune har heilt sidan starten vore med i Geovekstsamarbeidet. I perioden 2012 – 2015 er det Ål, Gol og Hemsedal som står for tur når det gjeld ortofoto. Det er førebels ikkje gjort ein gjennomgang på aktuelle område saman med partane i Geovekstsamarbeidet for prosjektet i 2014 eller 2015. For fotografering og konstruksjon for betre kartgrunnlag og høgdedata er investeringa ferdig. Produktet vil bli levert i 2012.

For å gjera oppmålingsarbeidet meir effektivt, er det nødvendig og lønnsamt med investering i handhaldne system. Systemet er basert på telefon med eigen abonnementsavtale med Statens kartverk.

DRIFT - Utbyggingsavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
1206	Løn ny medarbeider,(Prosjektleiari)Eigedomsskatt	560	200?	210?	220?
1206	Eigedomsskatt	?	?	?	?

Kommentar til drift i økonomiplanperioden 2012 - 2015

Avdelinga har fått organisatorisk ansvar for eigedomsskatt. Kva utgifter og ressursar dette representerer framover, er ikkje endeleg klarlagt. Det er engasjert eigen prosjektleiar som framover skal drifte og vedlikehalde systemet og krevje inn eigedomsskatt. Det er på dette tidspunkt, før behandling av budsjett, handlingsprogram og økonomiplan, uklart kva utgifter og inntekter dette vil få.

Etterkvart må utgifter til drifting av eigedomsskatt inn i det ordinære driftsbudsjettet. Derfor er det mange spørsmål som må avklarast i ettertid og mange spørsmålsteikn i tabell for NYE tiltak og endringar.

Kommuneplan for Gol 2001-2010 – utdrag av mål for verksemda

Vassforsyning og avløpsrensing

- "Hovudplan vassforsyning" og "Hovudplan avløp" skal vera retningsgjevande for prioritering av tiltak på vass- og avløpssektoren. Innbyggjarane og verksemdene i kommunen skal til kvar tid ha tilstrekkeleg vatn av drikkevasskvalitet
- Kommunale vass- og avløpstenester skal bli sikra gjennom gode kvalitetssikringsssystem, rutiner og informasjon
- Beredskaps- og vaktordningar på kommunale vass- og avløpsanlegg skal vurderast i planperioden
- Gol kommune skal ha 100 % dekningsgrad på kommunale kostnader med vass- og avløpstenester
- Vasskvaliteten i Tisleifjorden, Hallingdalselva og Hemsil skal vere eigna for bading og rekreasjon.

Renovasjon

- Målsetjingane i Avfallsplan for Hallingdal skal gjennomførast i løpet av perioden
- Gol kommune skal stimulere føretak som er baserte på avfallsminimering og gjenvinning.

Kommunale vegar

- Kommunale vegar i Gol skal ha tilfredsstillande standard for dei behov vegane skal tene
- Nye kommunale vegsystem skal forankrast i kommuneplanens arealdel og ha standard som tilfredsstillar statlege retningslinjer
- Det skal bli utarbeidd handlingsplan for utbetring av kommunale vegar med tanke på å gjennomføre prioriterte tiltak i løpet av planperioden. Alle vegar som ut frå grunnforhold m.m. kan ha asfaltdekke, skal ha fast dekke i løpet av planperioden
- Investeringar og andre ressursar lagt ned i gatemiljøet i Gol sentrum skal ivaretakast ved eit godt vedlikehald.

Mål 2012 - 2015

Vatn og avløp

- Gjennomføre tiltak prioritert i Hovudplan vatn og avløp med tilhøyrande handlingsplanar med særleg vekt på utbygging av Gol vassverk og vassforsyningsanlegga generelt
- Følgje opp krav i rammeløyvet for utslepp
- Vidareutvikle driftstenestene med fokus på HMS, kompetansehevande tiltak og IT-baserte løysingar.

Renovasjon

- Gjennomføre mål i Avfallsplan for Hallingdal 2011 - 2014

Vegsektoren- kommunale vegar

- Betre standarden av kommunalt vegnett ved å tilføre midlar i samsvar med handlingsplanen
- Følgje opp tiltaksplanen i Trafikktryggleiksplan for Gol kommune
- Vidareutvikle driftstenestene med fokus på HMS, kompetansehevande tiltak og IT-baserte løysingar.

Tiltak 2012 - 2015

- Rehabilitering av vatn- og avløpsledningar i samsvar med hovudplanar
- Gjennomføre tiltak i Avfallsplan for Hallingdal
- Utbetring og asfaltering av det kommunale vegnettet i samsvar med behova i handlingsplanen innanfor gitte økonomiske rammer
- Følgje opp tiltaksplanen i Trafikktryggleiksplan for Gol kommune
- Vidareutvikle driftstenestene med fokus på HMS, kompetansehevande tiltak, IT-baserte løysingar og utstyr som er nødvendig for ei god tenesteyting.

Økonomiplan 2012 - 2015

INVESTERING – Kommunalteknisk avdeling sitt framlegg:

Tiltak som ligg inne i Økonomiplan 2011-2014, er føresett oppretthaldne.

Budsjettkap.	Videreføring av tiltak – jf. Økplan 2011-2014 med nye tiltak og endringer. (i feitt skrift og kursiv)	2012	2013	2014	2015
0.4310	<u>Vassforsyning</u> 1. Sanering/rehabilitering ledningsnett 2. Utskifting h.ledning del III (prosjekt 124) 3. Utviding av Heslasvingen høgdebasseng 4. Oppgradering trykkaukingsstasjonar i Briskevegen og Steinvegen. 5. Utskifting traktor driftsavdeling (delfinansiering)	350 1 900 50	350 200	350	350 4 000
0.4320	<u>Avløp</u> 1. Sanering/rehabilitering ledningsnett 2. Ny innløpsrist Golsfjellet RA 3. Kjøp av slamcontainere Gol RA 4. Utskifting bil driftsoperatør 5. Utskifting traktor driftsavdeling (delfinansiering)	350 250 150 50	350 200	350	350
0.4330	<u>Renovasjon</u> 1. Nytt returpunkt Rekkjeset. Erstatning for Kambenkrysset og bom Golsfjellet øst.		200		
0.4350	<u>Kommunale vegar</u> 1. Trafikktryggleikstiltak kommunal eigendel (frå drift) 2. Utskifting av traktor (delfinansiering)-sjå vatn/avløp 2010/12 3. Utskifting av utstyr til traktor. 4. Asfaltering av p-plass v/austre avkøyering Rv7 5. Rehabilitering Eiklid bru 6. Utskifting bil driftsavdeling	100 350 200 120 1 000	100 200	100	100 350

Tabellen viser både tiltak i økonomiplanperioden 2012-2015 og årsbudsjettet for 2012.

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2012-2015

Vassforsyning og avløp

Løyvingane til sanering av ledningsnett og tilkopling av bustader i Gol reinsedistrikt er endra til totalt 350 000 kroner og forlenga med eitt år i samsvar med hovudplan for vatn og avløp.

Det er lagt inn 4,0 mill kroner til utviding (nytt bassengkammer) i Heslasvingen høgdebasseng i siste del av planperioden. Firmaet COWI har i ei nettanalyse i 2008 rekna at det om nokre år er behov for auka kapasitet/volum for å tene utbyggingsplanane i sentrum i samsvar med kommunedelplanen. Utbygging i sentrum har ikke vore som forventa etter 2008, og utviding av Heslasvingen høgdebasseng blir utsett til tidlegast 2015.

Det er behov for å finne løysing på deling- og/eller bygging av eit eige basseng i tilknytning til høgdebassenget på Tuppeskogen. Dette vil betre forsyningssituasjonen ved drift og vedlikehald av bassenget. I løpet av 2012 må ein planleggje løysing som grunnlag for investeringsmidlar for gjennomføring ved neste rullering av Øk-planen 2013-16.

Målsettinga er å få avklaring vedrørande grunnnavståing til prosjekt 124 etappe I, II og III, slik at prosjektet kan utførast i 2012/13.

Trykkaukingsstasjonane i Briskevegen og Steinvegen er gamle og treng oppgradering, blant anna med frekvensomformere.

Innløpsrist på Golsfjellet renseanlegg fungerer ikke tilfredsstillande og må skiftast ut.

Transport av slam fra Gol RA er tatt ut av anbud for slaminnsamling i Hallingdal frå 01.03.2012. Containerar til denne transporten har fram til nå vore leigd av Miljøservice. Dette har vore ei dyr løysing. Kommunalteknisk avdeling vurderer å kjøpe containerar og inngå ny avtale på transport.

Driftsoperatørbilen er 10 år og blir planlagd utskifta i 2013. Restverdien er lik vrakpant.

Det har tidlegare vore løyvd 250 000 kroner som delfinansiering til utskifting av traktor på vatn- og avløpsbudsjettet. På grunn av manglande løyving på vegbudsjettet har ikke innkjøp av ny traktor vore muleg å gjennomføre. På grunn av prisstigning på ny traktor og reduksjon i innbyttepris er det behov for ytterlegare 100 000 kroner frå vatn og avløp for å realisere utskiftet av traktor.

Revideringa av Hovudplan vatn og avløp i 2011/12 vil avklare framtidige nye investerings- og driftstiltak i perioden frå og med 2012.

Renovasjon:

Eksisterende containerplass/returpunkt ved Kamben og bom Golsfjellet aust er små og trafikkfarlege. Begge plassane er ueigna for utviding, og det er ønskeleg at dei blir erstatta med felles returpunkt på Rekkjeset.

Kommunale vegar

Det blei lagt inn forslag om utskifting av traktor med 500 000 kroner i 2010. Av dette manglar avdelinga 350 000 kroner som skal budsjetterast på vegsektoren i 2012. På grunn av manglande løyving på vegbudsjettet har ikkje innkjøp av ny traktor vore muleg å gjennomføre. På grunn av prisstigning på ny traktor og reduksjon i innbyttepris er det behov for ytterlegare 100 000 kroner. Utsett utskifting av traktoren har ført til - og vil føre - til redusert innbyttepris og høge driftsutgifter i form av kostbare reparasjonar.

Utstyr som kantklippar og feiemaskin til traktor er slitt og krev ofte reparasjonar. Det er derfor tatt med midlar til utskifting av utstyr til traktor i 2012 og 2013.

Eiklid bru vart rehabilitert for ca. 500 000 kroner i 2010 for å kunne oppretthalde brua som kjøreveg på kort sikt. Totale rehabiliteringsbehov for Eiklid bru er sett til 1,5 mill kroner. Kommunalteknisk avdeling har derfor sett opp eit behov på 1 mill kroner for å bringe brua i forskriftsmessig stand.

Bilen til driftsavdelinga er 2004-modell og har gått ca.120 000 km. I 2014 vil bilen ha gått ca. 200 000 km, og han bør byttast.

Når det gjeld andre tiltak, blir det vist til kommentarer frå budsjettbehandlinga for 2011.

DRIFT – Kommunalteknisk avdeling sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
4310/4320	<u>Vassforsyning og avløp</u> Innleie av konsulent for registrering av ledningskartverk.	30	30	30	30
4330	<u>Renovasjon</u> Drift/vedlikehald av returpunkt i Gol kommune	50	150		
4350/4351/ 4352	<u>Kommunale vegar</u> Asfaltering/utbetring av vegar Auke i drift/vedlikehald kommunale vegar og bruer	1 100 400	1 100 400	1 100 400	1 100 400

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2012-2015

Ein føreset at investeringar og endringar i driftstiltak som vart vedtekne i Økonomiplan 2011-2014, blir uendra. Tabellen viser både endringar og nye tiltak i økonomiplanperioden 2012-2015 og årsbudsjettet for 2012.

Vatn og avløp

Innleiige av konsulent til oppdatering og kvalitetssikring av digitalt ledningsnett. Registrering av endringar og innlegging av digitale bilete.

Kommunale vegar og gatelys.

Gol kommune brukte i 2009 vel 2,0 mill kroner av regjeringa si tiltakspakke til vegføremål. i behovsanalyse til ØK-plan 2011-14 var det føreset at vedlikehaldsmidlane måtte aukast med 1,1 mill kroner i året i planperioden. Sjølv om tiltakspakka bidrog til å rette opp delar av etterslepet, vil det framleis vera behov for å auke midlane til veg framover. Stort etterslep på asfaltering fører til auka utgifter til vedlikehald av vegane. Kommunalteknisk avdeling har difor føreslått at midlane til utbetring/asfaltering av kommunale vegar aukar til 1,1 mill kroner frå og med 2012.

Gol kommune har ansvar for totalt 10 bruer (inkludert Eiklid bru). Fleire av desse bruene har stort behov for vedlikehald. Rapporten frå inspeksjon utført i juni 2010 av Safe kontroll avdekkar eit vedlikehaldsbehov. Kommunalteknisk avdeling har derfor sett opp eit behov på 400 000 kroner per år i neste periode til vedlikehald av bruer og forefallande arbeid på vegnettet.

Renovasjon

Det er lagt inn forslag om å løyve 50 000 kroner til drift/vedlikehold av returpunkt i 2012.

Kommunale gebyr for vatn, avløp og renovasjon - VAR-tenestene

Rekneskapet for 2010 viser at inntektene frå tilknytingsgebyra er mindre enn budsjettert. Dette er det prøvd å ta omsyn til i budsjettet for 2011, og det er ikkje noko som tilseier at dette vil endre seg monaleg i 2012 og framover.

Investeringsnivået er i all hovudsak basert på prosjekt i noverande ØK-plan, men med visse mindre justeringar.

Rentenivået på lån dei siste åra stemmer godt med det administrasjonen har lagt til grunn for utrekninga av kapitalkostnader og gebyr. Nødvendige investeringar samt venta endringar i rentenivået vil setje preg på gebyrnivået i åra framover. VAR- tenestene skal vere sjølvfinansierande.

Gebyra for renovasjon og slamtømming av private avløpsanlegg vil i all hovudsak basere seg på budsjett frå Hallingdal Renovasjon. Nytt anbod gjeldande frå 2012 for innhenting av slam vil føre til gebyrauke.

Endringane i gebyrsatsane for vatn, avløp og renovasjon vil ein ikkje ha klare før detaljbudsjettet er lagt fram i september, og det er rekna nytt gebyrgrunnlag basert på sjølvkostprinsippet.

Oppsummering

Kommunalteknisk avdeling sitt forslag til budsjett og økonomiplan vil i stor grad vere finansiert ved gebyrinntekter for tenester som vatn, avløp og renovasjon.

Sjølv om kommunalteknisk avdeling har gjennomført og framleis står framfor store investeringar med påfølgjande nye driftsoppgåver, har det vore ei svært nøktern budsjettering i drifts- og vedlikehaldsmidlane. Revidering av Hovudplan for vatn og avløp (2011) vil danne grunnlag for framtidig drifts- og investeringsnivå på desse tenestene.

Som tidlegare nemt, og sjølv om tiltakspakka i 2009 var ei stor hjelp, er det framleis behov for auke i midlar til vedlikehald, oppgradering og asfaltering av det kommunale vegnettet og bruene. Det er difor gjort framlegg om og tilrådd ein vesentleg auke i midlane til dette føremålet.

2.3.1 GOL BARNEHAGE

Gol barnehage sine mål er nedfelte i kommuneplan og fellesplan for alle barnehagane, revidert 2009.

INVESTERING

Mål 2012 - 2015

Barnehageplassar og barnehagebygg

- Nok plassar slik at lokale behov for heiltids- og deltidsplassar for barn både over og under 3 år er dekkja med gruppestorleikar som ikkje overstig nasjonale standardar
- Tilby faste tilfredsstillande bygg til alle barnehageplassar og helst der brukarane ønskjer dei
- Ruste opp og vedlikehalde bygningane og uteleikeplassane
- Tilpasse bygningane i forhold til barna og personalet sine behov.

Tiltak 2012 - 2015

Hovudinvestering er plan om bygging av ei ny avdeling i Vesterhuset som skal erstatte Fagerlund barnehage som har fått mellombels godkjenning for tredje gong i 2011. Den nye barnehageavdelinga er tenkt lik Fagerlund, med ein og eintredjedelsavdeling berekna til kombinert gruppe under og over 3 år slik at talet på barn likevel ikkje blir større enn dei vanlege avdelingane over 3 år med 18 barn i same gruppe. Med dette har Gol barnehage ei fleksibel løysing ved endra storleik på barnekulla, eller plassar som kan bli tatt i bruk gjennom året til å rekruttere ny arbeidskraft og tilflytting til kommunen.

Barnehageplassar i sentrum

- Påbygging av ei ny avdeling som erstatning for avdeling Fagerlund for inntil 24 plassar over 3 år (i praksis kombinert gruppe med 18 barn under og over 3 år) og personalavdeling i Vesterhuset må planleggjast med start 2012. Det vil også vere behov for noko utvida leikeareal og parkeringsareal. Nybygget må bli finansiert ved å nytte lån og investeringstilskot/momskompensasjon
- Seinare behov for nye barnehagelokale bør sjåast i samanheng med ny barneskule og bruk av garden Kristenbråten.

Bygningane

- Breidokk og Hallingmo har hatt ei totalrenovering som er blitt veldig bra
- Vesterhuset treng nå totalrenovering. Bygget er 25 år i 2011
- Rotneim, Øygardane og Åsgardane har problem med luft og/eller radon og kloakk. Avdelingane Rotneim og Øygardane har fått krav om utbetring av innelufta frå miljøretta helsevern. Ved Rotneim blir det installert eit punkttaggregat sommaren 2011 i eit rom for å prøve om dette er eit tilfredsstillande tiltak. Miljøretta Helsevern har gitt melding om at godkjenning av lokale til barnehage blir trekt tilbake viss ikkje innelufta blir utbetra. Gol Byggdrift Kommunalt Foretak tilrår fullverdig ventilasjonsanlegg i andre etasjen. Ein del arbeid som har stått på tiltaksplanane over fleire år, må bli utført, jf. vernerundane våren 2011 og krav etter leikeplasskontrollane. Det har kome nye krav for radonverdi og leikeplassutstyr siste året. Dette har ført til at både Vesterhuset og Øygardane må ha tiltak for å kome under kravet. Ved Rotneim skal det bli kontrollert om tidlegare installert tiltak er tatt i bruk fullt ut, for deretter å ta nye målingar hausten 2011. I tillegg er det meir eller mindre behov for påbygg, ombygging og oppussing inne og ute ved dei tre eldste barnehagebygga.

3132 -Vesterhuset

1. Utbygging og ombygging: byggje på ny avdeling med inntil 24 plassar og personalavdeling, påbygging, ombygging og oppussing av dei to gamle avdelingane i hovudetasje, jf. tidlegare behov både innvendig og utvendig, utbetre brannvarsling og ventilasjon. Underetasjen blir utbetra sommaren 2011
2. Utvendig: høgare gjerde rundt store delar av uteleikeplassen og nye installasjonar på leikeplassen, utskifting jf tilsyn i 2010 og 2011 og generell utbetring. Utvide uteleikeplassen mot aust til grøntareal og auke parkeringsareal ved utviding. Beising av hus og vindauge.

3133 - Breidokk

1. Faldevegg på det store nye leikerommet for å dempe støy og ivareta barn med spesielle behov
2. Utbetre med høgare gjerde rundt barnehagen
3. Montere fire motorvarmarar til bruk for tilsette.

3134 - Rotneim

1. Ventilasjonstiltak; avvente resultat av installasjon av punkttaggregat og eventuelt installere dette i flere rom, og solskjerming i andre etasje, jf rapport miljøretta helsevern 2009.
2. Påbygging av garderobe for dei eldste barna og for tilsette, bøttekott i hovudetasje, ombygging for å gje betre plass til smågrupper for barn med funksjonsvanskar, heilrenovering av kjøkken, måling av rom og skifting av varmtvassbeholdaren frå 1952. Ved å ta ei ordentleg påbygging og renovering av Rotneim vil dette vere eit bygg som kan fungere som barnehage i lang tid framover.
3. Utvendig: takoverbygg og rekkverk ved ny inngang for blant anna vognplassar, utbetre drenering mot nord (alt dette går inn i pkt. 2 viss dette tiltaket blir gjennomført), utbetring og sikring av uteleikeapparat (jf tilsyn 2010 og 2011), ny kurs til motorvarmar, utvendig måling.

3135 - Åsgardane

1. Innvendig: problem med tett kloakk må bli utbetra, betre varme i garderoben, akustikken i grendasalen må betrast. Manglar tilfredsstillande garderobe og toalett for tilsette
2. Utvendig: måling, takoverbygg ved ny inngangsdør og vognoppstilling, reparere og skifte ut leikeapparat (jf tilsyn 2010 og 2011), utvide parkeringsareal.

3136 - Øygdane

1. Ventilasjonstiltak og solskjerming hastar, spesielt i andre etasje, jf rapport frå miljøretta helsevern 2010. Miljøretta helsevern trekkjer godkjenninga viss ikkje luftforholda blir utbetra
2. Innvendig: problem med tett kloakk må betrast, noko oppussing/utbetringarbeid gjenstår framleis i begge etasjane
3. Utvendig: utvendig rømningstrapp må bli fornya, eventuelt bli flytta noko, utbetring og sikring av uteleikapparat (jf. tilsyn 2010 og 2011), overbygg på plattingen til barnevogner, snøfangar mot nord der barna søv, måling, utvide parkeringsareal.

3137 - Hallingmo

1. Kryp kjellar: tiltak for å unngå at vatnet fryser om vinteren.
2. Utvendig: tette garasjeportane og setje inn dobbeldør i garasjen for å erstatte råtne portar, høgare gjerde mot vegen, utbetring av uteleikeplassen med gapahuk og noko asfalt til sykling, meir planering og parkeringsplassar til tilsette.

3138 - Fagerlund

1. Nokre utbetringar utvendig: klatrestativ/-vegg.

INVESTERING – Gol barnehage sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
3132- Vesterhuset	Utbygging av ei ny avdeling og personalavdeling, oppussing/påbygging av to avdelingar, og utbetring av uteleikeplassen og parkering, spesielt høgare gjerde	2 500	4 000		
3133- Breidokk	Oppsetting av faldevegg, Høgare gjerde rundt delar av barnehagen, motorvarmare	120	30		
3134- Rotneim	Utbetre ventilasjon, solskjerming, påbygging av garderobe for barn og tilsette inkl. takoverbygg, div. renovering inne/måling ute	500	700	800	
3135- Åsgardane	Utbetre kloakk, støydemping, garderobe og toalett tilsette, takoverbygg til vogner, måling utvendig, utvide parkering	80	200	100	20
3136- Øygdane	Solskjerming og ventilasjonsanlegg (enkelte rom og/eller nytt anlegg), utbetring av tett kloakk, brannttrapp, utvendig takoverbygg, snøfangere, utvide parkering, måling utvendig	400	400	400	500
3137- Hallingmo	Ny varmekabel for vasstiltførsel, utbetring av gjerdet, vegg og dør i garasjen i staden for garasjeportar, asfalt, parkering	50	20	100	30
3138- Fagerlund	Klatrestativ	30			

Kommentar til investeringsdelen i økonomiplanperioden 2012-2015

Generelt

Gol kommune har det tal på plassar som er naudsynt for nokre år framover, men det manglar fast lokale til 24 av plassane. Denne utbygginga er lagt til Vesterhuset.

Rotneim og Øygdane er også to viktige prosjekt for å få desse barnehagane til å fylle krav for både barn og tilsette. Desse tre prosjekta må bli lånefinansiert. Mange mindre oppgåver kan bli gjennomført utan altfor store kostnader viss Gol Byggdrift kan stille med mannskap.

Ikkje gjennomførte tiltak som ligg inne i Økonomiplan 2011-2014 frå barnehagane, er vidareført; vedlikehald og utbetringar av eksisterande bygningar, uteleikeplassar og parkeringsplassar.

Vedlikehald

Det er behov for ein del generelt vedlikehald av bygningane både utvendig og innvendig utanom Breidokk og Hallingmo. I tillegg viser erfaring at det alltid oppstår nye ting i løpet av året.

Vesterhuset

Utbygging av ny avdeling og personalavdeling, og renovering av det gamle bygget som er 25 år utan noko vedlikehald bortsett i frå barnegarderoben i underetasjen i 2010. Uteareal og parkeringsplassar må utvidast og utbetrast viss det blir bygd på ei avdeling.

Breidokk

Det er behov for å dele det største leikerommet for ha ein meir fleksibel løysing for deling av barnegruppa, og for å dempe støy. Det er spesielt viktig for å gje barn med særlege behov eit godt tilbod. Gjerdet må bli høgare.

Rotneim

Barnehagen treng påbygging av garderobe både for dei eldste barna og tilsette, HC-toalett, bøttekott og ventilasjon. Det er også behov for ombygging og utbetringar inne i tillegg til ventilasjon og solskjerming. Takoverbygg ved inngangen og vognoppstillingsplass er påkrevd, likeeins utbetring av kjøkkenet.

Åsgardane

Takoverbygg ved ny inngang er heilt nødvendig slik at ein samtidig får overbygd vognoppstillingsplass. Det er også viktig med lyddemping i grendasalen. Parkeringsarealet er veldig lite. Det er problem med kloakken.

Øygdane

Det er behov for utbetring av kloakken i tillegg til ventilasjon og solskjerming. Takoverbygg over vognoppstillingsplass, utbetring av branntrippa og montering av snøfangere. Parkeringsarealet er framleis lite.

Hallingmo

Nødvendig å kle igjen garasjeportane slik at det blir meir skjerma soveplass for dei minste barna. Parkeringstilhøva for tilsette bør bli betre, og gjerdet må byggjast høgare for å betre tryggleiken mot vegen.

Fagerlund

Barnehagen er godkjent for eitt år til og treng eit klatrestativ/klatrevegg. Dette kan flyttast bår barnehagen blir flytta til permanente lokale.

DRIFT

Mål 2012 - 2015

Læringsmiljø

- Kvar barnehage skal vere tilrettelagt for læring og utfolding – både ute - og innemiljøet
- Det skal vere kvalifisert personale
- Det skal vere god tilgang på pedagogisk materiell.

Tiltak 2012 - 2015

Personalet/administrasjon

1. Leiarar på alle nivå har berbar PC, men treng tilgang til trådløst nettverk og skrivar
2. Nok personalressursar til å ivareta barn som treng spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging, blant anna tilbod om logoped og anna kvalifisert personale
3. Ressursar til gjennomføring av felles pilotprosjekt for Hallingdal i samarbeid med Øverby kompetansesenter: "Felles løft – for tidleg innsats med vekt på språkleg og sosial utvikling"
4. Nok ressursar til tlfredsstillande opplæring, vidareutdanning og utvikling for dei tilsette, jf felles kompetanseplan for Hallingdal og opplæringsplan for Gol barnehage
5. Helsefremmande arbeidsplass med Friskliv med gratis frukt/grønt for både tilsette og barn, fysisk tilrettelegging/trim for tilsette i Gol barnehage og stressmestringskurs for å førebyggje fråvær.

Bygningane

1. Lage plan for innvendig og utvending vedlikehald/utbetringar av alle barnehagebygga ut frå behov som er skisserte under investeringar, starte opp med gjennomføring av planen umiddelbart.

Transport

1. Ønskje om at Gol kommune organiserer ordning med "kommuneminibuss" og "kommunebil" til disposisjon bruk ved gjennomføring av aktivitetar med barna og køyring til møte og kurs.

DRIFT – Gol barnehage sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak	2012	2013	2014	2015
3130- 3138	IT-utstyr/digitalt verktøy tilsette	50	50	50	50
	IT-utstyr til bruk for barna jf. krav i rammeplan	40	40	40	40
	Trådløst nettverk og naudsynt utstyr til dette	30	30		
3130-3138	Oppstart av Friskliv igjen for Gol barnehage med frukt og grønt, trim, stressmestring	60	60	60	60
3130-3138	Klesgodtgjering for tilsette med 500 kroner i året	30	30	30	30
3132-3138	Utskifting av større uteleiker ved alle barnehagane	60			

Kommentar til vidareføring budsjett 2011 og nye driftstiltak i økonomiplanperioden 2012-2015

Gol barnehage klarer å halde dei nedskjeringar og inntektsauke som blei sett inn i 2010, men det fører til at barnehagane ikkje kan få skifta ut nedslitt og øydelagt materiale i det tempoet som er nødvendig.

IT-utstyr for tilsette og barn

Dette er viktig for at dei tilsette skal få ein god arbeidssituasjon og kompensasjon for manglande arbeidsplass for dei tilsette i barnehagen. Dei må i tillegg ha tilgang til pc med heimekontor. I tillegg er det behov for utstyr for å følgje fagleg utvikling av IT i arbeid med barna i barnehagen og til bruk for pedagogisk dokumentasjon.

Friskliv i barnehagen:

Ordninga med frukt og grønt starta i 2007 og blei tatt vekk som følgje av budsjettkutt i 2010. Det er eit ynskje om få dette inn igjen saman med trim for barnehagetilsette og stressmestringskurs.

Klesgodtgjering

Dette blei tatt bort i 2010 på grunn av økonomien, men det er eit ynskje om å få dette tilbake med 500 kroner for tilsette i 60 % stilling eller meir, og 250 kroner for dei med lågare stilling. Det er stor slitasje på eige klede.

Foreldrebetaling

Gol barnehage følgjer regjeringa sitt framlegg i statsbudsjettet og krav i Lov om barnehagar om maksimumssats og søskenmoderasjon.

Gol Byggedrift Kommunalt Foretak:

Det er lagt inn vidareføring av foretaket sine tenester til vaktmeister og reinhald.

Visjon: Skulen i Gol – beste arena for læring og vekst

LÆRINGSUTBYTE

Overordna mål for læringsutbytte

1. Grunnskuleopplæringa skal leggja godt grunnlag for kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv.
2. Opplæringa skal sikre gode basisferdigheiter i lesing, matematikk og engelsk.
3. IKT-opplæringa skal vera ambisiøs og skal gjera elevane til kompetente brukarar av digitale verktøy.
4. Opplæringa skal utvikle gode haldningar til miljø og berekraftig utvikling lokalt og globalt.
5. Skulen skal medverke til glede ved fysisk aktivitet og aktiv bruk av naturen.
6. Elevane skal bli kjende med og ta del i kulturelle opplevingar.
7. Skulen skal medverke til utvikling av sosial kompetanse og demokratisk forståing.

Arbeidsmål

- Når det gjeld lesing, skal 90 % av elevane i Gol prestere over kritisk grense i 2.klasse.
- Resultata av nasjonale prøver i lesing i 5.klasse skal liggja over landsgjennomsnittet.
- Resultata av nasjonale prøver i matematikk i 8.klasse skal liggja over landsgjennomsnittet.
- Resultata av nasjonale prøver i engelsk i 5. og 10.klasse skal liggja over landsgjennomsnittet.
- Grunnopplæringa skal gje elevane eit godt utgangspunkt og medverke til at talet på elevar frå Gol som fullfører vidaregåande skule eller lærekontrakt, blir over landsgjennomsnittet.
- Skulen skal leggja til rette for at elevane gjer seg kjende med lokalt næringsliv.
- I samarbeid med næringsliv, ungt entreprenørskap og andre lokale aktørar skal elevbedrift vera ein del av skulen sitt tilbod til elevane.

LÆRINGSSTRATEGIAR

Overordna mål for læringsstrategiar

1. Alle elevar skal vera kjende med og forstå måla for opplæringa.
2. Alle elevar skal bli seg bevisste eiga læring og få hjelp til å utvikle gode lærings-strategiar.
3. Alle elevar skal utvikle gode haldningar til læring: Å lære er viktig.
4. Skulen skal medverke til at føresette på Gol blir aktive medspelarar i skulen og blir seg bevisste kor viktig foreldrerolla er i barns læring.

Arbeidsmål

- Mappevurdering^{*} og utviklingssamtaler skal vera viktige element i elevvurderinga.
- Dei føresette skal få nok og relevant informasjon om mål for opplæringa, innhaldet i undervisninga og sitt eige barns utvikling.
- Den internettbaserte læringsplattforma It's learning skal vera ein arena for informasjon og læring både for elevar og føresette på alle årstrinn.
- Skulen må kontinuerleg arbeide med god folkeskikk og positiv elevåtferd som ein føresetnad for god læring.

^{*} Ei mappe består av ei systematisk samling elevarbeid som viser elevens innsats, framskritt og prestasjonar på eitt eller fleire område. Det er ei form for pedagogisk dokumentasjon, elevaktiv med rettleiing frå lærar, med føremål å beskrive og tydeleggjera kva og korleis eleven lærer, kva eleven ynskjer å oppnå, korleis eleven tenkjer rundt eiga læring og kva slags støtte som trengs.

LÆRINGSMILJØ

Overordna mål for læringsmiljø

1. Læringsmiljøet skal organiserast slik at kvar einskild elev kan oppleve meistring kvar dag.
2. Skulen i Gol skal ha eit inkluderande læringsmiljø der det er rom for mangfald.
3. Skulebygg og uteareal skal vera estetisk og funksjonelt.
4. Organiseringa av undervisninga skal fremje nære og gode relasjonar mellom elev og lærar.
5. Timeressursen må vera tilstrekkeleg til å sikre eit godt forsvarleg pedagogisk tilbod til alle elevar.
6. Dei spesielle behova til elevar med framandkulturell bakgrunn må møtast med tidleg innsats.
7. Leiarar og personale skal vera kompetente og myndiggjorde.
8. Det skal vera god tilgang på læremiddel.
9. Skulen skal ha tydeleg lokal forankring.

Arbeidsmål

- Leiarane skal vera nære, tydelege og kunne utøve god personalleiing.
- Leiarane skal vera fagleg oppdaterte.
- Leiarane skal vera synlege og tilgjengelege for elevar og føresette.
- Lærarane skal ha relevant og høg kompetanse.
- Personalet i skulen skal vera engasjert, motivert og utviklingsorientert.
- Lærarane skal vera kompetente IKT-brukarar og bruke digitale verktøy aktivt i undervisninga..
- Klasseromma skal vera pedagogisk tilrettelagde og ha god orden.
- Det må føregå kontinuerleg opprusting av digitale læremiddel og lærebøker.
- Elevar med spesialpedagogiske behov skal få eit likeverdig opplæringstilbod i samsvar med sakkunnig tilråding.
- Ressursar til spesialpedagogiske tiltak skal koma i tillegg til ressursar til ordinære pedagogiske oppgåver.
- Elevar med framandkulturell bakgrunn skal sikrast ekstra ressursar slik at dei så fort som mogleg kan ta del i ordinær undervisning og oppnå eit likeverdig læringsutbyte i alle fag.
- Skulen skal delta i jamnleg tverrfagleg samarbeid med barnehage, PPT, barnevern, helsestasjon og psykisk helsevern.
- Lokalsamfunnet skal nyttast aktivt som arena både når det gjeld næringsliv, kultur, tradisjon og fritidsaktivitetar.

- - -

Mål for skulen i Gol er vedtekne av kommunestyret 27.03.07 i K-sak 10/07.
Dei skal evaluerast og justerast i samsvar med Kommuneplan for Gol 2008-2020 Samfunnsdelen komande skuleår.

- - -

NY SKULE I GOL

Å byggje ny skule i Gol vil vera eit stort økonomisk løft for kommunen. Mange vil stille seg spørsmålet om kommunen har råd til dette. Eit anna spørsmål er om det å byggje ny skule likevel vil gje mest for pengane og den beste utnyttinga av midlane.

Gol skule og Gol skule Glitrehaug har behov for rehabilitering og påbygg. Dette er beskrive og dokumentert i fleire politiske saker. Glitrehaug er mellombels løysing på tiande året. Elevar som startar i 1.klasse blir tilrådd å starte på Herad skule i staden for Gol skule sjølv om den ligg nærast. Dette medfører meirkostnad til skuleskyss.

Herad skule manglar kroppsøvingssal, tilfredsstillande undervisningsrom i faget mat og helse, eitt klasserom og fleire grupperom.

Gol ungdomsskule manglar undervisningsrom og grupperom, ikkje minst til spesialundervisning. Skulen er ikkje tilfredsstillande tilrettelagt for funksjonshemma og har ikkje eige stellerom for elevar med spesielle behov. Rullestolbrukarar har ikkje tilgjenge til alle undervisningsrom. Spesialromma og personalrommet må rehabiliterast. Skuleåret 2011/12 har skulen 3 klassar både på 8. og på 9.trinnet. Skulen er tilrettelagt for to klassar på kvart trinn.

Læringscenteret Gol vaksenopplæring driv undervisning i det gamle kommunehuset på dispensasjon i påvente av avklaring om det ved bygging av ny skule blir frigjeve eigna lokale som kan takast i bruk.

Dersom Gol kommune vel å ikkje byggje 1-10-skule i løpet av 1-2 år, må rehabiliterings- og utbyggingsarbeidet ved dei fire skulebygga setjast i gang, og det må skaffast ny og føremålstenleg tilhaldsstad for Gol vaksenopplæring med ein gong.

Gol skule har om lag 325 elevar. Med auke i elevtal (60 elevar x 7 klassar) og arealnorm på 18 m² (erfaringstal ombygging) kan det bety ein kostnad på rundt 130 mill kroner. Då er behova ved Herad skule, Gol ungdomsskule og Gol vaksenopplæring ikkje løyste.

I Økonomiplan 2012-2015 må det setjast av midlar både til planarbeid knytta til skuleanlegget og til arbeid knytta til pedagogisk plattform og organisering av den nye skulen.

GJESTEELEVAR

Ved omsorgsovertaking/fosterheimplassering kan barn og ungdom frå Gol koma til å vera elevar i andre kommunar i kortare eller lengre periodar. I slike tilfelle må Gol kommune betala kostnaden ved desse elevplassane til vertskommunen. Dette gjeld først og fremst utgifter knytta til ordinær undervisning – som også blir kalla grunnressurs. Men ofte vil refusjonskravet også gjelde ressursar relaterte til rett til spesialundervisning etter opplæringslova kapittel 5.

Det er rutinar for korleis dette skal skje.

Skulen i Gol eleven flyttar frå, vil måtte dekkje slike krav frå sitt budsjett.

Når elevar frå andre kommunar av same grunn er elevar i grunnskulen i Gol kommune, følgjer skulen eleven går på, dei same rutinane og sender refusjonskrav til heimekommunen til eleven på grunnressurs og eventuell ressurs til spesialundervisning.

I situasjonar der utgifter eventuelt inntekter i samband med slike ordningar er kjende, og ein veit at dei vil vara ved over tid, må utgifter og inntekter budsjetterast i samsvar med lønsutviklinga i den aktuelle perioden. Somme år kan det også vera nødvendig med justering innanfor budsjettåret.

SKULESKYSS

I samsvar med opplæringslova har Buskerud fylkeskommune ansvaret for å organisere skuleskyssen for kommunane. Fylkeskommunen skal organisere skuleskyssen i samråd med kommunen.

Det nyoppretta Buskerud Kollektivtrafikk AS har frå 1.juli 2010 på vegne av Buskerud Fylkeskommune ansvaret for kollektivtransport og skuleskyss i Buskerud.

For elevar med rett til skuleskyss på grunn av avstand, eller som har behov for skyss ut frå funksjonshemmingar av ulike slag eller andre helsemessige forhold, har fylkeskommunen også det økonomiske ansvaret. Kommunen betaler då ein eigendel for slik skyss.

Kommunen har fullt økonomisk ansvar for all skyss knytta til det lova nemner som "særleg farleg eller vanskeleg skuleveg" der rett til fri skyss på grunn av avstanden mellom heim og skule ikkje er utløyst.

Skuleskyssposten i budsjettet for 2012 er justert med utgangspunkt i budsjettet for 2011 og ut frå talet på skyselevar i skuleåret 2011/12, takstauken frå 1.januar 2011 og venta tilsvarande takstauke frå 1.januar 2012.

Det blir heile tida arbeidd grundig med å oppretthalde ein forsvarleg, men nøktern skuleskyss.

Mål 2012 - 2015

Herad skule sine mål er identiske med Mål for skulen i Gol, vedtatt i Kommunestyret 27.03.07, K-sak 10/07.

Handlingsprogram 2012 - 2015

LÆRINGSUTBYTE

INVESTERING

- Skulen må ha gode og oppdaterte lærebøker. Styrking av basisfaga på dei lågaste trinna medfører større behov for lærebøker.
- For å styrke undervisninga og gje betre læringseffekt i matematikk og naturfag, trengst det mykje konkretiseringsmateriell på alle trinn.
- Skulen må fornye og byte ut digitalt utstyr for å styrke alle faga – med særleg vekt på basisfaga og naturfag. Moderne utstyr og programvare er difor heilt naudsynt.

DRIFT

- Læringsutbytet til elevane i lesing og matematikk blir jamnleg kartlagt. No er SOL (Systematisk observasjon av lesing). innført på alle trinn.
- Elevar med spesial-pedagogiske behov må sikrast eit likeverdig opplæringstilbod. Det må utarbeidast eit system for tildeling av ressursar til desse elevane.
- Herad skule har hatt ein sterk auke i elevar som treng spesialpedagogisk hjelp dei siste åra. For å gi dei det tilbodet dei har krav på, arbeider skulen aktivt med tilrettelegging av tilbodet for desse elevane. For å støtte det aukande behovet i forhold til spesielle tiltak for enkeltelevar – og i forhold til lovpålagt leksehjelp frå 1.-4.trinn - må assistentstillinga ved skulen gjenopprettast for skuleåret 2011-2012.
- Språkutviklingsplan 0-16 år for Gol kommune skal vere eit verktøy for å kvalitetssikre norskopplæringa på alle trinn.
- Datanettverk og digitalt utstyr må driftast og vedlikehaldast på ein forsvarleg måte utan at det går ut over timeressursen til elevane. Herad skule står no utan personell med særskild IKT-kompetanse. Det har vore arbeid aktivt med å skaffe denne kompetansen utan å lukkast. Ein må difor vurdere ei tilknytning til HD-nett på line med dei andre skulane i kommunen. Likeeins må det arbeidast for at kommunen skal drifte maskinparken.
- Fysisk aktivitet er forskriftsfesta for elevar på mellomtrinnet frå og med skuleåret 2009/2010. På Herad skule får alle elevar frå 3.-7.årstrinn dagleg fysisk aktivitet.
- Elevane skal ha tilgang til kulturelle opplevingar som til dømes konsertar, teaterframсыningar og utstillingar. Tilknytning til Den kulturelle skulesekken vil sikre elevane tilbod av høg kvalitet og samtidig gi ei god finansieringsordning.
- Leirskule og ekskursjonar bør vere ein del av skulens undervisningstilbod.

LÆRINGSSTRATEGIAR

INVESTERING

- Herad skule arbeider vidare med SOL. Skulen vil investere i fleire læremiddel til eit "SOL-bibliotek".
- Bruk av digitale læremiddel styrkar læringa for dei fleste elevar. God programvare tilrettelagt for den enkelte elev vil og gje elevar med lærevanskar større moglegheiter for læring.

DRIFT

- SOL (Systematisk observasjon av lesing) er eit godt og nyttig verktøy for å kartlegge leseutviklinga til elevane. Det gjev og konkrete og gode tilbakemeldingar til elevar og foreldre.
- Skulen held fram med EYLP – stasjonsundervisning i den fyrste lese- og skriveoppøringa (1. – 3. trinn).
- Det er viktig for alle i Gol at det blir skapt ein kultur for læring. Herad skule vil skape desse haldningane til læring gjennom mellom anna:
 - god og variert undervisning
 - undervisning og lekser mest mogleg tilpassa den enkelte elev
 - god tilgang på ulike læremiddel
 - ein elevsamtale (samtale med lærar) kvar tredje veke for kvar elev
 - stille krav om god arbeidsinnsats
 - tett foreldresamarbeid
 - godt og trygt miljø.
- Læringsplattforma It's learning må vidareutviklast som kjelde for både informasjon og læring.
- Lekser er eit viktig virkemiddel for å lære gode arbeidvanar. Lekser skal vere repetisjon av innlært lærestoff, utanåtlæring og ikkje minst lesetrening. Frå og med hausten 2010 vart det bli innført rett til leksehjelp for 1.–4.trinn. Midlar til dette er lagt inn i rammetilskotet, og leksehjelpa blir utført av assistent. Assistentstillinga må gjenopprettast for skuleåret 2011-2012. For Økonomiplanen 2012-2015 inneber dette ei gjenoppretting frå og med 01.01.2012.

LÆRINGSMILJØ

INVESTERING

- Herad skule framstår i dag som eit funksjonelt og godt vedlikehalde skulebygg.
- Dersom kommunen vel å behalde skulestrukturen slik den er i dag, vil det likevel vere behov for store utbyggingar og utbetringar for å framstå som ein moderne og fullt utbygd skule:
 - Fullføring av byggjesteg 2 – gymsal ved Herad skule
 - Fullføring av byggjesteg 2 – spesialrom for faget mat&helse
 - Tilbygg med nytt klasserom
 - Tilbygg med gruppe/spesialrom for å gje eit godt nok tilbod til det aukande talet på elevar med behov for spesialpedagogisk hjelp
 - Nytt ventilasjonsanlegg.
- Nødvendig vedlikehaldsarbeid elles:
 - Solskjerming på langsida mot R7
 - Gjerding/repasasjon av gjerde rundt heile skulen
 - Reparasjon av port ved nedre inngang
 - Nye ballnett mot skråning
 - Beising.

DRIFT

- Arbeidet med rekruttering av godt kvalifiserte lærarar må halde fram. Gol kommune må vere ein pådrivar i arbeidet for ei desentralisert lærarutdanning.
- For å imøtekomme behovet for etter- og vidareutdanning blant lærarane, må skulen sikrast tilstrekkeleg med vikarressursar.
- Åtferdsprosjektet for Hallingdal vil halde fram som eit satsingsområde. Skulen arbeider med kompetanseheving for personalet (ART) og intensiverer arbeidet med haldningar for god åtferd blant elevane. Arbeidet er finansiert gjennom skjønnsmidlar frå Fylkesmannen.
- Kunnskapar om skikk og bruk på internett blir stadig viktigare for barn og ungdom. Skulemiljøutvalet ønskjer å arbeide for å forbygge mobbing og dårleg språkbruk på internett og SMS.
- Arbeidet med rekruttering av godt kvalifiserte lærarar må halde fram. Gol kommune må vere ein pådrivar i arbeidet for ei desentralisert lærarutdanning.
- For å imøtekomme behovet for etter- og vidareutdanning blant lærarane må skulen sikrast tilstrekkelege vikarressursar.
- Drift av datanettverket for elevar vil måtte samordnast for heile regionen.

Økonomiplan 2012 – 2015

INVESTERING – Herad skule sitt framlegg:

Budsjettkap.	Nye tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
	Utbygging av skulekjøkken (ikkje prissett)				
	Utbygging av kroppsov avd. (ikkje prissett)				
	Klasserom og grupperom (ikkjeprissett)				
	Solskjerming mot rv.7	75			
	Oppgradering av sløydsal (ikkje prissett)				
3112.2021	Digitalt utstyr. Ny maskinvare og digitalt utstyr for å gjennomføre bruk av digitale verktøy som basisferdigheit jf. Kunnskapsløftet	40	40	40	

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2012 – 2015

3112.2221: Alle tiltak til innvendig og utvendig renovering og oppussing må sjåast opp mot planar om å bygge ny skule.

DRIFT – Herad skule sitt framlegg :

Budsjettkap.	Nye tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
3112.2021	1. Vidareføring av lærarstilling	420	420	420	420
	2. 75% assistent inkl. leksehjelp med 110 000 kr	305	305	305	305
	3. Kompetanseheving jf. Kunnskapsløftet. (vikarressurs)	30	30	30	30
	4. Drift av IKT-nettverk/elevmaskiner	100	100	100	

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2012 – 2015

1. Vidareføring av 100 % lærarstilling, jf K-sak 11

2. Skulen hadde skuleåret 2010-11 ei 75 % assistent-stilling. Denne stillinga går ut 31.07.2011. Det er behov for gjenoppretting av stillinga av assistentstillinga frå 01.01.2012. Grunnlag for dette er at det eit aukande behov for spesielle tiltak for elevar. Dette er lovpålagte tiltak.
3. Skulen er lovpålagt å yte leksehjelp, og fram til sommaren 2011 er det assistenten som har hatt desse timane. Utan assistent må derfor ein lærar bistå med leksehjelp til elevane. Dette blir ei økonomisk svært dårleg løysing, om lag dobbelt så dyrt. 110 000 kroner til leksehjelp til Herad skule ligg i rammeoverføringane. Dette inngår i 75 % assistentstilling, sjå punkt 2.

Av dei nemnde årsakene er det vesentleg at Herad skule får gjenoppretta assistentstillinga på 75 %.

4. Kompetanseheving medfører mykje frávær. I tillegg til anna frávær som sjukdom og sjuke barn, vil dette medføre bortfall av undervisningstilbod dersom det ikkje kan setjast inn vikar. Skulen har per i dag ingen vikarressurs.
5. IKT-drift
Drift av datanettverk med omlag 60 elevmaskiner krev mykje arbeid. Komande skuleår har skulen ikkje personell med særskild IKTutdanning/kompetanse. Skulen har heller ingen ressurs til å leige inn denne kompetansen.
Difor må skulen få tilført denne ressursen på annan måte; anten ved at det blir leigt inn fagpersonar, eller at Herad skule òg kjem under HD-nett, og at kommunen står for drifting av maskinparken. Med så stor maskinpark både for elevar og lærarar, er brukarstøttesystemet ikkje ei tilstrekkeleg løysing.

2.3.3 GOL SKULE OG SFO

Mål 2012 - 2015

Gol skule sine mål er identiske med Mål for skulen i Gol, vedtatt i Kommunestyret 27.03.07, K-sak 10/07

Handlingsprogram 2012 - 2015

LÆRINGSUTBYTE

INVESTERING

- Skulen må ha gode og oppdaterte lærebøker. Det må framleis kjøpast inn nye bøker etter ny læreplan 06 Kunnskapsløftet. Nytt læreverk i RLE må kjøpast inn til 4 årstrinn.
- God undervisning i naturfag krev god tilgang på utstyr til ei praktisk tilnærming til faget. Tidlegare naturfagrom er gjort om til klasserom og naturfagutstyr må fraktast rundt til klassane. Skulen vil kjøpe inn ferdige koffertar med utstyr i fysikk.
- Tidleg innsats for god språkutvikling og sosial utvikling må vera eitt av skulens satsingsområde. *Felles Løft for tidleg innsats i Hallingdal* er eit samarbeidsprosjekt for alle Hallingdalskommunane både når det gjeld barnehage og skule. Prosjektet starta med barnehagane i 2010 og skal vidareførast til skulane frå hausten 2012.
- Digitalt utstyr er ein føresetnad for gode grunnleggjande ferdigheiter i bruk av digitale verktøy. Hallingdalskommunane har eit prosjekt for å samordne ressursar og kompetanse for IKT i skulen, og dette vil krevje ei standardisering av all maskin- og programvare. Det er realistisk å sjå for seg ei utskifting av 25 elevmaskiner og 5 lærarmaskiner årleg i ein 3-årsperiode. Konsekvensar av å vidareføre innsparing frå 2010 vil vera at Gol skule ikkje vil kunne dra nytte av dette interkommunale prosjektet, og at skulen får eit etterslep på framtidige investeringar.

DRIFT

- Gode kunnskapar og ferdigheiter i norsk, matematikk og engelsk krev tilpassa opplæring. Det er store forskjellar i talet på elevtimar (lærartettleik) mellom Gol skule og kommunar i same kommunegruppe. Ei vidareføring av nivået for 2010 medfører færre timar til støtte for elevar som treng ekstra oppfølging og til elevar med spesial-pedagogiske behov. Dette kan igjen føre til klager på enkeltvedtak. Ved fråvær vil det ofte ikkje bli sett inn vikar, og elevar mistar dermed det tilbodet dei skal ha.
- Lærevanskar må møtast med tidleg innsats. Statlege midlar til dette må brukast til å styrke norsk- og matematikk-opplæringa frå 1.-4.årstrinn.
- Alle elevar bør gå på skulen 5 dagar i veka. Overgang frå 4 til 5-dagars-veke for 1. og 2 klasse vil medføre ei omlegging av fag-og timefordeling. I ein overgangsperiode på 5 år vil det føre til behov for høgare timeressurs.
- Frå hausten 2010 vart det innført 1 ny elevtime som skal brukast til styrking av grunnleggjande ferdigheiter. Timen vart fordelt mellom 4.og 7.klasse og vart lagt til matematikkfaget. Dette medfører ein utgiftsauke som er lagt inn kommunens rammetilskot.
- Læringsutbytet til elevane i lesing og matematikk blir jamnleg kartlagt. Systematisk observasjon av lesing (SOL) vil framleis vera eit satsingsområde for skulen.

- Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn må få solide kunnskapar i grunnleggjande norsk. Timar til slik opplæring må aukast i samsvar med auken i elevtalet. Gol skule vil skuleåret 2011/2012 ha over 60 elevar med anna morsmål enn norsk. Det utgjer ca 20 % av elevtalet.
- Elevar med spesial-pedagogiske behov må sikrast eit likeverding opplæringstilbod. Det må utarbeidast eit system for tildeling av ressursar til desse elevane.
- For å sikre eit kvalitativt godt tilbod for barn med spesial-pedagogiske behov, bør det leggjast til rette for eit stabilt fagmiljø. Ved ombygging eller bygging av ny skule må Gol skule organisere og finne rom for ei spesial-pedagogisk avdeling .
- Skulen må ha spesialkompetanse på IKT, både når det gjeld vanleg kontorbruk, pedagogisk programvare og opplæring i digitale verktøy for elevane. Prosjektplan 2 som er utarbeidd av prosjektgruppa for IKT i skule og barnehage i Hallingdal, tilrår at skular med 300 elevar og meir har ein ressurs tilsvarande ei halv stilling til dette.
- Fysisk aktivitet vart forskriftsfesta for elevar på mellomtrinnet frå og med skuleåret 2009/2010. På Gol skule vil alle elevar frå 3.-7.årstrinn få dagleg fysisk aktivitet.
- Gol skule vil frå hausten 2011 innføre Trivselsprogrammet. Programmet er eit verktøy for å styrke trivsel og aktivitet i friminutta.
- Elevane skal ha tilgang til kulturelle opplevingar som til dømes konsertar, teaterframсыningar og utstillingar. Tilknytning til Den kulturelle skulesekken vil sikre elevane tilbod av høg kvalitet og samtidig gi ei god finansieringsordning.
- Elevane skal sjølve få vera med på skapande og kreative prosessar og få ta del i den lokale kulturarven. Midlar gjennom Den kulturelle skulesekken finansierer ulike prosjekt med lokale kulturformidlarar innan til dømes lausdans og teaterprosjekt.
- Musikkopplæringa i skulen vil bli styrka gjennom innføring av samarbeidsprosjektet Korps i skulen på 4. trinn.
- Leirskule og ekskursjonar bør vera ein del av skulens undervisningstilbod.
- Gol skule skal vera med på kommunens arbeid mot å bli eit miljøfyrtårn. Det må arbeidast for ei bevisstgjerung når det gjeld forbruk, energioekonomisering, avfallshandtering og transport.

LÆRINGSSTRATEGIAR

DRIFT

- Arbeidet med elevvurdering må halde fram. SOL (Systematisk observasjon av lesing) vil vera eit nyttig verktøy for tilbakemeldingar til elevar og foreldre om leseutviklinga.
- Elevsamtalar er eit viktig verktøy for elevvurdering og bevisstgjerung om eiga læring. Store klassar gjer det tidkrevjande å ha hyppige elevsamtalar, og timerressursen strekk ikkje til. Klassar på maks. 20 elevar vil gjera det lettare å gjennomføre jamnlege elevsamtalar.
- Kultur for læring må styrkjast. Det bør vurderast å innføre formell elevvurdering frå og med 7.årstrinn når lovverket gjer dette mogleg.
- Lekser er eit viktig virkemiddel for å lære gode arbeidvanar. Lekser skal vera repetisjon av innlært lærestoff, utanåtlæring og ikkje minst lesetrening. Frå og med hausten 2010 vart det innført rett til leksehjelp for 1. – 4.kl. Dette medfører ein utgiftsauke. Midlar til dette er lagt inn i rammetilskotet.
- Det bør også vera eit tilbod om leksehjelp til elevar på mellomtrinnet.

- Foreldresamtalar vil også vera vurderingssamtalar. Elevar og foreldre vil få tilbakemelding på måloppnåing i forhold til fagmål i læreplanen og i orden og oppførsel.
- Foreldremøte er ein viktig arena for samarbeidet mellom heim og skule. Det må arbeidast kontinuerleg for å heve deltakinga på alle trinn.
- Læringplattform for Hallingdalskommunane må vidareutviklast som kjelde for både informasjon og læring.

LÆRINGSMILJØ

INVESTERING

- Gol kommune har ikkje vedtatt bygging av ny skule. Renovering og utbygging av eksisterande skule vil måtte gi rom for alle årstrinn på storskulen.
- Dusjanlegget i kroppsøvingssavdelinga har på nytt fått fuktskader og må ha ny overflatebehandling.
- Administrasjonen må halde fram arbeidet med effektivisering og kvalitetssikring av det administrative arbeidet. Fagsystemet Oppad er no utvikla til å kunne handtere sensitive elev-opplysningar. Neste steg må vera å implementere timeplanleggjing i systemet.
- Godt kvalifiserte lærarar er grunnlaget for ein god skule. Kommunen må utvikle eit system for å sende minst 2 lærarar på lønna vidareutdanning kvart år.

DRIFT

- Dersom Glitrehaug skal oppretthaldast som avdeling for 1. og 2.klasse, må skulen tilførast ein administrasjonsressurs på min. 25 % til dette.
- Åtferdsprosjektet for Hallingdal vil halde fram som eit satsingsområde. Skulen arbeider med kompetanseheving for personalet (ART) og intensiverer arbeidet med haldningar for god åtferd blant elevane. Arbeidet er finansiert gjennom skjønnsmidlar frå Fylkesmannen.
- Kunnskapar om skikk og bruk på internett blir stadig viktigare for barn og ungdom. Skulemiljøutvalet ynskjer å arbeide for å forbygge mobbing og dårleg språkbruk på internett og SMS.
- Arbeidet med rekruttering av godt kvalifiserte lærarar må halde fram. Gol kommune må vera ein pådrivar i arbeidet for ei desentralisert lærarutdanning.
- For å imøtekoma behovet for etter-og vidareutdanning blant lærarane må skulen sikrast tilstrekkelege vikarressursar.
- Drift av datanettverket for elevar vil måtte samordnast for heile regionen.

SFO

INVESTERING

- SFO må ha eit forsvarleg varslingsystem for brann.
- Varmtvannsbereder for SFO og kulturskulen bør skiftast ut.

DRIFT

- Alle barn som har behov for det, bør kunne gå på SFO. Satsar for foreldrebetaling bør vera omtrent på landsgjennomsnittet.

- SFO følger skuleåret med 190 opningsdagar. Dette er det lovpålagte tilbudet. Ei vidareføring av nivået for 2011 medfører at det framleis ikkje blir SFO-tilbod i skuleferiane. Dette har størst konsekvensar for elevar med spesielle behov som ikkje så lett kan nytte seg av andre tilbod som fotballskule og kulturskule i feriane.
- 4-dagars skuleveke for 1. og 2. klasse medfører heildagstilbod på SFO. Innsparing her er ikkje mogleg å gjennomføre før det blir vedtatt å innføre 5-dagars skuleveke for alle.
- SFO ynskjer å vidareutvikle samarbeidet med kulturskulen. Midlar frå Den kulturelle skulesekken vil kunne finansiere ulike samarbeidsprosjekt.

Økonomiplan 2012 - 2015

INVESTERING – Gol skule sitt framlegg:

Budsjettkapittel	Nye tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
3111.2221	Ombygging/utbygging		5 000	5 000	5 000
	Utskifting av gjerde på storskulen. Pris ferdig oppsett gjerde.	80	75		
	Måling i dusjanlegg kroppsøvingsavd.	10			
	Solskjerming i undervisningsrom mot aust Glitrehaug.	20			
	Ny markiseduk på storskulen	125			
	Gjerde mot Hemsedalsvegen på Glitrehaug	60			
3111.2021	Innkjøp av tilleggsmodul til skuleadm. system	10			
	Naturfagsutstyr	20	20		
	IKT-utstyr: Utskifting og supplering	180	180	180	
	Trivselsprogrammet	20	12	12	12
	Nye lærebøker RLE	50			
3111.2151 SFO	Brannsikringstiltak SFO jf. Tilsynsrapport 15.07.03 (ikkje kostnadsrekna)				
	Varmtvassberedar	18			

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2012 - 2015

3111.2221 Ombygging /utbygging av skular kostar om lag 20 000 kroner per kvadratmeter(j følgje tal frå blant anna ombygging av Hol ungdomsskule 2010). Gol skule (storskulen) har eit areal på 3 890 kvadratmeter. Totalt vil dette utgjere ca 78 millionar. Med ei lånetid på 30 år og rente på 5 % vil kapitalkostnadene utgjera ca 5 millionar kroner årleg.

DRIFT - Gol skule sitt framlegg:

Budsjettkapittel	Nye tiltak	2012	2013	2014	2015
3111.2021	1. Auka timerressurs for betre tilpassa opplæring.	2 200	2 200	2 200	2 200
	2. Auka timerressurs for særskilt norskopplæring av minoritetsspråklege elevar.	200	200	200	200
	3. Ny time frå 2010.	115	115	115	115
	4. Leksehjelp 1.-4.kl	320	320	320	320
	5. Leksehjelp 5.-7. kl.	25	25	25	25
	6. Overgang til 5-dagars-veke for alle årstrinn	530	530	530	530
	7.Administrasjonsressurs til Glitrehaug.	132	132	132	132
	8. Kompetanseheving jf. Kunnskapsløftet. (vikarressurs)	100	100	100	100
	9. Tid til medråderett Glitrehaug	20	20	20	20
	10. Auke i post for fritt skulemateriell	7	7	7	7
	11. Auke i post for arbeidsmateriell	9	9	9	9

	12. Drift av fysisk aktivitet	60	60	60	60
3111.2151 SFO	1. Ikkje auke i satsar for foreldrebetaling	40	40	40	40
	2. SFO-tilbod i feriane	100	100	100	100
	3. Heildagstilbod for 1.og 2. klasse	45	45	45	45

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2012 - 2015

3111.2021

1. Gol skule hadde i 2010-11 ein lærartettleik på 14, 4. Talet er henta frå Skoleporten og blir utrekna med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppene. Talet inkluderer timar til spesialundervisning og timar til norskopplæring for minoritetsspråklege. Talet for same kommunegruppe er 11,2. For å kome opp på same nivå vil det medføre meir enn 4 ekstra lærarstillingar.

Ein låg lærartettleik (timeressurs) medfører store klassar, mindre tilbod om tilpassa opplæring/støtteundervisning i små grupper og dermed auka press på spesialundervisning. I neste omgang kan det medføre at skulen ikkje får nok ressursar til spesialundervisning og dermed får klagesaker med pålegg om å gi betre tilbod.

2. Gol skule opplever ein stadig større del fleirspråklege elevar. Barn i flyktningefamiliar byrjar som regel på Gol skule, og det er ikkje uvanleg å få nye elevar som ikkje kan eitt ord norsk. Midlar til norskopplæring av framandspråklege er ikkje lenger øyremerka, men lagt inn i rammeoverføringane. Dersom ein framleis legg utreknings-modellen frå rundskriv F-08-03 til grunn, vil det medføre ein auke på 10 timar i veka til særskilt norskopplæring og tospråkleg fagopplæring. Auken vil koste 200 000 kroner i året.
3. Regjeringa har innført 1 ny skuletime til styrking av grunnleggjande ferdigheiter frå hausten 2010. Timen vil bli lagt til 4. og 7.kl og vil ikkje medføre auka skyssutgifter. Midlar til timen er lagt inn i rammeoverføringane, og med tala regjeringa la til grunn i samband med statsbudsjettet for 2010, skal Gol skule få 115 000 kroner til dette. Dette skal dekkje både ordinær undervisning og spesialundervisning i denne timen.
4. I høyringsnotat om forslag til endringar i opplæringslova er heilåreffekten av leksehjelp for 1. - 4.kl utrekna til 424 millionar kroner. Gol sin del av dette vil vera ca 1 promille (424 000 kroner), og Gol skule sin del av dette bør vera 318 000 kroner. Summen skal liggje i rammeoverføringane.
5. Leksehjelp for 5.-7.klasse bør vera minimum 3 timar i veka med assistent.
6. Overgang til 5-dagars-veke for alle trinn vil i ein overgangsperiode på 5 år medføre auka timeressurs. Dette fordi 1. og 2. klasse vil måtte ha fleire timar mens dei andre klassane må halde fram med same timetalet for å få oppfylt totaltimetalet for 1.-7.klasse.
7. Dersom Glitrehaug skal halde fram som avdeling for 1. og 2.klasse ved Gol skule, bør avdelinga ha eigen inspektør i 25 % stilling.
8. Kompetanseheving medfører mykje frávær. I tillegg til anna frávær som sjukdom og sjuke barn, vil dette medføre bortfall av undervisningstilbod dersom det ikkje kan setjast inn vikar.
9. Glitrehaug må ha eigen plasstillitsvald med nedsett arbeidstid tilsvarande 1 time i veka.
10. Auke i elevtalet frå 2003 utgjer ca 15 %. Driftspostane har i den same perioden berre vore indeksjusterte. Det fører til stadig overforbruk på mange av driftspostane. Budsjettpostane for *Fritt skulemateriell* og *Arbeidsmateriell* bør derfor aukast med 15 %.
11. Drift av fysisk aktivitet er lagt inn i rammetilskotet med 45 000 kroner frå og med 2009. Gol skule sin del av dette vil vera 34 000 kroner. Ein oppretthalden reduksjon på dette området vil medføre at timar til drift vil måtte takast frå andre delar av skulens verksemd.

- 1 Satsane for foreldrebetaling for SFO i Gol kommune ligg høgare enn gjennomsnittet i same kommunegruppe, Buskerud og heile landet. Skilnaden i 2010 var 20 % mellom Gol og landsgjennomsnittet. Det blir derfor føreslått å fryse satsane for foreldrebetaling.
- 2 Drift av SFO i skuleferiane er kostnadsrekna til om lag 100 000 kroner
- 3 Drift av heildagstilbod på onsdagane er heilt nødvendig dersom det ikkje blir innført 5-dagars veke frå og med 1. klasse.

Konsekvensar av vidareføring av budsjett 2011. Oppsummering

- Elevtalet ved Gol skule aukar frå år til år. Ved skulestart hausten 2011 vil det vera 325 elevar ved skulen. Til samanlikning var det ved skulestart i 2003 285 elevar. Dette er ein skilnad på 40 elevar eller om lag 2 klassar. Det er heilt klart at ressurstildelinga til skulen ikkje samsvarar med denne auken.
- Eit auka elevtal medfører store klassar. Gol skule har for store klassar (25- 28 i dei fleste klassane). Gjennomsnittleg lærartettheit ved Gol skule er 14, 4. I same kommunegruppe er talet 11,2. Dette talet inkluderer både ordinær undervisning og undervisning til elevar med spesial-pedagogiske behov og særskilt norskopplæring. I følgje *Skoleporten* må dette talet sjåast i samanheng med § 8-2 i opplæringslova om forsvarleg pedagogisk gruppestorleik.
- Store klassar og grupper medfører større byrder for lærarar og barnerettleiarar.
- Låg timeressurs i forhold til elevtalet medfører
 - at det ikkje kan setjast inn vikarar ved sjukdom og opplæring
 - at timar til deling av store klassar i norsk og matematikk blir sterkt redusert
 - at tilbodet til elevar med spesial-pedagogisk behov ikkje vil følgje sakkunnig tilråding frå PPT, noko som igjen vil føre til klagesaker. Får klagesakene medhald, blir kommunen pålagt å finne ressursar til tiltaka.
 - at timetalet til særskilt norskopplæring for minoritetsspråklege vil vera for lågt i forhold til behovet.
- Det er ikkje midlar til skuleturar/ekskursjonar.
- Midlar til utstyr, herunder også digitalt utstyr, er sterkt redusert.
- Timar til drift av obligatorisk fysisk aktivitet må takast frå den vanlege timeressursen, noko som fører til dårlegare undervisningstilbod i andre fag (sjå første punkt). Det vil ikkje bli midlar til utstyr.
- Det vil framleis ikkje bli SFO-tilbod i feriane.
- Innsparing på heildagstilbodet onsdagane kan ikkje gjennomførast dersom det ikkje blir innført 5-dagars-veke frå og med 1.klasse.

Mål 2012 - 2015

Gol ungdomsskule sine mål er identiske med Mål for skulen i Gol, vedteke i kommunestyret 27.03.07.

Handlingsprogram 2012 - 2015**LÆRINGSUTBYTE****INVESTERING**

- Skulen treng gode og oppdaterte lærebøker i alle fag. Utsiftinga av bøker må halde fram slik at alle fag har bøker godkjent etter L 06.
- Til realfaga trengst det ekstra innkjøp av læremiddel. Emnet teknologi og design føreset bruk av oppdaterte dataprogram. I tillegg er det behov for ekstra rom med mulegheit for å installere vaskemaskin.
- Ny maskinvare og digitalt utstyr til elevbruk. Avvikling av skriftleg eksamen krev at det er minst 70 datamaskiner tilgjengeleg samstundes. Hallingdalskommunane har eit prosjekt for å samordne ressursar og kompetanse for IKT i skulen. Dette vil krevje standarisering av all maskin- og programvare. Konsekvensar av vidareføring av innsparingane i 2010 vil vere at det kan verte vanskeleg å gjennomføre eksamen slik elevane har krav på.
- Oppdatering og vedlikehald av datamaskiner til elevar og lærarar. Eksisterande maskiner må skiftast ut med jamne mellomrom. 4-5 lærarmaskiner og 20-25 elevmaskiner i året.
- Skulen treng å få installert digitale tavler og prosjektørar i fleire klasserom.

DRIFT

- Gode kunnskarar i faga krev utstrekt tilpassa opplæring. Det er viktig med god lærardekning og at timeressursen vert halden på eit godt nivå. Vidareføring av nivået for 2010 inklusiv innsparingstiltaka vil vere at det vert borte 2 lærarstillingar. Skulen kan heller ikkje setje inn vikar på samme måten som før.
- Læringsutbytet til elevane vert jamnleg kartlagt gjennom bruk av karakterar på testar og prøvar. Satsing på lesing i alle fag er eit prioritert område for skulen i perioden.
- Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn må sikrast gode kunnskarar i grunnleggjande norsk. Det er spesielt viktig der elevane kjem til Gol i ungdomsskulealder.
- Elevar med spesialpedagogiske behov må sikrast eit likeverdig opplæringstilbod. Det må utarbeidast eit system for tildeling av ressursar til desse elevane. Ressursane bør fylgje elevane ved overgang mellom skulane. For skuleåret 2011/2012 har 18 elevar fått tilråding om spesialpedagogiske tiltak. Dette utgjer ca 12 % av elevtalet.
- Språkutviklingsplan 0-16 år for Gol kommune skal vere eit verktøy for å sikre god kvalitet på norskopplæringa.
- Elevane skal ha tilgang til kulturelle opplevingar, og ved at skulen brukar tilbod frå den kulturelle skulesekken, sikrar ein god kvalitet på tilbodet.
- Datanettverk og digitalt utstyr må driftast og vedlikehaldast utan at det går ut over timeressursen til elevane. Skulen disponerer om lag 120 maskinar, og drift av maskinane må innarbeidast i drifta til dataavdelinga i Hallingdal.

- Gol ungdomsskule er med på kommunen si satsing på å verte miljøfyrtårn. Det vert lagt opp til bevisstgjering av energiøkonomisering og avfallshandtering i samarbeid med elevråd og personale.

LÆRINGSSTRATEGIAR

INVESTERING

- Skulen satsar på å ha godkjende lærebøker i alle fag frå og med dette året. I tillegg skal det satsast på å ha varierte konkretingsmateriell spesielt i natur og miljøfag.
- Bruk av digitale hjelpemiddel er nyttig for dei fleste elevane. God programvare i tillegg til gode skulebøker vil fremje tilpassa opplæring for elevane.

DRIFT

- Læringsplattforma It's learning må vidareutviklast til å betre informasjon og til å fremje betre læring.
- Drifting av elevmaskinar er relativt kostbart. Det vert jobba for at elevane skal få kvar sin datamaskin når dei startar på ungdomsskulen. Kostnaden vil vere om lag 300 000 kroner kvart år for å nå denne målsetjinga.
- Det er viktig å skape kultur for god læring på skulen. Det vil Gol ungdomsskule fremje gjennom god og variert opplæring tilpassa den enkelte elev, gi elevane eit trygt og godt arbeidsmiljø i tillegg til å stille krav om god arbeidsinnsats.
- Skulen vil tilby leksehjelp minst to dagar i veka etter skuletid der ein av dagane er med pedagogisk personale.
- Innarbeide ART og LØFT som ein naturleg del av drifta ved skulen.
- Gjennomføre minst to elevsamtalar i året der eleven og læraren ser på utviklingsmulegheiter.
- Ha eit godt foreldresamarbeid.
- Ha god deltaking på foreldremøta.

LÆRINGSMILJØ

INVESTERING

- Skulen i Gol treng eit funksjonelt og estetisk bygg. Gol ungdomsskule vil arbeide for at det skal bli ein felles skule i Gol. Skulen får etter kvart fleire elevar. Skulen manglar rom, og det må vurderast å leige brakke for å få plass til alle elevane.
- Dersom ikkje kommunen vedtek planar for bygging av ein ny skule, må det til store renoveringsarbeid på delar av skulen. Det vil omfatte nye grupperom samt ventilasjon og oppbevaring av kjemikaliar på naturfagrom og kunst- og handverksrom. Det må også skiftast vindauge på skulen. Renovering av garderobe og kjøkken på pauserommet til lærarane er nødvendig.
- Anna nødvendig vedlikehald er: Markiser og solskjerming på klasserom, utskifting av ytterdører, oppussing av elevtoalett.
- I forhold til universiell utforming så har ikkje rullestolbrukarar tilgang til alle klasserom.
- Innføring av fagsystemet Oppad vil vere med å effektivisere og kvalitetssikre administrativt arbeid.

- Skulane treng godt kvalifiserte lærarar. Krav til fagutdanning har endra seg over tid, og kommunen bør leggje til rette for at minst to lærarar kan få permisjon med lønn for å ta vidareutdanning i fag skulen treng.

DRIFT

- Åtferdsprosjektet for Hallingdal held fram som satsingsområde. Skulen legg til rette for kompetanseheving blant lærarane og jobbar med å gi elevane gode og positive haldningar. Delar av prosjektet er finansiert gjennom skjønnsmidlar frå Fylkesmannen.
- Delta i og gjennomføre opplegget med Vær Røykfri.
- Halde fram med MOT som satsingsområde.
- Halde fram med IL@skulen som satsing på fysisk aktivitet og utdanning av elevar som instruktørar.
- Det må jobbast for å rekruttere godt kvalifisert lærarar ved tilsetjingar.
- For å imøtekoma behova for vidare- og etterutdanning må skulen sikrast tilstrekkeleg vikarressurs.

Økonomiplan 2012 - 2015

INVESTERINGAR – Gol ungdomsskule sitt framlegg:

Budsjettkap.	Nye tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
3114 2021	Nye lærebøker i samband med Kunnskapsløftet.	50	70	100	100
	Ny maskinvare og digitalt utstyr for å gjennomføre bruk av digitale verkøy som Basisferdigheit, jf. Kunnskapsløftet	300	300	300	300
	Leige av brakke, nytt klasserom	70	70	70	70
	Datanett til alle undervisningsrom, jf. bruk av digitale verkøy som basisferdigheit i Kunnskapsløftet. Oppgradering av det trådlause nettverket.	40	40	40	40
	Realfagsutstyr	40	30	10	10
3114 2221	Måling av korridorar og undervisningsrom	20	10	10	10
	Utskifting av vindauge	500	500	300	
	Solskjerming i undervisningsrom	40	20		
	Opprusting av personalavdeling	50	50		
	Renovering av elev-toalett	100	100		
	Grupperom	50	50	20	20
	Vask fysikksal og ventilasjon	80			
	Avtrekk lakkrom	80			
	Avtrekk vaskerom - reinhald	20			

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2012 - 2015

All renovering og vedlikehald på bygningane må sjåast opp mot planar om bygging av ny skule på Gol. Gol vidaregåande skule har skifta alle vindauge tilsvarande dei som er på Gol ungdomsskule. Vindauga er vanskeleg å vaske og har ein konstruksjon kan vere farleg for elevane, jf. HMS rapport for 2010 og 2011.

DRIFT - Gol ungdomsskule sitt framlegg:

Budsjettkap.	Nye tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
3114 2021	Auka timeressurs for å gi elevar som startar på Gol ungdomsskule 2010 tilpassa opplæring og undervisning, jf. uttale frå PPT	1 200	1 200	1 200	1 200
	Drift av datanettet, innkjøp nye maskinar	300	300	300	300
	Kompetanseheving, jf. Kunnskapsløftet	90	90	90	90
	Drift av IL@skolen	148	148	148	148
	Vedlikehald og oppgradering av datamaskinar	100	100	100	100
	Utvide ekskursjonsbudsjettet for å fylgje årsplanar for fag	100	100	100	100
	Utvide bibliotekarstilling	120	120	120	120
	Utdanningsvalg	40	40	40	40
	Drift av MOT	30	30	30	30

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2012 - 2015

- Gol ungdomsskule vil frå og med skuleåret 2011/2012 ha 18 elevar som har fått tilråding om spesialpedagogiske tiltak frå PPT. Dei vil ikkje kunne få eit godt nok tilrettelagt undervisningstilbod i klassen utan at det er ein ekstra lærar tilgjengeleg. Det er svært viktig å gjennomføre det spesialpedagogiske tiltaket som er sett i gang på barneskulen. Dette har absolutt høgaste prioritet. Skulen gjennomføre eit forsvarleg skuletilbod for dei aktuelle elevane, må det avsetjast ekstra lønnsmidlar til dette opplegget. Det føreligg faglege vurderingar og tilrådingar frå barnevern, BUP og PPT. Dette kan Gol ungdomsskule berre klare ved å få behalde tildelingane frå før innsparingane i 2010.
- I fylgje elevtalsutviklinga vil Gol ungdomsskule ha 7 klassar ved skulestart 2011. 8.trinnet er på grensa til at det må delast i tre. Elevtalet vil auke kvart år framover. Skulen har ikkje klasserom til å dekkje dette behovet, og det må leigast inn brakker for å dekkje rombehovet.
- Avvikling av eksamen og gjennomføring av måla for dataundervisning krev at skulen har mange maskinar tilgjengeleg. Dette utstyret må driftast, og det må setjast av eigne midlar til ei slik stilling. Stillinga må vere på minst 50 %. Dette må vere i samarbeid med IKT drift i Hallingdal.
- Kompetanseheving fører til mykje frávær. I tillegg til anna frávær som til dømes sjukdom og arbeid for tillitsvalde vil det medføre bortfall av undervisning dersom det ikkje kan setjast inn vikar.
- Leinga i kommunane i Hallingdal har inngått ein samarbeidsavtale med Buskerud fylkeskommune om faget utdanningsval. Det inneber at ungdomsskulane må betale 250 kroner per elev for kvart dagsbesøk. Det gir ein kostnadsauke på 30 000 kroner som ikkje er budsjettert.
- Gol kommune er ein MOT kommune, og det inneber ein relativt stor kostnad. Berre medlemsskapet kostar om lag 45 000 kroner i året. Skal kommunen først vere ein MOT kommune, må det jobbast aktivt med temaet, og då må det synleggjerast i budsjettet også.

Konsekvensar av vidareføring av budsjett 2011

- Kutt i lønnsbudsjettet både for lærarane og assistentane medfører at elevane vil få eit dårlegare tilbod enn dei har fått tidlegare. I tillegg har elevtalet auka med 14, og skulen har 7 klassar mot 6 klassar då innsparingstiltaka vart vedtekne.
Utan tilføring av friske midlar, vil dette vil føre til:
 1. Skulen manglar ressursar til det auka elevtalet for 2011/2012.
 2. Timetalet til spesialundervisning må reduserast.
 3. Tilbodet til elevar med spesialpedagogisk tilråding frå PPT, vil ikkje kunne gjevast med utgangspunkt i det tilrådinga krev. Det kan føre til klagesaker til fylkesmannen, og kommunen blir pålagt å finne ressursar likevel.

- Kutt i velferdstilbudet til elevane vil føre til at skuleturar / ekskursjonar vil falle bort. Skulen må nøye seg med dei turane faget utdanningsval krev.
- Vert IKT midla reduserte eller borte, vil det føre til at skulen på sikt vil få problem med å gjennomføre eksamen på ein forsvarleg måte.

Årsbudsjett for 2012

Gol ungdomsskule har utarbeidd forslag til driftsbudsjett for 2011 med bakgrunn i budsjett for 2011, rekneskap 2010 og budsjettdirektiv datert 10.06.10. Driftsbudsjettet sin taldel for 2012 vert lagt inn i Økoplansystemet.

Kommentar

3111 Gol ungdomsskule –Lønnsbudsjettet

- Lønnspostane for assistentar (10100) og lærarar (10101) er lagt inn etter vedtatte stillingsheimlar og med noverande regulativlønn og tillegg.
- Lønn for lærarar i norsk for framandspråklege elevar og morsmåslærarar er lagt inn på 10101 2024 etter vedtatte stillingsheimlar.
- Kompensasjon for redusert undervisningsplikt for 6 lærarar over 55/60 år - Vikarutgiftene er lagt inn på 10205.
- Gol ungdomsskule har 3 tilsette som skal ha ei ekstra ferieveke. Dette utgjør ca 4 % stilling. Vikarutgiftene er lagt inn på den same posten.
- Kompensasjon for redusert arbeidstid for 1 arbeidstakar over 62 år er lagt inn på post 10206 (Vikarløn seniortiltak).
- På posten for anna lønn (10500) ligg stipulerte utgifter til godtgjersle for delt dagsverk, godtgjersle for leirskule og klesgodtgjersle for lærarar.
- På post for overtid (10400) ligg godtgjersle for arbeid på 17.mai.

Kommuneplanen sine hovudmål for vaksenopplæringa 2008 - 2020

Læringscenteret Gol vaksenopplæring gir tilbod om grunnskuleopplæring, spesialundervisning og undervisning i norsk med samfunnsfag for framandspråklege, jamfør opplæringslova og Lov om introduksjonsprogram og norskopplæring for nyankomne (introduksjonslova). Skulen er ansvarleg for å gjennomføre introduksjonsprogram for flyktingar. Skulen tilbyr også tenester til dei andre kommunane i Hallingdal.

- Gol kommune skal vera blant dei fremste i landet når det gjeld læringsmiljø og kunnskapsutvikling.
- Gol kommune skal vera eit sentrum for spennande kunnskapsbedrifter og kreative fagmiljø.

Kommunen vil gje vaksenopplæring i samsvar med krava som er stilt i lovverket. Undervisninga skal så langt råd er målrettast mot den einkilde sitt behov for kompetanse.

Visjon:

Læringscenteret Gol vaksenopplæring ynskjer å fremje livskvaliteten hjå elevane ved å utvikle evna til meistring og deltaking i skule og samfunn.

Mål 2012 - 2015

Læringscenteret Gol vaksenopplæring sine mål for 2012 – 2015:

1. Framandspråk. Lov om Norskopplæring for nyankomne innvandrerar

- a) Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal vidareutvikle samarbeide med dei andre kommunane i Hallingdal.
- b) Vidareutvikle nye metodar for innlæring av norsk for minoritetsspråklege.

2. Grunnskuleopplæring

- a) Grunnskuleopplæring. Opplæringslova § 4A-1.
 - Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal gje tilbod om grunnskuleopplæring for vaksne til dei som melder behov for slik opplæring.
 - Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal vidareføre det interkommunale samarbeidet i Hallingdal på grunnskuleområdet.
 - Læringscenteret Gol vaksenopplæring skal ha oppstart med ny grunnskuleklasse kvart år.
- b) Grunnskuleopplæring Spesialundervisning. Opplæringslova § 4A-2.
 - Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal utvide det interkommunale samarbeidet i Hallingdal når det gjeld spesialundervisning
 - Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal gje tilbod om logopeditenester til dei som har rett til slik opplæring og behandling
- c) Kvalifiseringsprogrammet
 - I samarbeid med NAV gje grunnskuleopplæring etter opplæringslova §4A-1 og/eller 4A-2 for aktuelle deltakarar.

3. Introduksjonsprogram for Innvandrarar. Lov om introduksjonsordning.

- Læringscenteret Gol vaksenopplæring vil arbeide for å få til interkommunal samarbeidsavtale om Introduksjonsprogram.

4. Norskopplæring for asylsøklarar

- Læringscenteret Gol vaksenopplæring gir tilbod om norskopplæring for opplæring av asylsøklarar i asylmottaka i Hemsedal og Nes.
Læringscenteret gir, innanfor dei økonomiske rammene staten set, tilbod om inntil 250 timar norskopplæring for vaksne asylsøklarar som har rett til slik opplæring. Opplæringa følgjer læreplanen.
Opplæringa vil gå føre seg på Gol, så langt det er kapasitet på høvelege lokale.

5. Kvalifiseringsprogram

- I samarbeid med NAV ha ansvar for tilrettelegging og oppfølging av praksisplass for kandidatar busette på Gol som er på Kvalifiseringsprogram og som samstundes er elevar ved læringscenteret.

6. Læringscenteret Gol vaksenopplæring Folkeuniversitetet Hallingdal

- Vidareutvikle samarbeidet med folkeuniversitetet. M. a. leggje til rette for studiesenter og høve til fjernstudium og å gje forelesingar og kurs som fjernstudium frå Læringscenteret.

Tiltak 2012 - 2015

Investerings- og driftsoversikta nedanfor omtalar tiltaka.

Økonomiplan 2012 - 2015

Budsjettet til Læringscenteret Gol vaksenopplæring er delt i fem hovuddelar:

131502131	Grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 4A1
131502133	Spesialundervisning etter opplæringslova § 4A2
131502134	Framandspråkopplæring
131502732	Introduksjonsprogram
131562134	Opplæring asylsøkjjarar

INVESTERING – Læringscenteret Gol vaksenopplæring sitt framlegg:

Budsjettkap.	Nye tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
1230031502134	Måling fasade Lysbo	110	110	110	
1200031502134	Elevpultar. Utskifting. 15 stk pr år	20	20	20	20
3150	Husleige-Drift Lysbo	510			
3150	Husleige - drift andre lokalitetar		1 800	1 800	1 800

Kommentar til investeringsdelen i økonomiplanperioden 2012 - 2015

Oppussingsarbeid Lysbo

Læringscenteret held til i gamle og utslitne lokale. Fasaden talar for seg. Innvendig er det også lite tilfredstillande, men ymse småarbeid har gitt eit noko betre inntrykk av bygningen. Her er det eit toalettrom som treng oppussing og oppgradering. Det er heller ikkje tilgjenge for rørslehemma. Om lag 210 personar er knytte til vaksenopplæringa, anten som elevar eller tilsette. I tillegg kjem elevar ved Folkeuniversitetet Hallingdal som nyttar lokala på kveld og helg og dels på dagtid.

Lokala i Lysbo har ein driftskostnad på 510 000 kroner per år til reinhald og vaktmeister til energi, forsikring, avgifter med meir. I tillegg kjem leige/stipulert leige for sjølve bygget. Naudsynt oppussingsarbeid er gjort greie for ovanfor. I økonomiplanen blir det lagt opp til auka kostnader med husleige, anten som fylgje av oppgradering av Lysbo eller at Gol vaksenopplæring og Folkeuniversitetet kan ta i bruk nye og meir eigna lokale.

Andre lokalitetar

Lokala i Lysbo er ikkje tilfredstillande verken til undervisning eller annan aktivitet. Gol kommune må etter kvart finne ei løysing der vaksenopplæringa kan nytte lokale som er meir tidsmessig og ikkje minst ivaretek arbeidsmiljølova i høve til ventilasjon, støy og temperatur. Det bygningsmessige og interiørmessige er også i svært dårleg forfatning.

I økonomiplanen blir det lagt opp til ei stipulert leige for vaksenopplæringa.

Det som er skrive ovanfor om investeringar, føreset at det blir skaffa nye lokalitetar til Læringscenteret Gol Vaksenopplæring og Folkeuniversitetet i nær framtid i samband med realisering av Hallingmoprosjektet.

Dersom Hallingmoprosjektet ikkje blir realisert, eller at det ikkje blir funne ny tilhaldsstad for Vaksenopplæringa/Folkeuniversitetet, må det gjerast slike investeringar ved Lysbo:

- a) Fullstendig oppgradering av friskluftanlegget ved Lysbo
- b) Brannsikringstiltak med belysning, vatn, varslarar m.m., fleire rømningsvegar
- c) Nytt varmesystem (fyrkjele, varmesentral, omnar)
- d) Tilgjenge for rørslehemma
- e) Nye toalett inkludert toalett for rørslehemma
- f) Solskjerming
- g) Generell oppussing av klasserom med måling, nye tak inne, golvbelegg, utskifting av dører
- h) Oppussing av administrasjonsavdeling med nye tak, oppussing kontor koordinator, garderobe for tilsette
- i) Oppussing og ombygging av korridor 1. etg med nye golv, nytt golvbelegg
- j) Oppussing kopi-rom
- k) Lage garderobe for elevar
- l) Nytt lagerrom og sanering av gammalt safe-rom
- m) Fullstendig oppussing av fasaden
- n) Nytt ytre tak på lite mellombygg
- o) Ferdigstilling av uteareal i bakgården
- p) Det er ukjent kva standard det er på det elektriske anlegget generelt
- q) Det er ukjent kva standard det er på VVS anlegget ut over det som er nemnt ovanfor.

Desse utgiftene er ikkje kostnadsrekna.

DRIFT – Læringscenteret Gol vaksenopplæring sitt framlegg:

Budsjettkap.	Nye tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
131502751	Introduksjonsprogram	100	100	100	100
131502131	Grunnskuleopplæring etter opplæringslova §4A1	500	500	500	500
131502133	Spesped opplæringslova §4A2	900	900	900	760
131502133	Logopedi Spesped opplæringslova §4A2	117	117	117	117

Kommentar til driftsdelen nye tiltak i økonomiplanperioden 2012 - 2015

- 131502131 Grunnskuleopplæring etter opplæringslova §4A1
- 131502133 Spesped - opplæringslova §4A2
- 131502133 Logopedi / Spesped - opplæringslova §4A2

Desse tiltaka vart alle reduserte i budsjettet for 2010 i samband med nedskjeringane og vidareført for budsjettet i 2011. I økonomiplanen er dei same budsjettpostane lagt inn att med full årsverknad og vidareføring av aktiviteten frå opphavleg budsjettframlegg og økonomiplan i 2010.

- Grunnskuleopplæring
Samarbeidsavtaler med alle hallingdalskommunane gjer at kostnaden blir vesentleg redusert sjølv med vesentleg auka aktivitet.
- Spes ped
Det er venta at behovet for spesialundervisning vil auke Sal av tenester til andre kommunar vil redusere kostnaden, men det er vanskeleg å stipulere.
- Logopedi
NAV vil truleg refundere kostnaden

Introduksjonsprogram

Drifting av programmet utanom skuleruta, i feriar og dagar utan undervisning.

2.3.6 OMSORGSAVDELINGA

Omsorgsavdelinga har gjennom fleire år hatt vanskar med å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene. Siste åra har det vorte brukt store ressursar på å analysere drifta og identifisere svake punkt. Eit resultat av dette arbeidet var at kommunestyret i juni 2011 vedtok at omsorgsavdelinga frå 01.07.2011 vert splitta i to avdelingar. Mykje arbeid gjenstår når det gjeld detaljplanlegging, deling av økonomiske rammer med meir. I ein slik situasjon er det vanskeleg å legge fram eit handlingsprogram som gjev eit godt bilete på framtida. Det blir difor lagt fram eit handlingsprogram for ei samla omsorgsavdeling, men når ein kjem til årsbudsjett vil det vere behov for splitta rammer.

Mål 2012 - 2015

Handlingsplan for omsorgsavdelinga vart utarbeidd og sendt på høyring våren 2009, men vart ikkje fremja for kommunestyret. Handlingsplanen er no vedtatt revidert. I samsvar med planutkastet er omsorgsavdelinga sin visjon: **Omsorgstenester for meistring av eigen livssituasjon.**

Dette kan ein oppnå gjennom

- Brukardialog og kommunikasjon med brukarar
- Myndiggjorde medarbeidarar
- Tilretteleggjande leiing
- Heilskapeleg og tverrfagleg tenking.

Økonomiplan 2012 – 2015

INVESTERING – omsorgsavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
3400	Ombygging av Gol helsetun – ny inngang, resepsjon, kontorlokale og møterom	2 500			
3410	Utviding og utbetring av institusjonskjøkkenet		800	0	0
3410	Kjøkkenmaskinar	150		0	0
3420	Ombygging Gol helsetun til rehabiliterings- og korttidsavdeling.	*			
3420	Alarm-/ringjesystem på Gol helsetun	1 000	0	0	0
3431	Personalfasilitetar i Helsetunvegen		*		

*) Kalkylar manglar. Avhengig av beregningar frå Gol Byggdrift KF.

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2012-2015

Inngangsparti med resepsjon, kontorlokale og møterom

Det er ynskjeleg å få flytta hovudinngangen til underetasjen og få til ein "resepsjon" som kan vera i kombinasjon med kontor til merkantilt personale. Det er ynskjeleg med eit oversiktleg og informativt inngangsparti slik at besøkjande/pårørande lett kan finne fram. Omsorgsavdelinga har også for få og for dårlege kontor og lite møterom.

Utviding og utbetring av institusjonskjøkkenet

Kjøkkenet har behov for større plass dersom dei skal klare å oppretthalde den produksjonen dei har i dag. Det er dårleg tilrettelagt for bakeavdeling og lite rom for kontorplass for kjøkkensjef. Det er tenkt ei lita utviding av kjøkkenet for mellom anna å få plass til maskinar som kan auke kapasiteten

Kjøkkenmaskinar

Kjøkkenet har behov for oppgradering av maskinar for å tilfredsstille kvalitetskrava som vert stilte frå mattilsynet. Det er viktig at ei såpass stor produksjonsavdeling har sikkert og kvalitetsmessig rett utstyr for å kunne levere fullgode produkt.

Ombygging Gol helsetun til rehabiliterings- og korttidsavdeling

Som nevnt over vil Samhandlingsreforma føre til større etterspørsel for akutt-, rehabiliterings- og korttids plassar. I tillegg er det behov for å kunne tilby avlastning til dei som pleiar sine egne heime. Omsorgsavdelinga har ikke kapasitet til dette i dag.

Austfløya på Gol helsetun kan nyttast til korttids-/rehabiliteringsplassar. I austfløya er det 10 rom. For å kunne få ei funksjonell rehabiliteringsavdeling, vil det vera naudsynt med ei renovering av romma. Avdelinga er frå slutten av 1970-talet, og det er lite som er gjort av oppgradering i desse åra. Pasientromma treng renovasjon av bad, spesielt golva, for å få rett fall på sluk og nytt belegg.

Alarm-/ringjesystem

Alarm/ringjesystema på Helsetunet er, med unntak av den nye avdelinga "Fagertun", ikkje funksjonelle korkje for bebuarar eller personalet. Det er ynskjeleg med eit varslings-/ringjesystem som tilfredsstillir dagens krav til standardar, som er funksjonelt, og som sikrar tryggleiken for bebuarane.

Personalfasilitetar og fellesrom i Helsetunvegen

Helsetunvegen PU -bustader hadde ingen personalfasilitetar som garderobe og pauserom. Eine leilegheita er tatt i bruk til personalrom i påvente av eventuell bygging av fellesareal. For at personalet skal kunne drive forsvarleg etter arbeidsmiljølova, og følgje opp strenge krav om dokumentasjon, er det viktig at dette blir prioritert.

DRIFT – omsorgsavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	Nye tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
3400	Stillingsheimlar for faste vikarar	0	0	0	0
3400	Opplæring	200	200	200	200
3400	Modul i turnusprogrammet Notus	130	27	27	27
3400	Saksbehandlar omsorgstjenester	300	300	300	300
3400	Driftsansvarleg og superbrukere Gerica	500	500	500	500
3400	Automatisk tilgangsstyring Gerica	70			
3410	Driftsauke kjøkken, 0,9 årsverk	450	450	450	450
3411	Utvida tilbod om; (jf. Omsorgsmeldinga) BPA (borgarstyrt personleg assistanse), omsorgsløn, støttekontakt, privatavlastning og skoleavlastning	200	250	300	300
3411	Utvikling av alternative arbeidstilbod; Inn på tunet/Grøn omsorg – tiltak (sjå Næringsavdelingas tiltak), jf. Omsorgsmeldinga.	300	300	300	300
3412	Nattevakt omsorgsbustader Torstadvegen 1,7 årsverk	1 100	1 100	1 100	1 100
3420	Korttidsavdeling, 10 plassar				
	- Bemanning 6 årsverk	3 000	3 000	3 000	3 000
	- Mat	300	300	300	300
	- Medisin	150	150	150	150
	- Medisinsk utstyr	150	50	50	50
	- Medisinske forbruksvarer	30	30	30	30
	- Auka utgifter til Gol Byggdrift KF	250	250	250	250
3430	Ny stilling i heimetenester	500	500	500	500
3431	Stillingsheimel avlastning	500	500	500	500

Generelt

Omsorgsavdelinga driv ei teneste som i stor grad er lovpålagd og rettighetsstyrt. Gjennom fleire år har det vore til dels store overskridingar på budsjettet til omsorgsavdelinga. Dette skuldast at budsjettet baserer seg på historiske data og ikkje i tilstrekkelig grad byggjer på reell situasjonsanalyse og behovsdokumentasjon (KOSTRA og IPLOS-data), jf. RO-rapport 2007 og såleis ikkje fangar opp endringar i tenestemottakarane sine behov.

Felles

Faste vikarer

Omsorgsavdelinga har hatt eit stor sjukefråvær (i overkant av 10 %). Sjukefråvær er kostbart i omsorgsavdelinga, med vikarkostnader og bruk av administrative ressursar til innleige. Tilgangen på kvalifiserte vikarar varierer, noko som kan påvirke kvaliteten på tenestene. Sjukefråvær er dessutan ei ekstra belastning for kollegaer og arbeidsmiljø. Det er ynskjeleg å prøve ut fast tilsetjing av vikarar. Kostnaden kan dekkjast av vikarmidlane, men stillingar må opprettast.

Avdelingsleiing

Omsorgsavdelinga fekk i samband med budsjettbehandlinga hausten 2009 redusert ramme til opplæring og kompetanseheving. Behovet for midlar til kompetanseheving er til stades, og ramma bør aukast.

Omsorgsavdelinga har behov for kvalifiserte saksbehandlarar til å utgreie og saksbehandle søknader om pleie- og omsorgstenester. Ein slik saksbehandlar er ei nøkkelstilling både når det gjeld brukarane sine rettar, men også for å kunne dimensjonere tenestene korrekt. Avdelinga har i dag 50 % stilling til dette, men det er behov for ei heil stilling, så det blir føreslått ei ny 50 % stilling.

Fagsystemet Gerica blir brukt av både omsorgsavdelinga og helseavdelinga (psykisk helsevern og fysioterapiavd), men kostnaden har til no blitt dekt av omsorgsavdelinga aleine. Dette må tas opp i samband med splitting av omsorgsavdelinga og i samband med deling av budsjett.

Det er behov for ressursar til drift og utvikling av fagsystemet Gerica. Avdelinga har behov for ressursar til superbrukarar som blant anna har ansvar for opplæring av tilsette. Totalt er det bruk for 100 % stilling til dette.

I tillegg vil det vere behov for automatisk tilgangsstyring i Gerica når avdelinga vert delt. Dette for å tilfredsstille krava frå Datatilsynet. Kostnaden er ein eingongskostnad på ca 70 000 kroner.

Dersom avdelinga hadde tatt i bruk fleire modular i turnusprogrammet Notus, ville ein spart personalressursar samtidig som ein hadde oppnådd bedre oversikt bemanningsbehov og kva for vakter som vil utløyse overtid. Dersom ein kjøper inn modulen i samarbeid med dei andre kommunane i Hallingdal som brukar Notus, vil Gol kommune få ein eingongskostnad på 80 000 kroner og ein auke på 27 000 kroner i årleg lisens. Kjøper ein modulen aleine, vil eingongskostnaden auke til 104 000 kroner.

Institusjonskjøkken

Grunna auka matproduksjon (utbygging ved Gol helsetun og aukande matombringning) treng kjøkkenet å bli tilført midlar og stillingsheimlar for å halde produksjonen på noverande nivå.

Eldreomsorg

Rehabiliterings- og korttidsavdeling

Gol helsetun disponerer i dag 42 rom. 32 av desse romma er til langtidsopphald. 10 rom ynskjer ein brukt til korttidsopphald, rehabilitering og avlastning. For å møte samhandlingsreforma vil behovet for rehabilitering, medisinsk behandling og oppfølging i kommunen auke.

Bemanning til pleie på ei slik avdeling vil utgjere ca 6 årsverk. I tillegg er det behov for ressursar til opptrening og behandling, mat, medisin med meir.

Natteneste

Det er behov for nattevakt i Torstadvegen, jf. Helsetilsynets revisjon i 2006. Dette gjeld også omsorgsbustader i Furuvegen. Her er det tenkt ei fellesløyving med nattevakt. Spesielt i Torstadvegen som er bygd med tanke på demente, er det ikkje tilfredstillande å ha nattevakt som berre er innom på tilsynsrundar. Avdelinga har tildelt desse bustadane til personar som har, eller er i ferd med å utvikle demenssjukdom, og som treng fast tilsyn gjennom heile døgnet. Målet til omsorgsavdelinga er at flest mogleg skal bu i eigen heim, noko som også er mest kostnadseffektivt.

Heimetenester

Ein har dei siste åra hatt redusert bemanning i omsorgsbustadene, men behovet er absolutt til stades. Dette er resultat av at ein er streng i tildeling av bustader slik at dei som får tildelt bustad, også har eit stort omsorgsbehov.

Heimetenestene har også eit aukande behov for meir bemanning grunna at eldre ynskjer/må bu heime lenger. I tillegg har heimetenestene fleire ressurskrevjande brukarar.

Funksjonshemma og utviklingshemma

Tenester for funksjonshemma

BPA (borgarstyrt personleg assistanse)

- omsorgsløn
- støttekontakt
- privatavlasting
- Inn på tunet – Grøn omsorg

Dette er kostnadseffektive løysingar som erstattar det vanlege tenesteapparatet og tek omsyn til valfridom for den einskilde brukaren (jf. Omsorgsmeldinga og diverse rundskriv). Innsatsen til slike tiltak vart redusert ved budsjettbehandlinga hausten 2009.

Avlastning

Behovet for avlastning er aukande. Omsorgsavdelinga vil frå hausten 2011 få ansvar for avlastning til fleire brukarar. I tillegg yter omsorgsavdelinga etter-skule-avlastning for ungdommar som har behov for tilsyn, og som ikkje kjem inn under SFO-ordninga. Avdelinga har dessutan fått auka kostnader til avlastning i feriar sidan kommunestyret vedtok å redusere SFO-ordninga. Avdelinga har ikkje fast bemanning til denne tenesta. Behovet for bemanning og stillingsheimlar til fast avlastning er om lag ei stilling.

All avlastning skal vera gratis. Avdelinga må også dekke husleige, utstyr til avlastningbustadane og mat til dei som er på avlastning. Transport til og frå avlastning også skal dekkjast av kommunen.

Tenesta har leigd ein ny leilegheit med tre soverom. Det vert då muleg å ha fleire på avlastning samtidig. Det er eit ynskje å spreie tenestene geografisk.

Tenester til utviklingshemma

Også tenestene til psykisk utviklingshemma er lovpålagde, og omfanget av tenestene er betydeleg. Fylkesmannen har uttalt at tenestene kommunen yter, er under minste kravet, dette er det fokus på å betre.

Tenestetilbodet blir gjeve i brukarane sine eigne bustader og på arbeidssenteret. Talet på brukarar er høgt i forhold til storleiken på kommunen og omfattar både barn og vaksne. Kommunen får refusjon for ein del av kostnadene til ressurskrevjande brukarar.

I Gol kommune er det no fleire ungdommar på veg til å flytte i eigne bustader. Desse vel i større grad enn tidlegare å busetje seg utanom dei kommunale bustadane i Helsetunvegen. Kommunen må yte tenester som butrening, praktisk bistand med meir også til denne gruppa.

2.3.7 SOSIALAVDELINGA

Mål og tiltak 2012 - 2015

- Redusere talet på mottakarar av økonomisk sosialhjelp
- Følgje opp sjukmelde og arbeidsledige slik at dei kjem attende i arbeid så snart som mogleg
- Sørgje for god oppfølging og avklaring av deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet (KVP)
- Samarbeide nært med Ruskonsulent, psykisk helsevern, barneverntenesta, omsorgsavdelinga og andre relevante samarbeidspartnarar til beste for brukarane
- Ta imot 15 flyktningar i året, og arbeide for at Introduksjonsprogrammet kan halde fram med å få brukarane raskt over i arbeid og aktivitet.

Økonomiplan 2012 - 2015

DRIFT – Sosialavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
3300242110100	100 % st., tiltakskonsulent for KVP/arbeid for sosialhjelp	400	400	400	400
3300242110100	Del av regional stilling som gjeldsrådgjevar	93	93	93	93

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2012 - 2015

1. 100 % stilling, tiltakskonsulent for Kvalifiseringsprogrammet/arbeid for sosialhjelp

Samanlikna med dei andre kommunane i Hallingdal, har Gol kommune flest personar som mottok sosialhjelp i løpet av året. 147 personar mottok sosialhjelp i 2010. Bemanninga i sosialtenesta samsvarar ikkje med talet på klientar. Sosialtenesta har ikkje ressursar nok til å følgje opp deltakarane i kvalifiseringsprogrammet på ein god nok måte. Gjennom bruk av ei ny stilling og bruk av kommunale tiltaksplassar kan det stillast vilkår for mottak av økonomisk sosialhjelp om at mottakarane skal stå i arbeid for å kunne få sosialhjelp. Eit slikt tiltak vil kunne redusere utgiftene til økonomisk sosialhjelp betrakteleg. Det vil også vere svært aktuelt å gje deltakarane tilbod gjennom vaksenopplæringa.

Kvalifiseringsprogrammet er eit kommunalt ansvar, og forvaltninga er lagt til det lokale NAV-kontoret. Føremålet med kvalifiseringsprogrammet er å forsterke innsatsen overfor personar som i dag er avhengige av sosialstønad over lengre tid. Det skal utarbeidast eit arbeidsretta program for alle som blir vurderte til å ha moglegheit til å kome ut i arbeid - også der vegen kan vere lang og usikker. Dersom deltakarane kjem ut i ordinært arbeid, vil det spare kommunen for store utgifter på sikt.

2. Del av interkommunal stilling som gjeldsrådgjevar

I hovudskissa for etablering av NAV i Hallingdal er det beskrivi at oppretting av stilling som gjeldsrådgjevar er ei interkommunal oppgåve som kan leggjast til ressurseininga på Gol. Hovudskissa er utarbeidd i partnarskap mellom kommunane i Hallingdal og NAV Buskerud. Etter mandat frå utvida partnarskap for NAV i Hallingdal, der rådmennene i Hallingdal og direktøren for NAV i Buskerud møter, har leiaren for NAV Gol laga eit utkast til saksutgreiing vedrørende regional stilling som gjeldsrådgjevar.

I Vest-Telemark er det oppretta ei slik regional stilling. Erfaringane der viser at utgiftene til stillinga blir sparte inn gjennom reduserte utgifter til økonomisk sosialhjelp. Dette skjer fordi ein kan kome tidlegare inn og få rydda opp i den økonomiske situasjonen slik at klienten blir sjølvhjelpen.

Det er eit sterkt ynskje frå alle NAV-kontora i Hallingdal at det blir oppretta ei slik stilling. Det ligg om lag 50 saker vedrørende gjeld til handsaming i NAV-kontora i Hallingdal. Kontora opplever at dei

verken har ressursar eller kompetanse til å handtere desse sakene. Stillinga vil ha sin base ved NAV Gol.

Kommentar til Årsbudsjett 2012

NAV Gol har eit realistisk budsjett. Økonomisk sosialhjelp er ei lovpålagt teneste der ein ikkje kan gje avslag på søknader med grunngiving i kommunen sin økonomiske situasjon. Avdelinga vil i 2012 framleis ha sterkt fokus på å redusere utgiftene til økonomisk sosialhjelp.

Det er difor lagt vekt på å føreslå tiltak som vil redusere blant anna utgiftene til økonomisk sosialhjelp. Kostnadene ved desse tiltaka er lågare enn det ein vil spare inn på utbetalingar av økonomisk sosialhjelp.

Frå 2011 vart Ål kommune vertskommune for dei 5 andre kommunane i Hallingdal. Det skal heretter kvart år gjerast vedtak om eit samla budsjett for barneverntenesta. Dei faste driftutgiftene som lokale, personale, offentlege avgifter med meir skal fordelast etter den vedtekne fordelingsnøkkelen for regionen.

Kvar kommune har det økonomiske ansvaret for tiltak og andre eksterne kostnader knytta til barnet i den enkelte kommune.

Mål 2008 - 2020

- **Gol kommune skal arbeide målretta for god og likeverdig helse i heile befolkninga**

HELSE I PLAN

Det skal takast omsyn til helse i all planlegging.

Bygningar og tilrettelagt uteareal skal vera tilgjengelege for alle (universell utforming).

FØREBYGGING

Gol kommune skal arbeide for å fremje god helse i heile befolkninga i arbeid og fritid.

Livsstilssjukdommar skal førebyggjast gjennom fokus på kosthald, rus, tobakk, psykisk helse, kultur og fysisk aktivitet.

Kommunen skal gje tenestetilbod som brukaren i størst mogleg grad kjenner til, som skaper tryggleik, og der brukaren er aktivt medverkande

BEHANDLING OG REHABILITERING

Kommunen skal tilby nødvendig helsehjelp som dekkjer behov for pleie, omsorg, behandling og rehabilitering

Det skal arbeidast tverrfagleg for å samordne tilbod til menneske med psykiske vanskar, med særleg vekt på barn og unge.

Folkehelse

Folkehelsearbeid er samfunnets totale innsats for å oppretthalde, betre og fremme helsa i ei befolkning.

1. Overordna mål

- Fleire leveår med god helse. Utjamne sosiale ulikskapar i helse.

2. Dei viktigaste tiltaka for å nå målet

- Auka politisk og administrativt engasjement for folkehelse i kommunen
- Kompetanse om folkehelsearbeid skal vera representert i alle kommunale planutval
- Auka påverknad i kommunens planarbeid
- Relevant info til avdelingsleiarane
- Etablere og gjera tilgjengeleg oversikt over helsetilstanden i kommunen og dei faktorane som påverkar denne.

3. Effektmål

- Redusere helseforskjellar mellom sosiale lag, etniske grupper og kjønn.

4. Resultatmål

- Gjennom deltaking i helsefremmande program skal personar motiverast til å ta ansvar for eiga helse
- Synleggjere helseperspektivet i alle sektorar
- Utvikle regionsansvar for Hallingdal.

Miljøretta helsevern

1. Overordna mål

- Godt miljø som fremmar god helse i befolkninga

2. Dei viktigaste tiltaka for å nå målet

- Tilsyn med verksemder og eigedomar som kan ha verknad på helsa
- Deltaking i kommunalt planarbeid
- Kartlegging av dei ulike miljøfaktorane som kan ha innverknad på helsa.

3. Effektmål

- Jamleg tilsyn for tidleg å avdekke feil og manglar, så miljøet vert tryggare
- Auka og tidleg deltaking i kommunalt planarbeid for å sikre omsynet til folkehelsa samt førebyggje moglege konflikhtar og helseskadar
- Betre kartlegging av helse/miljøfaktorar og folkehelseutfordringane i dei ulike kommunane så ein får eit betre grunnlag for dei kommunale planane (jf. planstrategi).

4. Resultatmål

- Lage gode tilsynsrutinar, så ein får betre oversikt over aktuelle verksemder/eigedomar som kan ha innverknad på helsa, og dermed kunne førebygge sjukdom, skadar og helseplager meir effektivt
- Lage rutinar for at MHVH får auka deltaking i kommunale planprosessar i alle Hallingdalskommunane
- Prosjekt for å få betre og meir samla oversikt over helse-/miljøfaktorar og kartleggje dei folkehelseutfordringane kommunane står overfor. Danne grunnlag for planstrategiar, strategi for folkehelse i planarbeid og meir målretta fokus på førebyggjande og helsefremmande tiltak i kommunane.

5. Tiltak

- Auke stilling ved MHVH med 60 % (totalt 160 %) og dermed etablere eit lite fagmiljø for miljøretta helsevern i Hallingdal
- Starte prosjekt på kartlegging av helse-/miljøfaktorane og folkehelseutfordringar i alle kommunar i Hallingdal
- Etablere tverrfaglege saksforum i dei kommunane som ikkje har dette
- Fordele ansvarsområde og ha moglegheit til å sette seg meir inn i fagfelta
- Føre tilsyn med skular og barnehagar kvart 3.år, basseng kvart 2.år, boblebad kvart år, solarium kvart 2.år, campingplassar og frisør-/hudpleie-/tatoveringsverksemder ved behov
- Sørge for at MHVH får gje tidleg uttale i plansaker og delta meir aktivt i planmøte/tverrfaglege møte. Meir fokus på støy i plansamheng
- Halde seg oppdatert innan fagfelta til miljøretta helsevern, særleg innan inneklima, støy, radon, sosiale miljøfaktorar og folkehelsearbeid i kommunane
- Oppdatere nettsida jamleg, og gjere denne meir kjend.

PRI: 3	8311 2331	Miljøretta helsevern 60 % st.(Gols del)	57			
--------	-----------	---	----	--	--	--

Fysio- og ergoterapitenesta

1. Overordna mål

- God funksjons- og meistringsevne for menneske med muskel-/skjelettlidingar og funksjonshemmingar.

2. Dei viktigaste tiltaka for å nå målet

- Oppfølging av barn med funksjonsvanskar og tverrfagleg samarbeid rundt barnet og familien
- Behandling og opptrening etter akutte skadar og operasjonar
- Behandling og sekundærførebygging av belastningsslidingar
- Oppfølging av personar med samansette funksjonsvanskar
- Bustadtilpassing og tilrettelegging med hjelpemiddel.
- Koordinering mellom fysio- og ergoterapitenesta og andre tenester.

3. Effektmål

- God funksjonsevne for barn med funksjonshemming
- Rask gjenvinning av funksjonsevne ved muskel-/skjelettlidingar. Kort sjukemeldingsperiode er gunstig for den enkelte og for samfunnet
- God funksjonsevne for menneske med langvarige, samansette funksjonsvanskar. Effektiv re-/habilitering for eit sjølvstendig liv med minst moglege behov for andre tenester
- Reduserte konsekvensar av kroniske sjukdommar og varige funksjonshemmingar gjennom sekundærførebyggjande tiltak
- Godt liv i eigen bustad så lenge som råd, med nødvendig tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel
- Heilskapleg tenestetilbod for personar med samansette funksjonsvanskar.

4. Resultatmål

- Alle barn med spesielle behov skal få tilfredsstillende oppfølging
- Mindre enn 4 dagar ventetid på fysioterapi ved akutte tilstandar, etter skadar og operasjonar
- Mindre enn 3 veker ventetid ved andre tilstandar
- Tilrettelegging i heimen og formidling av hjelpemiddel skal gjennomførast utan lang ventetid
- Minst 20 personar skal få tilbod om å delta i fallførebyggjande trening kvart år

5. Tiltak

- Auka ressursar til fysioterapi; 100 % stilling i samarbeid med Friskliv
- Auka ressursar til ergoterapeut; 50 % stilling
- Fallførebyggjande trening i grupper
- Treningsgruppe for hofte- og kne-pasientar
- Systematisk tilrettelegging for personar med demens (for å bevare funksjonsnivå og ha eit trygt og sjølvstendig liv)
- Treningsgruppe lågintensitet i samarbeid med Friskliv
- Auka fokus på tilrettelegging for personar med demens
- Kurs og fagleg oppdatering (rehabilitering av kreftpasientar og andre aktuelle tema)
- Arbeide for felles lokale for heile fysioterapitenesta i kommunen. Dette vil bidra til kvalitetssikring og god utnytting av faglege ressursar på lang sikt.

PRI: 1	3221.2413 3210.2415	Kommunefysioterapeut/Friskliv 100 % st	510			
PRI: 1	3221.2413	Fastlønstilskot fysioterapeut 100 % st.	-150	-150	-150	-150
PRI: 7	3221.2413	Ergoterapeut 50 % stilling		255		

Helsestasjonen og skulehelsetenesta

1. Overordna mål

- Helsefremmande oppvekst og livsstil.

2. Dei viktigaste tiltaka for å nå målet

- Tenester blir ytt i samsvar med nasjonale retningslinjer
- Fokus på familiar med mindre ressursar og familiar der barn har spesielle behov
- Fokus på samarbeid med andre tenester for å gi eit heilskapleg tilbod til dei som treng det
- Fokus på overvekt hos barn og unge
- Fokus på mental helse hos barn og unge, samt barn som pårørande til psykisk sjuke
- Fokus på foreldrerettleiing.

3. Effektmål

- Familiar som har samansette behov, opplever eit heilskapleg og godt tilbod
- Færre barn med overvekt og fleire barn i dagleg fysisk aktivitet
- Barn og unge har bevissthet omkring eiga mentale helse
- Barn som er pårørande til psykisk sjuke foreldre, opplever god oppfølging
- Fleire vaksne opplever seg trygge i rolla sin som foreldre og omsorgspersonar.

4. Resultatmål

- Tilsette på helsestasjonen skal kjenne til rutinar for samarbeid med andre instansar og bruke desse aktivt, samt iverksetting av IP for brukarane som har krav på dette
- Barn/familiar med ulike behov skal oppleve kontinuitet frå helsestasjonstenesta, og det skal rekvirerast andre fagpersonar der det er behov for det, så raskt som mogeleg
- Igangsetting av prosjekt i forhold til barn med overvekt
- Barn og unge som slit psykisk, skal ha tilbod om samtalar og oppfølging med maks 1 veker ventetid
- Tilsette skal bruke verktøy som EPDS og ICDP etter opplæring i dette.

5. Tiltak:

- Auke bemanning med 50 % stilling til 100 % psykiatrisk sjukepleiar
- Auke bemanning med 100 % stilling som helsesøster
- Tilsette på helsestasjonen gir tett oppfølging til familiar med behov for dette
- Fokus på bruk av ansvarsgruppe og IP som samarbeidsverktøy
- Prosjekt i forhold til barn med overvekt i samarbeid med Friskliv, fysioterapi og skule

- Barn og unge som slit psykisk skal få tilbud om individuell oppfølging med samtalar
- Gjennomføring av Sesam, MOT og VIP i skulane
- EPDS (kartleggingsverktøy for avdekking av barseldepresjonar) skal brukast når opplæring er fullført, i samarbeid med Psykisk helse i Gol kommune samt med Psykiatrisk poliklinikk ved HSS og helsestasjonstenesta/jordmortenesta i alle kommunane i Hallingdal
- Helsestasjonen skal drive nettverksskapande arbeid med fokus på småbarnsfamiliar
- Arrangere ettertreff ca. kvar 3. mnd, og tematreff x 1 per mnd for småbarnsforeldre
- ICDP (samtaleverktøy for foreldrerettleiing) skal brukast når opplæring er fullført for å styrke foreldra i sin rolle
- Heile tenesta skal ha fokus på tvangsgifte og kjønnslemlesting.

PRI: 2	3211.2322	Psykiatrisk sjukepleier frå 50 til 100 %	255			
PRI: 5	3211.2322	Helsesøster 100 % stilling	510			

Helsestasjon for ungdom

1. Overordna mål

- Ungdom som tek vare på eiga helse.

2. Dei viktigaste tiltak for å nå målet

- Open helsestasjon utan timebestilling for all ungdom i alderen 13 – 24
- Tilgjengeleg informasjon om tenesta på skular, på nett og der ungdom ferdast.

3. Effektmål

- Lågterskeltilbod
- Kunnskap om ungdommens helse og livstil
- Samarbeid med skulehelseteneste, psykisk helseteneste og skular
- Opningstid etter skuletid (14.30 – 16.30).

4. Resultatmål

- Ungdomen får den tenesta dei treng og har krav på
- Fagleg oppdatering med teori og samtaleteknikkar
- Dei som treng å bli fanga opp, blir vist til rett instans
- Tilbod til fleirkulturell ungdom i den problematikken dei har.

5. Tiltak

- Samarbeid mellom skulehelsetenesta og HFU om førebyggjande arbeid om kjønnslemlesting og tvangsgifte
- Samarbeid med skulehelsetenesta og psykisk helse om haldningsskapande livsstil hjå ungdom, (bl.a. rus, seksuell helse)
- Temadagar om haldningsskapande livsstil, rus og seksuell helse for elevar i vidaregåande skule og da særleg russen
- Seksualundervisning i 10. klasse og invitasjon til helsestasjonen (Bli kjent)
- Kurs og fagleg oppdatering av personell
- Opne opp tilbod for ungdom frå 20 -24
- Oppdatering av heimeside og viktige informative lenker.

Jordmortenesta

1. Overordna mål

- Friske mødrer og barn og fødande som får den tenesta dei har krav på når dei treng den

2. Dei viktigaste tiltaka for å nå målet

- Tilbod om svangerskapskontroll til alle gravide i samsvar med gjeldande lover, reglar og statlege rettleiarar
- Tilbod om døgn kontinuerleg beredskapsteneste for gravide og fødande
- Tilbod om oppfølging i barsel og ammerettleiing når den trengs (inkludert i beredskapen).

3. Effektmål

- Individtilpassa svangerskapskontroll
- Føreseieleg, kjent og tilgjengeleg følgjeteneste
- Lett tilgjengeleg barselstilbod og ammehjelp.

Kommunane i Hallingdal har oppretta god og kvalitetsriktig beredskapsteneste for sine gravide, fødande og barselkvinner med interkommunale avtaler og bakvakt-teneste mellom øvre og nedre Hallingdal jordmorvakt-distrikt.

4. Resultatmål

- Kommunen beheld beredskapstenesta på dagens nivå
- Sikre heilskapleg interkommunal beredskapsteneste i samarbeid med Vestre Viken helseføretak. Beredskapsteneste som ivareteke gravide, fødande og barselkvinner
- Fagleg oppdaterte jordmødrer i tenesta
- Nok jordmorstillingar til å dekkje 4 -delt turus og fagutvikling av jordmortenesta
- Førebygging av livsstilssjukdommar
- Foreldrerettleiing. Styrke tryggleiken til forelderrollen.

5. Tiltak

- Auke 20 % jordmorstilling til 50 %
- Avklaring av organisering av beredskapsteneste og følgjetenesta i samarbeid med Vestre Viken og kommunane i Hallingdal
- Regelmessig hospitering ved fødeavdeling for jordmødrene i tenesta og knytte fagutvikling av tenesta tettare opp mot fødeavdelingane ved Vestre Viken
- Styrke jordmorfagmiljøet i Hallingdal, Fagmøte 6 x i året
- Trening av akuttberedskap i fødselsomsorga
- Kurs og fagleg oppdatering. I år med hovudvekt på rus, psykisk helse og overvekt i svangerskapet
- Kurs (Temadager) for kommande foreldre. Interkommunalt samarbeid
- Informasjon om jordmortenesta (brosjyre og oppdatert heimeside)
- Samarbeidsmøte med fastlegane
- Oppdatere prosedyrar i svangerskapsomsorga og beredskapstenesta.

PRI: 10	3234 24	Jordmor frå 20 til 50 %			160	
---------	---------	-------------------------	--	--	-----	--

Friskliv

1. Overordna mål

- Ei befolkning med gode levevanar som tek helsemessige gode val.

2. Dei viktigaste tiltaka for å nå målet

- Utvikle og leggje til rette innanfor levevaneområde som fysisk aktivitet, kosthald, alkohol og røykeslutt
- Vidareutvikle helsefremmande program innan Aktiv bedrift
- Fleire barn i dagleg fysisk aktivitet
- Fokus på overvekt hos barn og unge
- Utvikle frisklivsreseptordninga.

3. Effektmål

- Auka motivasjon til å vera i aktivitet og få sunne vanar
- Færre barn med overvekt og fleire barn i dagleg fysisk aktivitet
- Samhandling med ulike sektorar og nivå som primærhelsetenesta, spesialhelsetenesta, kommunal sektor, frivillige organisasjonar og private aktørar

4. Resultatmål

- Igangsetting av prosjekt i forhold til barn med overvekt
- Igangsetting av utdanning av aktivitetskontaktar
- Alkohol er med som tema i helsesamtalen

5. Tiltak

- Ulike aktivitetar og kurs

- Ungdomsgruppe
- Utvide gruppetilbodet
- Brukarmedverknad
- Utdanne Aktivitetskontaktar.

PRI: 1	3221.2413					
	3210.2415	Kommunefysioterapeut/Friskliv 100 % st.	510			
PRI: 1	3221.2413	Fastlønstilskot fysioterapeut 100 % stilling	-150	-150	-150	-150

Psykisk helse

1. Overordna mål

- Gode liv i eit inkluderande samfunn.

2. Dei viktigaste tiltaka for å nå målet

- Tenestene i psykisk helse skal vera eit lågterskeltilbod. Det blir ikkje kravd rekvisisjon, det er kort ventetid, og det er ikkje inntaksstopp
- Kliniske samtaler og eller miljøarbeid
- Rusomsorg.

3. Effektmål

- Tenesta er lågterskel med kort ventetid og ingen tiltakstopp
- Gjennomtrekk av brukarar (brukar opplever betring og behovet opphøyrer)
- Tydelegare og tidsavgrensa vedtak.

4. Resultatmål

- Auka stillingsprosent innan klinisk arbeid for vaksne og barn
- Rutinar
- Sikre personalets faglege kompetanse og oppdateringar i tråd med utvikling
- Driftsmidlar til aktivitet i rusomsorgen.

5. Tiltak

- Utarbeide rutinar og prosedyrar
- Lage kompetanseplan og opplæringsplan
- Auke stillingsprosent innan klinisk arbeid for barn og vaksne
- Auke miljøterapeutstilling innan rusomsorg
- Sikre miljøarbeidarstilling innan rusomsorg
- Sikre handlingsrom for tiltak innan rusomsorg
- Aktivisere uføretrygda med praktisk bistand.

PRI: 9	3212.2415	Miljøarbeider 1 x 100 % stilling	415			
PRI: 6	3212.2415	Miljøarb. 1x100 % st. rusomsorg e. prosjektper.		415		
PRI: 11	3212.2415	Gjennopprette st.for ruskons. frå 50 til 100 %		255		
PRI: 12	3212.2415	Nye behov for driftsmidlar til rusomsorgen	100			

Legetenesta og legevakt

1. Overordna mål

- Ei befolkning som tek vare på eiga helse, førebyggjer sjukdom og skadar og er trygge på å få hjelp når det er nødvendig.

2. Dei tre viktigaste tiltaka for å nå målet

- Diagnostisering i akutte tilfelle
- Diagnostisering i samband med utgreiing
- Diagnostisering i samband med oppfølging av kroniske lidingar.

3. Effektmål

- Diagnostisering
- Behandling
- Fokus på førebygging i pasientkonsultasjonar.

4. Resultatmål

- Sikre diagnostisering og behandling i samsvar med allment aksepterte faglege normer
- Sikre kontinuitet i tilhøvet mellom lege/medarbeidar og pasient
- Rask og målretta tildvising til andre fagpersonar og instansar når dette er nødvendig.

5. Tiltak

- Færre avvik og nestenuhell
- Alle legar skal vera spesialistar innan allmennmedisin
- Stabile relasjonar og adekvat oppfølging. Legar må tileigne seg tilstrekkelege kunnskapar om skadar, sjukdommar og førebyggjande helse slik at dei blir i stand til å behandle og rettleie desse pasientane på best mogeleg måte.
- Samhandling mellom tenestene fungerer godt kommunalt, interkommunalt og med spesialisthelsetenesta
- Kunnskap om kva slags og kvar tilboda er
- Kommunikasjonssystem Nødnett og Helsenett er til ei kvar tid oppgradert frå kommunen si side
- Delta på dialogmøte
- Koma med innspel til betringar etter evaluering.

PRI: 8	3220.2411	Fagstilling legekantor 100 % stilling			415	
PRI: 4	3220.2411	Sjukepleiar legekantor 20 % st diabetesomsorg		100		

Mål for legevakta

- Stabil legedekning
- Gode arbeidsforhold som gir trygge arbeidstilhøve
- Skriftleg avtale mellom Gol og Hemsedal legevaktdistrikt
- Medhjelpar tilstades under kveldsvakt kl. 15.30-23.00
- Leasingbil til uttrykking på dagtid og til køyring til nattlegevakt.

Økonomiplan 2012 - 2015

INVESTERINGAR - Helseavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
3220.2411	NØDNETT	100			
3220.2411	Framkallermaskin. Legekantor utskifting	200			
3220.2411	IT-utstyr. Legekantor utskifting			120	
3220.2411	Helsenett	100			
3221.2413	Tredemølle		60		
3221.2413	Behandlingsbenk ekstra breidde			44	
3220.2411	Leasingbil legekantor	72			

DRIFT - Helseavdelinga sitt framlegg:

Prioritet	Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
1	3221.2413	Kommunefysioterapeut/Friskliv 100 % st.	510			
1	3221.2413	Fastlønstilskot fysioterapeut 100 % stilling	-150			
2	3211.2322	Psykiatrisk sjukepleier frå 50 til 100 % st.	255			
3	8311 2331	Miljøretta helsevern 60 % stilling	57			
4	3220.2411	Sjukepleiar legekantor 20 % st diabetesoms.		100		
5	3211.2322	Helsesøster 100 % stilling	510			
6	3212.2415	Miljøarb.1x100 % st. rusomsorg e. prosj.periode		415		
7	3221.2413	Ergoterapeut 50 % stilling		255		
8	3220.2411	Fagstilling legekantor 100 % stilling			415	
9	3212.2415	Miljøarbeider 1 x 100 % stilling	415			
10	3234 24	Jordmor frå 20 til 50 %			160	
11	3212.2415	Gjenopprette still. for ruskons. frå 50 til 100 %		255		
12	3212.2415	Nye behov for driftsmidlar til rusomsorga	100			

Mål 2012 - 2015

Mål nedfelt i Kulturplan 2010 – 2013, vedtatt i sak K -67/09:

Bibliotek

- Biblioteket skal vidareutviklast som lærings- og informasjonsarena
- Biblioteket skal styrkast som møteplass og kulturarena
- Tilbodet av digitale formidlingstenester skal aukast
- Det regionale biblioteknettverket skal styrkast og utviklast.

Kulturvern

- Gol kommune skal profilere seg og bygge sin identitet på synlegging av kulturminne og lokalhistorie og skal bidra til å spreie kunnskap om kulturarven vår
- Gol kommune skal bygge opp under det frivillige kulturvernarbeidet
- Gol kommune vil inngå i forpliktande samarbeid med andre kommunar der dette kan styrke og auke kvaliteten på kulturvernarbeidet.

Kulturformidling

- Kultur skal brukast aktivt i sentrumsutviklinga og som omdømmebyggjar for Gol
- Gol kommune skal bygge opp ein moderne kulturarena på Hallingmo som kan stimulere til kulturell eigenaktivitet og gi tilbod til alle om kulturopplevingar i form av utstillingar, konsertar, teater, dans, kino og litteratur.

Kulturskule

- Kulturskulen skal vera eit kulturpedagogisk ressurscenter i kommunen og skal støtte, hjelpe og samarbeide med andre aktørar som barnehage, skule, det frivillige kulturlivet, næringslivet og andre aktørar
- Kulturskulen skal leggje til rette for eit godt kunstmiljø og stimulere kunstnarar til å etablere seg i kommunen
- Kulturskulen skal stimulere og utvikle barn og unges kreativitet gjennom eit undervisningstilbod som omfattar eit mangfald av kulturelle uttrykk
- Kulturskulen bør arbeide for å etablere eit skulekorps.

Barn og ungdom

- Barn og ungdom i Gol skal ha eit variert fritidstilbod prega av gode møteplassar, rusfrie arenaer og meningsfulle aktivitetar
- Barn og ungdom skal få ansvar og delta i demokratiske prosessar
- Det skal utviklast aktivitetsanlegg som er tilpassa barn og ungdoms behov for spennande utfordringar og uorganisert fysisk aktivitet.

Lag og organisasjonar

- Kommunen skal leggje til rette for og stimulere til eit rikt og mangfaldig organisasjonsliv ved hjelp av økonomiske tilskot, rettleiing og informasjon
- Frivillige organisasjonar og kommunen skal samarbeide om eit allsidig kulturtilbod som er ope for alle.

Idrett og friluftsliv

- Barn og unge skal ha tilbod om deltaking i idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i skular, SFO, barnehagar og på fritida i nærmiljøet sitt
- Samarbeidet mellom kommune og idrettslaga må vidareutviklast, både gjennom samarbeid om prosjekt og gjennom drifting av idrettsanlegg.

Informasjon

- Gol kommune skal framstå som ein brukarorientert kommune med godt tilgjenge og god informasjon om kommunale tenester i fyrstelina
- Dei kommunale nettsidene skal utviklast som eit ledd i å realisere "døgnopen forvaltning" for å gi innbyggjarane betre innsyn i behandlinga av sine saker.

Økonomiplan 2012 - 2015

Bibliotek, kulturskule, ungdomsklubb, kultursal og idrett inngår i Hallingmoprojektet og er berande element for å realisere visjonen om projektet som eit samfunnsbyggjande projekt og for utvikling av Hallingmo som ein sambruksarena mellom skule, kultur og idrett. Kommunestyret har vedtatt å starte arbeidet med områderegulering for Hallingmo og å starte opp eit skisseprosjekt for ny skule i Gol i Hallingmoområdet. Det er derfor lite sannsynleg at andre delprosjekt i Hallingmoprojektet vil bli igangsett i planperioden, og ein må rekne med at det vil gå fleire år før dei kan bli realiserte.

Trass dette er nytt bibliotek lagt inn som investeringstiltak og auka bibliotekarressurs som nytt driftstiltak i 2015 for å synleggjera at dersom biblioteket også skal vera skulebibliotek for den nye storskulen er det absolutt nødvendig med utviding av kapasiteten både arealmessig og bemanningsmessig.

I påvente av at Hallingmoprojektet blir realisert, må det til ei viss oppgradering av dagens bygg og anlegg. Det gjeld biblioteket med utskifting av slitt inventar og nytt golvbelegg, det gjeld kulturskulen der det er store behov for oppgradering av eksisterande undervisningsrom samt meir areal til undervisning og arrangement, det gjeld aktivitetsområde i tilknytning til ungdomsklubben, og det gjeld nytt dekke på fotball- og friidrettsbanen.

Det er eit stort behov for ein kulturarena for kino, lokale arrangement og som også kan fungere som storsal for den nye skulen. I tillegg vil skulekorpset ha bruk for ein øvings- og framføringssal, og dette må det tilretteleggjast for enten på kulturskulen eller gjennom ein kultursal på Hallingmo.

▪ Politiske vedtak som vedrører økonomiplanarbeidet:

- Sak K 97/08 Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2009-2012
- Sak K 67/09 Kulturplan for Gol kommune 2010 – 2013
- Sak K 14/11 Hallingmo kunstgrasbane. Nytt banedekke
- Sak K 60/10 Årsbudsjett 2011, Handl.program og økonomiplan 2011-2014

INVESTERING - Kultur- og informasjonsavdelinga sitt framlegg:

Budsj.kap.	NYE tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
3510	Gol bibliotek – utbygging				40 000
3510	Gol bibliotek - skifte/oppgradering av nedslitt inventar		100		
3510	Gol bibliotek – skifte av golvbelegg	230			
3531	Hallingmo idrettspark – rehabilitering av fotballbane og løpebane.	3 300			2 100
	Prosjektet utløyser tilskot frå spelemidlane	-1 000			-700
3541	Ungdomsklubb – oppgradering av uteområdet med paviljong og sandvolleyballbane		100	100	
3560	Sceneelement	45	45		
3580	Gol kulturskule – renovering av undervisningsrom og toalett	150	150		
3580	Gol kulturskule – utvida undervisningsareal og konsertlokale	Ikkje kostnadsrekna			
3580	Gol kulturskule –spesialutstyr til dans/teater/musikk/visuell kunst/matkultur og musikkstudio	60	60		
3580	Gol kulturskule - tilhenger og utstyr til turneverksemd	90			

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2012 - 2015

Det ligg ikkje inne investeringar for Kultur- og informasjonsavdelinga i gjeldande økonomiplan.

- Gol bibliotek - utbygging
Biblioteket vart utvida i 1987. Sidan då har boksamlinga auka, og bruksbehovet er endra med nye

media, internett, andre arbeidsmetodar i skulen m.m. Styrking av biblioteket som møteplass og kulturarena og utvikling av biblioteket som lærings- og informasjonsarena, vil krevje større og meir moderne lokale. Nytt bibliotek vil vera ein sentral del av Hallingmoprojektet og er ein føresetnad dersom biblioteket også skal fungere som skulebibliotek for ny skule på Hallingmo.

- Gol bibliotek - skifte/oppgradering av inventar og golvbelegg
Inventaret er over 20 år gammalt, nedslitt og blir gradvis øydelagt. I påvente av Hallingmoprojektet er det nødvendig å skifte ut stolar, bord, etc. for publikum. Tepegolv fører til dårleg inn klima og virkar inn på arbeidsmiljøet for dei tilsette og på publikum.

Hallingmo idrettspark – rehabilitering av fotballbane og løpebane

Skifte av kunstgrasdekket på fotballbanen blei i sak K 14/11 vedtatt utsett til budsjett-/økonomiplanbehandlingen, jf. saksutgreiinga. Dekket på løpebanen i Hallingmo idrettspark er svært nedslitt. Nytt dekke kan sprøytast oppå det eksisterande.

- Klubb 1 – oppgradering av uteområdet
Ny ungdomsklubb inngår i Hallingmoprojektet. Det vil truleg gå fleire år før dette delprosjektet blir realisert, og i mellomtida er det behov for å tilrettelegge uteområdet ved eksisterande ungdomsklubb for uteaktivitetar.
- Innkjøp av sceneelement
Det er behov for sceneelement til store og små arrangement og førestillingar. Sceneelementa kan brukast til kommunale arrangement og kan leigast ut til lag og foreningar og til andre gode kulturføremål rundt om i kommunen.
- Gol kulturskule – renovering og oppgradering av rom
Det er behov for renovering og tilrettelegging av dagens undervisningslokale i form av betre belysning, betre lydisolasjon, fleire undervisningsrom, renovering av lager, toalett og garderobeplass. HAVA Bedriftshelseteneste har vurdert belysninga i kulturskulen og konkluderer med at den må oppgraderast. Dårlige toalettforhold er påpeikt i vernerundar. Kulturskulen har stort behov for eigna lokale til større forestillingar, og dersom ventetida blir lang på nye lokale på Hallingmo, må ein vurdere å få til ein sal til konsertar, teater med meir på Glitrehaug.
- Gol kulturskule – innkjøp av spesialutstyr
Det er og behov for innkjøp av spesialutstyr til nye tilbod innan dans/teater/musikk og visuell kunst. Eit planlagt satsingsområde er matkultur, som også krev spesialutstyr.
- Gol kulturskule – tilhenger og turneutstyr
Kulturskulen gjer turnear til skular og barnehagar både i og utanfor kommunen, og fraktar ofte stort og tungt utstyr til og frå. Lærarane brukar sine private bilar til dette, men det medfører stor slitasje og etter kvart er det fleire som vegrar seg for å bruke eigne bilar. Det er derfor behov for ein tilhengar som kan brukast ved slike høve.

DRIFT - Kultur- og informasjonsavdelinga sitt framlegg:

Budsj.kap.	NYE tiltak og endringar	2012	2013	2014	2015
3510	Gol bibliotek - auke bemanninga med 100%	207	207	620	620
3520	Kulturminneplan (Fylkeskommunen gir tilskot til arbeidet med inntil 50%)	200	150		
3521	Hallingdal museum - auke driftstilskotet	15	15	20	20
3531	Idrettsanlegg - auke investeringstilskotet. Jf. K-sak 97/08	90	110	140	140
3560	Hallingdal teaterverkstad – auke driftstilskotet	26	26	26	26
3560	Oppsetjing av konsert/dans/teater		100	100	
3560	Barnas Verdensdager	80	80	80	80
3580	Gol kulturskule – auke pedagogisk ressurs	250	250	405	620
3580	Skulekorps jf. F-sak 55/10 og K-sak 60/10	195	223		

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2012 - 2015

- Gol bibliotek - auke bemanninga
I 1992 blei 33 % stilling i biblioteket stilt vakant. I 2010 blei 20 % stilling stilt vakant. Som eit minimum må desse stillingane gjenopprettast for mellom anna. å følgje opp samarbeidsavtala med grunnskulane, ha kontinuerleg fokus på språkutvikling og samarbeide om andre tiltak med skular, barnehagar, helsestasjon og andre. Dersom Gol bibliotek også skal vere skulebibliotek for den nye grunnskulen i Gol, vil det vera behov for ytterlegare 100 % bibliotekarstilling.
- Kulturminneplan
For å få oversikt over kulturminne og -miljø i Gol og lage eit grunnlagsdokument for planlegging/utbygging, skilting, tilrettelegging, formidling med meir, bør kommunedelplan for kulturminne utarbeidast. Ein må pårekne utgifter til registreringsarbeid.
- Hallingdal museum – auka driftstilskot
Gol kommune har inngått avtale med Hallingdal museum om drift og administrasjon av Gol bygdemuseum. Kommunen må bidra til gode økonomiske rammevilkår for Hallingdal museum gjennom å auke driftstilskotet.
- Idrettsanlegg - auka investeringstilskot
Kommunale midlar avsett til tilskot til anleggsprosjekt i regi av lag og organisasjonar er svært låge og utgjer berre ein liten del av dei totale utbyggingskostnadene. I "Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet" inngår det i handlingsplanen for fysisk aktivitet å auke dette tilskotet.
- Hallingdal teaterverkstad (HTV) - auka driftstilskot
Samla tilskot frå kommunane til HTV er i dag 132 000 kroner, og tilskotet har vore uendra dei siste 15 åra. Med utgangspunkt i den generelle løns- og prisauken og teaterverkstaden sitt behov for auka inntekter, søkte HTV i 2010 om at samla bidrag blei justert til 210 000 kroner. Som vertskommune dekkjer Gol kommune 1/3 av tilskotet, som i tilfelle må aukast frå 44 000 kroner til 70 000 kroner.
- Oppsetjing av konsert/dans/teater
Kulturskulen i samarbeid med det frivillige kulturlivet ønskjer å satse på ei stor oppsetjing á la "Oliver" helst kvart 4. år. For å gjennomføre eit slikt prosjekt må kommunen v/kulturavdelinga gå inn på finansieringssida og vere økonomisk garantist.
- Barnas Verdensdager
Gol er utpeikt av Rikskonsertane som ein av 13 kommunar til å vere arrangør av Barnas Verdensdager. Her skal publikum møte eit program med kulturuttrykk frå mange verdshjørne, gjennom workshops, konsertar, utstillingar og forestillingar. Arrangementet er eit samarbeid med Rikskonsertane, men skal forankrast lokalt – både økonomisk, administrativt og praktisk.
- Gol kulturskule – auke av pedagogiske ressursar
Det er behov for å utvide undervisningsressursane til lydstudio, samspelprosjekt, utøvande verksemd og til andre nye tilbod som musikkteknologi, matkultur, samspel, digital design og bandtrening. Kulturskulen har og behov for å utvide pedagogisk ressurs for å unngå ventelistene innan m.a. gitar og song. Når skulekorpsprosjektet er avslutta våren 2014, og skulekorps blir eit permanent tilbod i kulturskulen, må det avsetjast midlar til dirigent- og lærarressursar.

